



MØTEINNKALLING

Utval: Eldrerådet

Møtedato: 15.12.2014

Møtetid: 10:00 -

Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikke møta utan nærmere innkalling.

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarest råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

I tillegg til sakene på saklista skal eldrerådet evaluera eldredagen 2014.

leiar av utval

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
007/14	14/968	Faste saker	
008/14	13/161	Framtidig bibliotek i Samnanger	
009/14	14/398	Budsjett 2015 og økonomiplan 2015 - 2018 - uttale frå eldrerådet	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 14/968	Lopenr: 14/7432
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Eldrerådet	15.12.2014	007/14	HEF

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:			
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter 			

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Arkivsak	Dok.dato	Dok.type	Avs./mott.	Tittel/innhold
12/703	04.12.2014	X		Status for den kulturelle spaserstokken

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FA-C61
Arkivsaksnr: 13/161	Løpenr: 14/6701
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	19.11.2014	060/14	HLV
Eldrerådet	15.12.2014	008/14	HLV

FRAMTIDIG BIBLIOTEK I SAMNANGER REHABILITERING AV EKSITERANDE ELLER NYTT BIBLIOTEK PÅ BJØRKHEIM

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak frå rådmannen.

19.11.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet drøfta saka. Formannskapet er positiv til at kommunen kjøper seg inn i prosjektet til Bjørkheim senter for å etablere eit bibliotek. Formannskapet er imidlertid uroleg for kommunen sin økonomi. Før det vert teke endeleg stilling i saka, vert rådmannen bedt om å laga ei tilleggsutgreiing om kva konsekvensar dette tiltaket evt. vil få for andre prosjekt.

FORM-060/14 VEDTAK:

Samnanger kommune ser positivt på tilbodet frå Bjørkheim senter som kan gjera det mogleg å få til bibliotek på Bjørkheim. Det vil evt. berre vera aktuelt for kommunen å kjøpa seg inn i senteret. Samnanger kommune ynskjer å gje tilbydar ei tilbakemelding innan utgangen av 2014. Kommunen har ein stram økonomi, og før det vert teke stilling i saka vert rådmannen bedt om å legga fram oversikt over kva konsekvensar bygging av bibliotek vil få for kommunen sin totaløkonomi.

Dokument som er vedlagt:

Dokument som ikkje er vedlagt:

Kva saka gjeld: Eksisterande bibliotek sine lokale er ikkje i samsvar med biblioteklova, det er lite funksjonelt for dagens og framtidas aktivitetar og det er lite tilgjengeleg både for publikum generelt og særleg for personar med nedsett funksjonsevne. Administrasjonen har fått i oppdrag av utval for oppvekst og omsorg å vurdera kostnaden for å få eit funksjonelt bibliotek i samsvar med lov, nasjonale retningsliner og satsingområde.

Bakgrunn for saka:

Oppvekst og omsorg gjorde i sak 11/14 – følgjande vedtak:

Samnanger kommune har ikkje økonomi til å inngå leigeavtale eller kjøpe areal til bibliotek på Bjørkheim og må derfor takke nei til tilbodet frå Bjørkheim senter a.s.

OO ønsker å få utrede rehabilitering av lokala i biblioteket på kommunehuset. Alternativt kostnad med å installere ny heis. Samtidig ønsker OO at rådmannen går inn i nye forhandlingar med Finn Mohn om leigeprisar i det nye bygget på Bjørkheim. Rådmannen utredar dette på kommunestyremøtet 17. desember.

Fakta:

Teknisk kontor har utarbeida eit overslag av kva rehabilitering som me må legge til grunn for å få eit framtidig moderne bibliotek i kommunehuset.

Rehabilitering av biblioteket i kommunehuset:

TEK 10 gjeld for all ombygging. Den gamle heissjakta kan derfor ikkje nyttast. Det må til ei utvendig heisløysing. Ventilasjonsanlegget kan ikkje rehabiliterast. Det må fjernast, og nytt ventilasjonsrom må byggast og det må monterast nytt anlegg på taket. Ei rehabilitering uavhengig av omfang set krav om TEK 10 og sjølv ved ei enkel oppussing må el-anlegg oppgraderast. Dersom biblioteket skal få større lokale, vil det krevja ei heil etasje av kommunehuset. Me vil då få for lite kontorarbeidsplassar og møterom igjen på huset. Sjølv i dag er det knapt med plass. Ei rehabilitering av ein etasje let seg ikkje gjennomføra utan å skifte alt det elektriske, brannvarslingssystem, ombygginga av toalett og kontor mm i heile huset. For å få dette til vert det derfor i realiteten ei rehabilitering og ombygging av heile kommunehuset. Teknisk kontor og drift har hatt ei grundig gjennomgang av kva løysingar som lett seg gjennomføra og sett opp følgjande kostnadsoverslag.

Tiltak – Bibliotek i kommunehuset	Kostnad i kr.	Konskvensar
Heis	3 mill	TEK 10 føreset ny utvendig heissjakt
Ventilasjon anlegg	4 mill	TEK 10 nytt anlegg, montera på taket.
Alt A. Biblioteklokale Mindre oppussing av eksisterande	1 mill	Maling, golvbelegg, el. anlegg, universelt toalett, varmepumpe.

lokale		Areal som i dag; 100 m2.
<i>Totalt alt A.(inkl.heis, ventilasjon)</i>	<i>8 mill</i>	Biblioteket ikkje samsvar med biblioteklov og nasjonale føringar.
Alt B. Biblioteklokale Utvide til 400 m2 inkl. kontor kultureininga. Føresett at ei heil etasje på kommunehuset vert ombygt og nytta.	11,5 mill	TEK 10. Fører til total ombygging og rehabilitering av komm. huset. -Brannvarslingssystem, ventilasjon, heis, elektro, varme, himling, golv, malerarbeid, toaletter, rømmingsveg, parkering.
<i>Totalt alt B.(inkl. heis, ventilasjon)</i>	<i>18,5 mill</i>	Framtidig bibliotek i samsvar med lov, heis og ombygt kommunehus med ventilasjon.

Tilbod frå Bjørkheim senter v/Mohn om biblioteklokale

Kommunen har i samtale med Finn og Grete Mohn gått igjennom teikningane til biblioteklokala og tilbodet om kjøp eller leige av biblioteklokale i 1. etg. i Bjørkheim Senter på Bjørkheim.

Bjørkheim Senter vil verta bygt som eit forbildeprosjekt med tilskot frå ENOVA. Mohn hadde ikkje krav om å bygge etter TEK 10, men dei har vald å føra opp eit bygg etter endå strengare miljøkrav for å oppnå høg energieffektivitet. Det vil vera fiber frå Kvamnett innlagt i bygget. Arkitekten har erfaring med å teikna biblioteklokale, og har m.a. teikna lokala til nytt bibliotek i Sveio. Han har også brukt rapport utarbeidd av tidlegare biblioteksjef A. Holmefjord som grunnlag for utforminga av biblioteklokale som no Samnanger kommune får tilbod om å eiga eller leiga. Lokala er derfor i samsvar med lov, framtidige behov og ønskje kome fram i gjennom kommuneplan, kulturplan og brukarundersøking.

I tilbodet frå Bjørkheim Senter er det sett føresetnad om ein leigeperiode på 20 år, med ein indeksjustering kvart år. Parkeringa i kjellaretasje er kun for leilegheitene i toppetasjen. Parkering til biblioteket må derfor skje utanfor. Det kan tilretteleggast for 10-12 p-plasser rett utanfor i gata i tråd med reguleringsplan og føresegner.

Alt. 1 – Kjøp av nye lokale til bibliotek – låneopptak frå 01.07.15. 2 års avdragsfritt.
Kostnad i kroner; 14 mill.kr – 1 mill.kr i tilskot frå HFK* - 1 mill. kr. fondsmidlar = 12 mill. kr i serielån Areal på 550 m2 – inkl. biblioteklokale, kontor kultureininga og evt andre, forsamlingsrom/møterom.

År	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Avdrag kr.	0	0	240 000	240 000	240 000	240 000
Rente kr.	132 000	264 000	317 520	345 600	451 200	441 600
Sum kr.	132 000	264 000	557 520	585 600	691 200	681 600

Kostnad i kroner; 10 mill. kr – 1 mill. kr i tilskot HFK* - 1 mill.kr. i fondsmidlar = 8 mill. kr. i serielån Areal på 300m2 – lokale som dekkar dagens boksamling						
År	2015	2016	2017	2018	2019	2020

År	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Avdrag kr.	0	0	160 000	160 000	160 000	160 000
Rente kr.	88 000	176 000	211 680	230 400	300 800	294 400
Sum kr.	88 000	176 000	371 680	390 400	460 800	454 400

7 av 151

)* Ved kjøp av lokale har dei signalisert at me kan søka om tilskot til kjøp av lokale gjennom ordninga *Tilskot til lokale kulturygg*. I høyringsutkastet til ny regional kulturplan vert det opna for det. Samla tilskot i ordninga er avgrensa til ein million kroner. Hordaland fylkeskommune har signalisert at dersom me får nye lokale kan me verta modellbibliotek for Hordaland i 2016. Då bidreg fylkesbiblioteket og med inventar og arbeidskraft til prosjektgruppe, rettleiing og aktualisering av samlinga til ein verdi av kr 100 000 mot at me stillar med tilsvarende sum.

Alt. 2 – Pris i kroner for leige av lokale til bibliotek, frå august 2016						
Vilkåret er pris i kroner for leige over 20 år til kroner 1.400 pr m2. Prisindeksregulering kvart år.						
År	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Leige av 550m2	0	320 000	770 000	770 000	770 000	770 000
Leige av 300m2	0	175 000	420 000	420 000	420 000	420 000

Leigeprisen er kr 1 400 per m2. Leigeprisen kan verta redusert ved inngåing av langtidskontrakt, noko som vil verta avklara i ei eventuell forhandling. Leige frå innflytting.

Vurderingar og konsekvensar:

I saksutgreiingar er det skissert tre alternativ. Eit fjerde alternativ er å ikkje gjera noko med biblioteket, dvs. at det ikkje stettar m.a. lov om universell utforming med tanke på tilgjenge og areal.

Dersom me skal få til eit bibliotek i kommunehuset, vert kostnaden med å få lokala i tilstrekkeleg stand svært høg, 18,5 mill. kroner. Ei av dei største merknadene til biblioteket i dag, bibliotek der folk ferdast, vert ikkje imøtekomen. Behovet for eit framtidig bibliotek vert ikkje løyst ved berre setja inn ein heis til 3 millionar. Med kommunereforma hengande over oss vil det og vera uvisst kor lenge det vil vera behov kommunehus på Tysse. Ei oppgradering av kommunehuset bør derfor ikkje verta gjennomført. Me bør heller vera open for at huset kan få andre føremål i framtida.

Dersom kommunen skal investera i eit moderne bibliotek, bør det lokaliserast der folk ferdast. Bjørkheim er, og i enda større grad vil vera, eit vesentleg senter i kommunen med tanke på publikum. I lokala til Bjørkheim Senter vil kommunen få eit moderne, energieffektivt og svært godt eigna lokale til bibliotek.

Samanliknar me kostnaden mellom eiga eller leiga ser me alt i alt at det ikkje vil løna seg å leiga. Dette skuldast primært at kommunen får låna til ein langt lågare kostnad enn private utbyggjarar. For det største lokale vil det vera rimelegare å eiga alt frå dag 1. Kostnaden med eit mindre areal er noko høgare dei første åra, men ser ein lenger fram i tid vil kommunen sine kostnader vera lågare ved å eiga enn å leiga. Kvadratmeterprisen er og lågare for største arealet. Ved å eiga vil me og investera i eit bygg som i verste fall kan seljast om kommunen har trøng for kapital.

Spørsmålet om storleiken på lokale vert eit spørsmål om kva me meiner eit bibliotek skal vera og kva andre funksjonar som evt. skal leggjast til det.

På kommunen si nabotomt til Bjørkheim Senter var det planlagt ein fleirbrukshall med m.a. bibliotek, men utan idrettsføremål. Biblioteket vart då den mest sentrale delen av hallen, men andre føremål var og tenkt lagt til denne. Endra føresetnader om masse til fylling m.m. gjer det svært lite sannsynleg å få realisert dette bygget på kort og mellomlang tid. Når idrettsføremålet ikkje lenger er aktuelt her, ser me at tilbodet om areal hjå Bjørkheim Senter langt på veg er tilstrekkeleg til at kommunen får dekka det mest presserande behovet for dei aktivitetane som var tenkt i fleirbrukshallen.

Kultureininga med både kulturskuletilbod, folkehelsekoordinator og kulturaktivitetar bør verta meir tilgjengeleg og synleg ute. Det er ein stor føremon om desse aktivitetane kan lokaliserast saman med eit nytt biblioteket. Andre aktivitetar som er naturleg å samlokalisera her er ein evt. frivilligheitsentral og lokale til andre organisasjonar innan kultur som treng ein møteplass eller ein plass å lagra arkiv/eignelutar.

I det største arealet er det og lagt inn eit møtelokale/forsamlingsrom/sal. Krav om universell tilkomst gjeld også til politiske møte m.m. i kommunestyresalen. Skal ein oppfylla lovkravet, må her inn heis. Eit alternativ vil vera å nytta biblioteket til politiske møte, rettsmøte og andre kommunale arrangement og konferansar.

Ved å investera i det største biblioteklokalen, som har forsamlingssal og kontor for kultureininga i lag med biblioteket, vil gje eit moderne og framtidsretta bibliotek – ”kulturhus”. Eit mindre areal på rundt 300 m² på Bjørkheim vil gjera biblioteket både meir tilgjengeleg, sidan det ligg der folk ferdast. Tilkomst og lokala vil vera i tråd med gjeldande lover om universell utforming og tilgang for alle og nokre mindre arrangement kan og haldast i lokala. Med tanke på å få til eit framtidsretta lokale med plass til mange type aktivitetar er dette ikkje godt nok. Ved å satsa på eit større lokale, vil kulturen få eit etterlengta løft. Uansett kva ein vel vil Samnanger ved å satsa på Bjørkheim stå vesentleg betre rusta til å få behalde folkebiblioteket ved ei kommunesamslåing.

For administrasjonen peiker berre eit alternativ seg ut, å investera i eit lokale på rundt 550 m². Leige bør ikkje vera eit alternativ. Effekten av å investera i eit mindre lokale er for liten til å forsvare årlege utgifter på vel 400.000 kroner. Dersom me ikkje klarer å finansiera denne utbygginga, må biblioteket halda fram i dagens lokale med evt. nokre mindre tilpassingar. Me må redusera bokstamma for å frigjera areal og leiga andre lokale som er universelt tilrettelagte til arrangement. Ei satsing på kulturen som ei investering vil verta, må nødvendigvis gå ut over andre gjermål. Samstundes vil me forvente ei vesentleg auke i aktiviteten i sektoren med få inn tilskot til arrangement og drift.

Mogleg finansiering

Samnanger kommune har prioritert utbygging av sjukheimen og me har teke på oss eit stort økonomisk ansvar i mange år framover. Skal me få til eit nytt biblioteklokal/”kulturhus”, må delar av finansieringa skje over kulturbudsjettet og gjennom omprioritering av midlar innanfor sektoren. Kultureininga har i dag kapasitet til å få inn tilskot frå eksterne og delfinansiere ein del av dei aktivitetane me alt har og få opp nye aktivitetar. Med dei knappe ressursane me har til investering, vil me og foreslå at 1 mill. kroner av midlane frå Sima – Samnanger til barn og unge vert nytta til investeringar. I tillegg vert det føreslått å binde årleg i td 5 år kroner 350.000 av næringsfondet.

Den kommunale tomta som m.a. kan nyttast til fleirbrukslokale ser me som mindre aktuell dersom det no vert satsa på eit stort bibliotek. Den kan seljast, og salssummen kan gå inn å finansiera delar av investeringa.

Finansieringsplan i kroner for kjøp av nytt biblioteklokal på 550m² i Bjørkheim Senter

	Investering	Drift 2017	Merknader
Total kostnad	14 000 000		
Finansiering;			
- Tilskot HFK	1 000 000		
- Bruk av Sima-Samnanger	1 000 000		
- Lån , serielån 50 år	12 000 000		
Årlege kapitalutgifter 12 mill. kr;			
- Låneavdrag årleg		240 000	

- Renter 2017		317 520	Topp i 2019 kr. 451.200
- Totalt		557 520	Topp i 2019 kr 691.200*
Årlig finansiering med driftsmidlar			
- Omgjering av kulturmidlar		100 000	
- Frigjering av midlar – hente inn tilskot		50 000	
- Bruk av næringsfondet		350 000	
Driftsbudsjettet auka belasting		57 520	Belastning i 2019 kr 191.200*
Anslag årleg driftskostnader; strøm, forsikring, reinhald, osv		100 000	
Totalt anslag auka driftskostnader		157 520	I 2019 kostnad kr 291.200*
Sal av næringstomt Bjørkheim	?		Det bør leggjast til grunn at tomta tidlegast vert seld om 5 år når ein ser utviklinga på Bjørkheim

*Sjå alt 1 og skjema for lånekostnader på 12.000 millionar kroner.



Fotomontasje - Prosjektet sett fra øst


FORESLATT BIBLIOTEK ca. 558 m²

METER
0 1 2 3 4 5 10 15

Værkheim senter
nedre plan, 19.8.2014
|||d

$$\text{L}_1 \text{pr} : 300 \text{ m}^2 = 10 \text{ mill} \quad \text{L}_1 \text{pr} : 560 \text{ m}^2 = 14 \text{ mill}$$

$$= 33.333 \text{ kr/m}^2 \quad = 25.000 \text{ kr/m}^2$$





SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Arnved Soldal Lund	Arkivkode: FA-C61
Arkivsaksnr: 13/161	Løpenr: 14/5797
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Utvalet for oppvekst og omsorg	15.10.2014	011/14	ASL

LEIGE AV LOKALE PÅ BJØRKHEIM SENTER TIL BIBLIOTEK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har ikke økonomi til å inngå leigeavtale eller kjøpe areal til bibliotek på Bjørkheim og må derfor takke nei til tilbodet fra Bjørkheim senter a.s.

15.10.2014 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Ass.rådmann orienterte om at årleg lånekostnad i saksutgreiinga skulle vera kr. 650.000.

Tilleggsframlegg frå K.Kolbotn (Frp):” OO ønskjer å få utrede rehabilitering av lokala i biblioteket på kommunehuset. Alternativt kostnadar med å installere ny heis. Samtidig ønskjer OO at rådmannen går inn i nye forhandlingar med Finn Mohn om leigeprisar i det nye bygget på Bjørkheim. Rådmannen utredar dette på kommunestyremøtet 17. desember.”

Det vart røysta punktvis.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Kolbotn (Frp) vart samrøystes vedteke.

OO-011/14 VEDTAK:

Samnanger kommune har ikke økonomi til å inngå leigeavtale eller kjøpe areal til bibliotek på Bjørkheim og må derfor takke nei til tilbodet fra Bjørkheim senter a.s.

OO ønskjer å få utrede rehabilitering av lokala i biblioteket på kommunehuset. Alternativt kostnadar med å installere ny heis. Samtidig ønskjer OO at rådmannen går inn i nye forhandlingar

med Finn Mohn om leigeprisar i det nye bygget på Bjørkheim. Rådmannen utredar dette på kommunestyremøtet 17. desember.

Dokument som er vedlagt:

Rapport nytt bibliotek.docx

Kva saka gjeld:

Samnanger kommune har fått tilbod frå Bjørkheim senter A/S om å leige, alternativt kjøpa, lokale til bibliotek på Bjørkheim. Leigeprisen er satt til kr 1 400,- per m². Ved kjøp er prisen kr 10-14 millionar, avhengig av størrelse.

I *Kulturplan for Samnanger 2009-2013* er det skildra kva me ynskjer for biblioteket i framtida:

- Realisera planane for eit nytt bibliotek
- Me ynskjer å gje innbyggjarane eit allsidig, aktuelt og kvalitativt godt tilbod av bøker og andre media.
- Fremja leseglede og leseevne, særleg mellom barn og unge
- Gje innbyggjarane tilgong til og kunnskap om nettbaserte tenester.
- Hjelpe og gje tilbod til skuleelevar, studentar og andre i ein læringsituasjon.
- Utvikla biblioteket vidare som treffstad og arena for tilskipingar og utstillingar, med særleg fokus på lokale aktivitetar.

Eit nytt bibliotek der folk ferdast er blant dei høgst prioriterte tiltaka i kulturplanen.

I *Kommuneplan for Samnanger 2007-2017* har me under *Levekår* fem delmål:

- Alle skal oppleve at dei tilhører eit sosialt og inkluderande fellesskap.
- Samnanger skal ha gode tilbod til innbyggjarane i alle livsfasar.
- Samnanger kommune set barn og unge i fokus.
- Samnanger vil satse på universell utforming slik at alle får tilgang til uteområde, parkar, vegar og bygningar på ein likestilt måte.
- Samnanger vil styrkja folkehelsa og innbyggjarane sitt mot til å ta vare på seg sjølv og kvarandre.

Lov om folkebibliotek vart endra med verknad frå 1.1.2014. I den nye formålsparagrafen heiter det:

"Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent.

Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt bibliotekssystem."

Det er krav om universell utforming for alle offentlege bygg.

Vurderingar og konsekvensar:

Samnanger folkebibliotek ligg i dag i andre underetasje på kommunehuset på Tysse og er på 110 m². Kommunehuset er ikkje universelt utforma. Det manglar heis. For å koma inn på biblioteket må ein gå ned ein etasje med trapper. Me har ei mediesamling på 18 144 media. Av desse er 15 253 bøker. Det er trøgt mellom hyllane, det er trøgt i hyllane og det er ikkje plass til arrangement. Samnanger folkebibliotek ligg i toppen i Hordaland på utlån per innbyggjar, men i botn på besök. Samnanger folkebibliotek klarer ikkje å vera den møtestaden og kulturinstitusjonen som me ynskjer å vera.

Dersom me skal oppfylla formålsparagrafen i biblioteklova med meir formidling og debatt, må me trekka det ut av biblioteklokala og inn i andre lokale kulturygg. Det er mogeleg innanfor dei ressursar me har i dag, men det vil føra til kortare opningstid på biblioteket fordi biblioteksjefen må vera borte frå lokala.

I rapporten *"Korleis skal eit nytt og framtidsretta bibliotek i Samnanger kommune vera?"* vert det skildra eit framtidsretta bibliotek på 547 m². Dette biblioteket er idealet. Det er ikkje utarbeida ein standard på kor stort eit bibliotek skal vera, men BS Eurobib reknar 65-70 bøker per m² inkludert trafikkareal, skrankeområde og sitteplassar, men ikkje magasin, studieplassar og areal for utstilling/formidling. Med den utrekninga bør biblioteket vera 260-280 m² pluss areal til magasin, studieplassar og utstilling/formidlingsareal. Med den samlinga me har i dag, så bør eit nytt bibliotek ikkje vera mindre enn 350 m². Då tek me ikkje høgd for at samlinga veks.

Stortingsmelding nr. 23 *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid.* skildrar korleis eit moderne bibliotek bør vera. Biblioteket som bygning eller fysisk rom er vesentleg for oppfatninga av kva eit bibliotek er. Det fysiske rommet legg rammene for korleis ein kan leggja til rette og utforme dei ulike aktivitetane. Gode lokale og god organisering av lokala har verknad for bruken av biblioteka. I ei undersøking¹ om brukarane og kva dei nyttar biblioteket til kom det fram at biblioteket er ein kompleks institusjon og mykje meir enn ein stad for utlån av bøker og anna materiell. Det konvensjonelle biblioteket er det fysiske rommet med møteplassfunksjonen, kulturarenaen og læringssenteret som karakteristiske trekk. Måla for det fysiske biblioteket er at det skal framstå som attraktive møteplassar i lokalsamfunn, og vera tilpassa moderne formidlingsformer og bibliotekfunksjonar. Dei viktigaste aspekta ved og krava til biblioteket sin funksjon som møtestad er:

- Sentral plassering
- Lett tilkomst, godt tilgjenge og låg terskel for bruk
- Universelt utforma slik at det vert ein møteplass for alle grupper
- Samling av fleire funksjonar
- Fleksible planløysingar slik at lokala lett kan endrast ved behov.

I statistikken for biblioteka ser me at dei biblioteka som flyttar inn i nye lokalar opplever ein auke i besök og utlån. Etne bibliotek opplevde ein auke i besöket på 200 % og utlånsauke på 50 % frå 2011 til 2012.

Den siste tida har det kome ein bekymring frå Bibliotekforskinga kva som skjer med folkebiblioteka i samband med kommunesamslåinga. Det er ikkje kome noko frå regjeringshald, men dagens lov seier at kvar kommune skal ha eit bibliotek.

¹ AMB-skift nr. 46, 2008. Undersøking om brukarane og kva dei nyttar biblioteket til ved folkebiblioteka i Bergen, Trondheim, Oslo og Kristiansand.

15 av 151

Sjølv om det er viktig at arealet vert stor nok til å dekka dei krav me har til folkebibliotek, er det òg viktig korleis me nyttar arealet. Avdelingane for barn og unge må vera noko meir enn berre bøker. Barneavdelinga må vera ein plass å leika, mens ungdomsavdelinga må vera ein plass å vera. Lokalet må vera innbydande for dei ulike brukargruppene.

Eit nytt bibliotek på Bjørkheim vil vera der folk ferdast. Bjørkheim er næringssentrumet i Samnanger. I tillegg ligg Bjørkheim i tilknyting til ein av hovudvegane austover frå Bergen. Å plassera biblioteket på Bjørkheim vil styrka både Bjørkheim og biblioteket.

Tilbodet frå Bjørkheim senter A/S er todelt, leige eller kjøp. Leigeprisen er kr 1 400 per m². Leigeprisen kan verta redusert ved inngåing av langtidskontrakt, noko som vil verta avklara i ei eventuell forhandling. For eit bibliotek på 350 m² vil den årlege leigekostnaden vera kr 490 000. For kjøp vil kostnaden vera mellom 10-14 millionar avhengig av kor stort areal me ynskjer (mellan 300-550 m²). Lånekostnadane for eit lån på 10 millionar over 40 år med 4 % rente vil vera kr 260 000 per år. I tillegg for begge alternativa må rekna med innkjøp av inventar og driftsutgifter som er vesentleg større enn me har i dag – straum, reinhald etc.

Hordaland fylkeskommune har signalisert at dersom me får nye lokale kan me vera modellbibliotek for Hordaland i 2016. Då bidreg fylkesbiblioteket med inventar og arbeidskraft til prosjektgruppe, rettleiing og aktualisering av samlinga til ein verdi av kr 100 000 mot at me stillar med lik sum.

Ved kjøp av lokale har dei signalisert at me kan søke om tilskot til kjøp av lokale gjennom ordninga *Tilskot til lokale kulturbygg*. I høyringsutkastet til ny regional kulturplan vert det opna for det. Samla tilskot i ordninga er avgrensa til ein million kroner.

Det er ikkje lagt inn i økonomiplanen auka kostnader til drift av biblioteket. Biblioteket er ikkje belasta med husleige i dagens lokale i kommunehuset. Samnanger kommune kan heller ikkje rekna med store inntekter for utleige av lokala. Kommunen har og vil få ein svært stram økonomi i mange år framover ut frå dei vedtaka som er gjort. Det er difor vanskeleg å finna rom til å leiga eller kjøpa lokale frå Bjørkheim senter A/S. Innanfor kulturbudsjettet er det ikkje mogleg å omdisponera midlar til å dekka utgifter til nytt bibliotek.

Dersom den politiske prosessen ender med ein konklusjon som tilseier at biblioteket ikkje kan flytta ut av kommunehuset, må det vurderast kva tiltak som må gjerast med eksisterande lokale for å stetta ein del av dei mest sentrale krava. Oppgradering av lokala i kommunehuset krev også midlar. Frå administrasjonen si side er me budd på å presentera nokre tiltak i samband med budsjettet for 2015 – revisjon av økonomiplan for 2015 – 2018.

Samnanger

– der du vil leva og bu



Rapport:

Korleis skal eit nytt og framtidsretta bibliotek i Samnanger vera



1. Innleiing	2
2. Folkebibliotek	2
Endringar i lov om folkebibliotek	3
Kvífor treng me biblioteket?	3
Moderne folkebibliotek	6
Barnebiblioteket	7
Den raude tråd i Hjørring	8
Etne bibliotek	17
Ny teknologi	20
RFID	20
3. Planlegging av nytt bibliotek	21
Mål og visjon	21
Kvífor treng me eit nytt bibliotek?	22
Brukarundersøking	23
Kontekst	24
Biblioteklandskapet	24
Næringsliv, lag og organisasjonar	25
4. Kva skal eit nytt bibliotek i Samnanger vera?	25
Ein attraktiv møteplass	25
Lokalt særpreg	27
Personale	27
Lokalisering	28
Tilgjengeleg	29
Samarbeidspartar	29
Nav	29
Lag og foreiningar	29
Kommunale samarbeidspartar	30
5. Biblioteklokala	30
Sonar	30
Kontaktsonen	32
Barnesonen	32
Ungdomssonen	34
Vaksensoron	34
Lokal sone	35
Auditorium	35
Intern sone	36
Virtuell sone	36
Storleiken på lokala	36
6. Oppsummering og refleksjonar på vegen vidare	38
7. Litteraturliste	40

Jeg har alltid innbilt meg at paradiset må være et slags bibliotek.

Jorge Luis Borges (1899-1986)

1. Innleiing

Biblioteket ligg i dag i små lokale i kjellaren på kommunehuset. Det er eit tiltak i Kulturplanen at Samnanger kommune skal arbeida for eit nytt bibliotek. Kva skal eit nytt bibliotek innehalda? Kva roller har framtidsretta bibliotek? Samnanger kommune ønskjer seg fleire møteplassar. Kan biblioteket bli ein attraktiv møteplass? Kvar og saman med kven skal eit nytt bibliotek liggja? Kva vil nye biblioteklokale kosta?

” Korleis skal eit nytt og framtidsretta bibliotek i Samnanger vera?” Eg vil undersøkja kva rolle moderne folkebibliotek bør ha. Kva rolle ønskjer me at biblioteket i Samnanger skal ha? Kva fysiske rom, tenester og fasilitetar bør eit nytt bibliotek i Samnanger romma? Kor stort bør biblioteket vera? Kven kan vera aktuelle samarbeidspartar?

Visjonen for Samnanger kommune er: *Samnanger kommune -der du vil leva og bu-*. Ein stad der ein ønskjer å leva og bu treng eit godt bibliotek og ein møteplass for alle.

2. Folkebibliotek

Det finst mange ulike typar bibliotek. Små og store, fag- og forskingsbibliotek, høgskule- og universitetsbibliotek, fylkesbibliotek, nasjonalbibliotek, skulebibliotek, folkebibliotek og kombinasjonsbibliotek som er til dømes både bibliotek både for vidaregåande skule og innbyggjarane i kommunen. Målgruppene våre gjer oss forskjellige. Sjølv små folkebibliotek i nabokommunar kan vera veldig forskjellige. Nettverket av alle typar bibliotek er viktig for folkebiblioteka. Endringar i samfunnet påverkar heile biblioteksektoren.

Bjarke Ingels skriv (Niegaard et. al., 2008, s. 32.)

Biblioteket er et offentlig møtested, hvor folk, som søger informationer og viden, kan finde den i alle tænkelige former og medier, og hvor højtudannede eksperter (bibliotekarer) kan hjælpe dem med at finde den. Hvor interenttet er en rå database til kvantitativ søgen, er biblioteket et offentlig forum for kvalificeret søgning og interaktiv dialog omkring medier. Biblioteket er ikke blot et arkiv for oppbevaring af information (Google) eller bøger (Amazon), men et offentlig forum for mødet mellom mennesker og medier, mellom lægmend og profesjonelle og mellom fokusert søgen og spontan oppdagelse.

Endringar i lov om folkebibliotek

Den nye bibliotekloven seier at biblioteket skal ha ei aktiv rolle som formidlar og vera ein møteplass.

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent.

Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt bibliotekssystem.

(Det Kongelige kulturdepartement, 2013)

Lovfendringa er ei oppfølgjing av St.meld. nr. 23 (2008-2009) Bibliotek.

Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid (bibliotekmeldinga). I meldinga viser regjeringa til at det er behov for utvikling i biblioteksektoren mot meir robuste og omstillingssyktige bibliotek, som kan tilby alle innbyggjarane betre biblioteknester.

Når biblioteka skal driva aktiv formidling og vera gode møteplassar, treng me litt andre lokale enn då oppgåva var å oppbevara og gjera tilgjengelege biblioteksamlingane. Nye digitale media stiller òg nye krav til formidling og kontakt med publikum. Kontakt gjennom nettstadar og sosiale medium blir ein stadig større del av bibliotektilbodet.

Kvifor treng me biblioteket?

Samfunnet endrar seg. Tidlegare var det klassiske biblioteket definert ut ifrå samlingane sine. Biblioteket var prega av stabilitet og orden. Det nye mediebilete er kompleks. Biblioteket har fått fleire konkurrentar til informasjonsdelinga etter at Internett blei vanleg. Biblioteket må tilpassa rolla si i samfunnet: *From collection to connection* (Dahlkild, 2011, s. 313).

I Danmark blei 270 kommunar til 98 kommunar etter strukturreforma i 2007. Reforma utløyste endringar i biblioteksektoren. Ein del små bibliotek blei lagt ned for å få større,

moderne, ombygde eller nybygde bibliotek. I Danmark ser ein tendensar til at biblioteka inngår partnarskap med både private og andre kommunale tenester. Fleire bibliotek er blitt hybride kulturarenaer. (Rasmussen et. al., 2011, s. 15.)

Boka ”Biblioteksrummet” (Niegaard et. al., 2008) er ei artikkelsamling der tema er moderne bibliotek. Boka tar for seg mange spanande prosjekt, hovudsakleg frå Danmark.

Biblioteket utvikler sig skritt for skritt frå å være et bogsamlingssted, der stiller viden, litteratur og for eksempel musikk til rådighed til å være et aktivt videns- og kulturrum, ikke alene med oplæsninger og debatmøder, men også med mulighed for brukerne til sjølv langt mere aktivt å delta og bidrage, eksempelvis i mødet med den gode historie mv. Mulighederne er legio. Kun et er sikkert, de kræver god plads.

(Niegaard et. al., 2008, s. 15)

Rolf Hapel skriv om rekonstruksjon av biblioteket. (Niegaard et. al., 2008, s. 23.) Han har laga ei liste over kvifor samfunnet treng biblioteka. Biblioteka fremmar:

- Livslang læring for innbyggjarane
- Nye tenkjemåtar innan utdanning
- Leseevne og evna til å avkoda bilete og abstrakte symbol
- Nye kulturuttrykk og litteraturproduksjonar
- Bevaring og fremming av språket
- Identitetsdanning og sjølvforståing for den einskilde innbyggjar gjennom eit variert tilbod av lærings- og opplevingsmedia
- Kreativitet og idéutvikling i høve til både individuelle og felles aktivitetar i grupper og samfunn

Gratisprinsippet, at det ikkje kostar noko å bruka biblioteket, er ein føresetnad for å fylla rollene over. Hapel (Niegaard et. al., 2008, s. 23.) skriv at biblioteka har fått eit ekstra ansvar for å utgjevne forskjellane mellom ressursvake og ressurssterke grupper. Utfordringane blei synlegare då Internett blei vanlegare frå byrjinga av 1990. Informasjonssamfunnet kan skapa eit A- og B-lag i høve til å kunna nytta seg av informasjonsteknologi. Biblioteka skal vera med og motverka dette. Biblioteket spelar òg ei viktig rolle i å inkludera flyktningar og innvandrurar i samfunnet.

Harper (Niegaard et. al., 2008, s. 24) meinar at dei største utfordringane for biblioteka er därleg marknadsføring og varierande økonomiske løyvingar. Folk må kjenna til tilboda på

biblioteket for å kunna nytta dei og for å kunna tilby nye tenester treng biblioteka auka løyvingar. Kjerneområda til biblioteka er utvida frå bøker til mange ulike media. Til dømes finst Harry Potter både bok, lydbok, DVD, Blu-ray og teikneserie.


Jens Lauridsen skriv at biblioteket er det demokratiske rommet, der alle innbyggjarar har fri og lik tilgong til innhaldet i biblioteket, der det er kunnskap, hjelp og inspirasjon å henta. I eit framstegsvenleg, utviklingsorientert og demokratisk samfunn er biblioteket heilt nødvendig. Lauridsen seier at den einskilde borgar til gjengjeld forpliktar seg til å halda seg oppdatert for å kunna ta del i utviklinga av demokratiet. Lauridsen seier òg at biblioteka skal formidla tilgong til kunnskap og skapa nettverk mellom borgarar både lokalt, nasjonalt og globalt. På den måten blir biblioteket den sentrale institusjonen for den einskilde borgar og for det demokratiske og politiske systemet. På biblioteket blir ulike arrangement sett i scene av dei tilsette på biblioteket i samarbeid med brukarane. (Niegaard et. al., 2008, s. 21-22.)

I Bilag til Bok og Bibliotek Nr. 6 – 2012 (s. 4-7) skriv Henrik Jochumsen om Biblioteket som arena. Han skriv at biblioteket alltid har jobbar for å vera heile befolkninga sitt bibliotek. Biblioteket kan skapa ein overgangssone til andre tenester i byen. Biblioteket kan vera med å gjera ein stad til ein plass du har lyst å vera på. ”Han skriv til dømes om biblioteket i Salt Lake City.

”Hensikten med biblioteket i Salt lake City har vært å skape et sted der en vil komme, får lyst til å bli, kan møtes på tvers av alder, etnisitet og kulturell bakgrunn og samtidig ha mulighet for å delta i aktiviteter tilknyttet lokalsamfunnet.”

(Jochumsen, 2012, s. 5)

Casper Rasmussen og
Henrik Jochumsen
(Niegaard et. al., 2008, s.
81-83.) skriv om
bibliotek som ledd i
byutvikling. Dei slår fast
at bibliotek kan vera med
å gjenskapa byområde
med lite aktivitet.
Butikkar i sentrum blir
nedlagt til fordel for



kjøpesenter i utkanten av byane. Når bibliotek blir etablert i sentrum, får det folk til å ferdest der og det fører til at nye butikkar opnar i lokal som er tomme. Barnebiblioteket "The Trove" (skatten) i USA er eit døme på eit bibliotek som har vore eit ledd i å skapa liv i eit bysentrum. (Niegaard et. al., 2008, s. 82.) Lokale midlar til bibliotek kan sjåast på som ei investering som kan tiltrekka seg skatteborgarar, verksemder og turistar.

Investeringer i biblioteker kan kickstarte lokalsamfunnsvikling. Et nyt bibliotek eller moderniseret bibliotek i et kvarter kan bringe håb og opmærksamhet til områder, som har oplevet manglende invisteringer.

Lone Hedelund (Niegaard et. al., 2008, s. 108.)

Moderne folkebibliotek

Nye biblioteker gir utlånsboom. Bøkene er de samme som før. Men når de får nye tak og vegger rundt seg, blir det kjempevekst i besøk og utlån.

Dette skriv Kjersti Nipen i Aftenposten 11. oktober 2012. Deichmanske sin filial på Lambertseter fekk ein skikkeleg oppsving med nye lokale. Besøksauke er noko som går igjen for bibliotek med nye lokale, med betre lokalisering og auka opningstid som Molde, Nesodden og Mandal.

Om ein skal lykkast med eit nytt bibliotekbygg bør følgjande kriterium inngå skriv arkitekt og utviklingskonsulent Per Shulze (Niegaard et. al., 2008, s. 129.)

- Brukarinnvolvering – lokalt eigarskap
- Kommunal oppbakking – drift og økonomi
- Kvalifiserte rådgjevarar - til dømes gode arkitektar
- Grundig analyse av behov
- Realistisk anleggsbudsjett
- Fleir bruk og fleksibilitet
- Ambisjonen om å skapa noko nytt skal vera reell.

I boka Biblioteket i tid og rum listar Nan Dahlkild opp sju prinsipp for gode fysiske og digitale rom. Det digitale rommet er bibliotektilbodet på Internett.

1. *Identitet*, arkitektur og innreiing må signalisera biblioteket sin identitet
2. *Funksjonalitet*, biblioteket må vera praktisk innreia, tilpassa brukarane

3. *Fleksibilitet*, mange moderne bibliotek har opne rom som kan nyttast til ulike føremål.
Det må vera mogeleg å tilpassa inventaret til ulik bruk.
4. *Bæredyktig*, bruk av energi, miljøomsyn, inneklima, temperatur, lys og akustikk er viktig både i høve til å skapa gode lokale, men og for å ta vare på naturen i eit større samfunnsperspektiv
5. *Variasjon*, å skapa ulike sonar i biblioteket som understrekar opplevinga av biblioteket.
6. *Offentleg rom*, biblioteket som møteplass
7. *Overraskingar*, både design på nettsider og innreiing av bibliotek bør gje brukarane opplevingar som dei ikkje forventa.

Mange av dei nye biblioteka er tenkt i sonar. Det er vanleg å ha ein inngangs- og møtesone med aktivitetar som utstilling av nytt materiale, kunst osv., informasjonskiosk, kafé og samtale, oppleving og eksperimentering, eventyrlandskap, aviser og Internett-kafé. Eit sentralt formidlings og rettleatingsområde, med tilgang til bøker og andre media, søkeøyar, arbeidsplassar og grupperom. Ein stillesone for arbeid og studering og til slutt ein virtuell sone med heimesider og nettenester. (Niegaard et. al., 2008, s. 27.)

Barnebiblioteket

Ingri Skamris (Niegaard et. al., 2008, s. 78.) skriv at vellykka bibliotek for barn må byggja på ein tydeleg ide og at born og unge sjølv får ta del i planlegginga.

Jens Thorhauge refererer til eit utval nedsett av den Danske kulturministerein i 2006. Dei skulle sjå på framtidas bibliotekenester for born. (Niegaard et. al., 2008, s. 90-93.) Utvalet kom fram til blant anna at nye media påverkar kvardagskulturen til borna. Born er dei i befolkninga som nyttar flest medieteknologiar og dei er ofte fleire saman når dei leikar med ulike medium. Borna sin måte å leika på han endra seg mykje dei siste åra. Tidlegare gjekk leikekulturen i arv frå eldre til yngre born gjennom sjølvorganiserte grupper. No er barn meir saman med jamgamle born i institusjonaliserte, vaksenstyrtte grupper der leiken er blitt meir avhengig av ”reiskap”. Datastyrt leiketøy har mange moglegheiter, men krev til gjengjeld at ein følgjer mange instruksjonar. Biblioteket er tenkt som eit fri-rom som skal styrka barnets danning og læring gjennom frileik. Utvalet seier at biblioteket bør vera ein inspirerande gjera, vera og lærestad og kom med tre anbefalingar til det fysiske bibliotekrommet for barn (Niegaard et. al., 2008, s. 92.).

1. Bibliotekrommet skal skapa forundring og inspirasjon. Biblioteket treng nye konsept for å bli attraktive for born.
2. Biblioteket kan gjera leik og leikekultur til eit sentralt aktivitetsområde
3. Biblioteket understøttar læring og danning gjennom systematisk arbeid med tilbod som gjer borna i stand til å skapa, forstå og utveksle tekst, lyd og bilete.

Den rauda tråd i Hjørring

Hjørring bibliotek er eit av mange nye spanande bibliotek i Danmark. Innreiinga er eit samarbeid mellom arkitektfirma Bosch & Fjord og BCI Library design. Lokala er ramma inn av eit formidlingsband som buktar seg gjennom lokala. Hjørring bibliotek opna i 2008 og ligg i kjøpesenteret Metropolen. Rammene for bygget er det moderne menneskets behov: forbruk, kropp og ånd Børge Søndergård, utviklingssjef ved bibliotek skriv om Hjørring bibliotek i boka ”Bibliotekrummet” (Niegaard et. al., 2008, s. 70-73). Bileta er henta fra interiørarkitektane si heimeside (Bosch & Fjord, 2009) .






Søndergård (Niegaard et. al., 2008, s. 72) skriv at i dag kjem 50 % av brukarane på biblioteket for andre gjeremål enn å låna noko med seg heim. Dei tradisjonelle bibliotekmedia blir utfordra av virtuelle tilbod. Folk brukar biblioteket til å få tilgong til det som ikkje ligg gratis på Internett, lesa aviser, oppleva barneteater eller ein forfattar, få truverdige og relevante opplysningar. Biblioteket er staden å vera når ein er i venteposisjon (Niegaard et. al., 2008, s. 72).

Hjørring bibliotek har tre kjerneområde: Kultur og oppleving, livslang læring og opphold. Sonene på Hjørring bibliotek har fått namn frå teaterverda: Scenen, kulisselageret og Backstage. Scenen er publikumsområdet. Kulisselageret er der biblioteket hentar materiale som blir brukt på sceneområdet. Delar av kulisselageret er ope for publikum og delar av det er stengt. Backstage er området for interne bibliotekfunksjonar (Niegaard et. al., 2008, s. 73).

På Hjørring bibliotek finn du ikkje typiske bibliotek-møbelklassikarar, du finn heller ikkje reolar på snorrette rekkjer. (Rasmussen et. al., 2011 s. 171) Det du finn er er eit rom fullt av fargar, gangbanar og varierande inventar frå nymotens til klassisk stil. Biblioteket skal vera eit inspirerande rom der du har lyst å vera. Dei satsar særleg på at familiar skal ta turen på biblioteket på laurdagane. Hjørring har ein rutsjebane og ornehol til å sitja å lesa i. Det bur 25.000 mennesker i Hjørring og biblioteket har 1000 mennesker innom kvar opningsdag. Følg den raude tråden for ”ein guida” tur rundt i biblioteket. (Rasmussen et. al., 2011 s. 171-177)

Samnanger

– der du vil leva og bu



Etnet bibliotek

Biblioteksjef Astrid Holmefjord og Kultursjef Arnved Soldal Lund vitja Etne bibliotek i mai 2013 for å sjå på eit nytt bibliotek i ein liten kommune. Biblioteksjef Marit Rønnevik viste oss rundt og orienterte om lokala og planleggingsprosessen.

Etne bibliotek ligg i Skakkesenter og er eit kombinasjonsbibliotek med vidaregåande skule. Lokala er om lag 400 m² store. Rønnevik seier at dei gjerne skulle hatt enda meir plass, det er alt begynt å verta trangt på hyllene. I Skakkesenteret er det bibliotek, auditorium, kantine, skule, kulturhus og kino. Biblioteklokalna ligg i 1. etasje like ved hovudinngangen. Biblioteket har ope 5 dagar i veka, kvar laurdag og med ettermiddagsope tysdag og onsdag.

Målsetjing:

Etne bibliotek skal gjera Etne kommune til eit attraktivt og livskraftig lokalsamfunn med høgt kunnskapsnivå, sterkt næringsliv, samfunnsengasjement, kulturaktivitet og samhald. Gje tilgang til kunnskap, informasjon og kultur. Vera ein triveleg ukommersiell møteplass for alle uansett alder, bakgrunn og interesser med lokale og aktivitetar som fremjar kreativitet, deltaking og fellesskap.

Etne bibliotek består av eit stort rom, stillelesesal (som òg kan brukast til arrangement), eit lite kompaktmagasin og to kontor og toalett for dei tilsette. Når du kjem inn i biblioteket kjem du inn i barneavdelinga. Her er bøker og gode sitjeplassar. Å laga krokar med gode stolar og sofaer har vore viktig. Bokhyllene er blitt plassert slik at ein får skjerma sitjeplassar. Borna har fått eit eige eventyrslott i biblioteket. Det er lagt til rette for spel av playstation og liknande ved å setja ein sofagruppe framfor ein flatskjerm i ein krok. Like ved er det ein kjøkkenkrok.

Ved arrangement blir møblar og hyller flytta litt på og klappstolar sett fram. Det er lerret i taket og teknisk utstyr står klart til bruk. Ved større arrangement kan biblioteket nytta auditoriet i senteret. Rønnevik ønskjer å ha mest mogeleg av arrangementa i sjølve biblioteket for å skapa eit levande bibliotek. Biblioteket skal vera ein stad det skjer noko!

Personalet gjer opplæring i bruk av sjølvbetjent utlån på utlånsautomaten. Målet er at alle skal låna ut bøkene sine sjølv, slik at personalet får betre til til å svara på spørsmål og anna arbeid.

Etter at biblioteket opna i nye lokale har Etne hatt besøksauke på over 200 % og utlånsauke på 50 %. (Grannar, 2013). Dette er tal som går igjen på bibliotek som får meir sentralt plasserte lokale og betre opningstid.



Skrankeområde med utstillingar og utlånsautomatar.



Rom som er brukt som stillelesesal eller til arrangement.



Auditorium.



Lokalsamling.



Marit Rønnvik ved kompaktmagasinet.



Hylle med mange bøker der framsidene viser godt.



Utstilling.



PCar til bruk for publikum. Desse er mykje brukt.



Sitjegruppe med wii og playstation.



Sitjegruppe



Barneavdelinga. Hyller i framgrunnen som gjer bøkene lett tilgjengelege for borna og som viser framsidene av bøkene.



Ny teknologi

Kan ny teknologi gjera arbeidsdagen enklare for dei tilsette og bibliotektilbodet betre for brukarane? Me må undersøkja kva ny teknologi som er aktuell for oss og vurdera om nytta er stor nok i høve til kva det vil kosta å investera i nye løysingar. Utlånsautomatar/sjølvbetjent utlån kan frigjera arbeidstid for bibliotekarane. Digitale kart over kvar ting er kan gjera det lettare å finna fram på eigenhand i biblioteket. Kommunal informasjon kan delast på infoskjermar.

RFID

RFID kan vera eit døme på teknologi som kan vera nyttig i bibliotek (Biblioteksentralen, 2013). RFID står for Radio Frequency Identification. Det er eit system som hentar data ved bruk av RFID-brikker som består av ein radiosendar og ein chip med lagringsmoglegheiter og antennen for kommunikasjon. RFID kan brukast som alarm og i stadan for strekkodar i bøkene. Fordelen med RFID er at ein kan lesa inn fleire bøker samstundes. Ein kan ha ein lesar i ei hylle og så blir alle bøkene som blir plassert i den hylla levert inn. Ein sparer tid og får eit sikrare system.

3. Planlegging av nytt bibliotek

Mål og visjon

”Samnanger kommune - der du vil leva og bu -“ er visjonen vår. Målsetjingane til kommunen er at Samnanger skal vera eit attraktivt og livskraftig samfunn for alle innbyggjarane. Alle skal oppleva å tilhøyrer eit fellesskap. Kommunen skal ha gode tilbod til innbyggjarar i alle livsfasar. Kommunen skal setja barn og unge i fokus, satsa på universell utforming og styrkja folkehelsa. (Samnanger kommune, 2010).

Samnanger folkebibliotek arbeider med å formulera visjon og mål. Førrebels er ”Samnanger folkebibliotek ein møteplass for alle“ biblioteket sin visjon. Måla våre er auka bruk av bibliotektenestene og å styrkja samarbeidet med skule, andre kommunale einingar, lag og organisasjonar i kommunen.

Biblioteket bør vera eit verkemiddel for å nå måla til kommunen. Eit bibliotek skal vera for alle. Eit bibliotek skal vera eit lågterskeltilbod. Biblioteket satsar på barn og unge. Gjennom bøker og andre media kan ein reisa langt i fantasi og fakta og det er å styrkja den mentale folkehelsa.

”Leseløftet“ er ein leseplan for Samnanger kommune (2011) som blei vedteke av kommunestyret i oktober 2011. Planen skisserer mål og oppgåver for leseopplæringa i kommunen. Biblioteket skal vera ein aktiv samarbeidspart i høve til skule, barnehage og helsestasjon. Leseplanen spesifiserer at kultureininga v/ folkebiblioteket skal:

- *leggja til rette for at brukarane får tilgang på eit breitt tilfang av litteratur*
- *setja i gang tiltak som fremjar leselyst og -glede*
- *vera ein god stad å vera*




Hovudmål

Samnanger kommune skal vera eit attraktivt og livskraftig samfunn for alle innbyggjarane.

Delmål

- Alle skal oppleva at dei tilhører eit sosialt og inkluderande fellesskap.
- Samnanger skal ha gode tilbod til innbyggjarar i alle livsfasar.
- Samnanger kommune set barn og unge i fokus.
- Samnanger vil satsa på universell utforming slik at alle får tilgang til uterom, parkar, vegar og bygningar på ein likestilt måte.
- Samnanger vil styrkja folkehelsa og innbyggjarane sitt mot til å ta vare på seg sjølv og kvarandre.



- *samarbeida med skular, barnehagar og helsestasjon om lesefremjande tiltak for barn*
- *gje konsulenttenester til skulebiblioteka*

Kvifor treng me eit nytt bibliotek?

I 2009 laga kommunen ”Kulturplan for Samnanger for 2009-2013/2020” (Samnanger kommune, 2009). Der står det om biblioteklokala me har no, utfordringar og kva ynskjer me har. Det er skissert tiltak med bakgrunn, ansvar og konsekvensar.

Tiltak	Nytt bibliotek der folk ferdast
Bakgrunn	Biblioteklokala er därleg eigna for drifta og tilfredstiller ikkje dagens krav. Det må lagast plan for nytt bibliotek og dette bør sjåast i samanheng med ein evt. Fleirbrukshall.
Tidsplan	
Kostnad	
Ansvar	Kommunestyret / eining for kultur
Konsekvens	Kommunen vil få lokalitetar som er i samsvar med dagens krav og innbyggjarane vil få ei godt teneleg bibliotekneste

Tiltaket ”Nytt bibliotek der folk ferdast” er skrive med raud skrift i planen. Tiltaka i kommunale planane som har raud skrift, er tiltaka som politikarane meiner skal ha høgste prioritering.

4.2 Bibliotek		
Slik har me det:	Vurderingar / utfordringar	Dette ynskjer me for framtida:
<p>Bibliotekdrifta i kommunen er ei lovplagd teneste.</p> <p>Oppgåvene er å fremja opplysning, utdanning og anna kulturell verksemد ved informasjonsformidling, å stilla bøker og anna eigna materiale gratis til disposisjon for innbyggjarane.</p> <p>Tilgongen til informasjon og litteratur skal ikkje vera avhengig av økonomisk evne eller kor ein bur .</p> <p>I Samnanger vert det lagt vekt på at det skal vera kvalitet, mangfold og aktualitet i folkebiblioteket sine tilbod til alle generasjonar. Det vert særleg lagt vekt på barn og ungdom med ei rekke tiltak retta mot denne gruppa.</p> <p>Biblioteket held til i underetasjen i Kommunehuset på Tysse og er ikkje universelt utforma.</p>	<p>Biblioteklokala er vanskeleg tilgjengelege. Det er trapper frå inngangspartiet til sjølve bibliotekrommet. Det er ikkje lagt inn heis. Slik biblioteket vert drive i dag, er det ulovleg sett i høve til forskrifter om universal utforming.</p> <p>Lokalitetane er dessutan for små til å gje plass til alle dei aktivitetane som et bibliotek skal ivareta. Me saknar spesielt studieplassar og lesekrokar.</p> <p>Spesielt utfordrande er det å finna plass for digitalt utstyr som skal vera tilgjengeleg for publikum.</p>	<p>Det vert laga ein bibliotekplan for Samnanger kommune. I planen vil det vera fokus på m.a. å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Realisera planane om eit nytt bibliotek. • Gje innbyggjarane våre eit allsidig, aktuelt og kvalitativt godt tilbod av bøker og andre media. • Fremja lesegilde og leseevne, særleg mellom born og unge. • Gje innbyggjarane tilgong til og kunnskap om nettbaserte tenester. • Hjelpa og gje tilbod til skuleelevar, studentar og andre i ein læringsituasjon. • Utvikla biblioteket vidare som treffstad og arena for tilskipingar og utstillingar, med særleg fokus på lokale aktivitetar.

(Samnanger kommune, 2009)

Det er utfordrande å driva bibliotek i lokal me har no. Det er få ledige parkeringsplassar på dagtid, vanskeleg å ha arrangement i biblioteket, trøngt i bokhyllene, trøngt mellom hyllene, dårlig med magasin- og lagerplass og me manglar kontor og pauserom.

Den største drivkrafta vår er at biblioteklokal våre er for dårlige. Me er for lite tilgjengelege både i høve til opningstid og lokale og lokalisering. Me klarar me ikkje vera den møteplassen og den aktive kulturinstitusjonen me ønskjer å bli og som den nye folkebibliotekloven seier me skal vera. Det er òg ei drivkraft at lokal me har no er ulovelege i høve til forskriftene om tilgjengeleight, så lenge det ikkje er noko overordna myndigkeit som straffar kommunen for å driva uloveleg, så er ikkje dette ei sterk drivkraft.

I 2012 hadde me i snitt 1,7 besøk per innbyggjar. Gjennomsnittet for Hordaland var 5,12 besøk per innbyggjar. (Hordaland fylkesbibliotek, 2012). Besøket vårt er lågt i høve til gjennomsnittet for Hordaland.

Brukarundersøking

For å få svar på kva brukarane synst om biblioteket og andre kommuneale tenester, blei det gjennomført brukarundersøkingar våren 2012. Det er eit mål å gjennomføra brukarundersøkingar minst annankvart år. Statistikk og måloppnåing skal bli viktigare enn tidlegare i høve til årsmeldingar og evalueringar i kommunen. Brukarundersøkingane gjer oss nyttige peikepinnar om kvaliteten på tenestene me yter.

Biblioteket delte ut 200 spørjeark og fekk tilbake 55 svar. Me brukte Kommuneforlaget sine spørsmål og verktøyet ”Betre kommune” (Kommuneforlaget, 2012). For å svara måtte ein gå inn på nettsidene www.bedre.kommune.no. Brukarnamn og passord stod i brevet som me delte ut på biblioteket. Dette blei litt tungvindt, så me mista nok nokre svar på det og at undersøkinga berre virka i nyare Explorer-nettlesarar. Av dei som svarte var:

- 66 % kvinner, 34 % menn
- 36,4 % var i alderen 14-19 år, 16,4 % 20-39, 25,5 % 40-59 og 21,8 % var over 60 år.
- Dei bruktefor det meste biblioteket for å låna skjønnlitteratur eller film
- Var godt nøgde med sørvisen

På mange av spørsmåla som går i djubda på kva dei synst om utvalet av lydbøker eller tidsskrift, får me mange ”veit ikkje” svar. Kanskje det er naturleg å svara det for medium ein ikkje låner sjølv? Under punktet for arrangement svarar heile 64,2 % ”veit ikkje” på om dei er nøgde med tilbodet på biblioteket. Kanskje me burde brukt meir tid på å marknadsføra

arrangementa me har? Fleire av arrangementa våre skjer i andre lokale enn i biblioteket, kanskje me burde kunngjort det tydlegare der biblioteket er arrangør?

Tilgjengelighet		Snitt Bibliotek	Snitt land	Høyest kommune	Lavest kommune
Spørsmål	I hvor stor grad er du fornøyd med bibliotekets				
åpningstid?	4,0	4,6	5,3	3,9	
beliggenhet?	3,8	5,4	5,8	3,8	
tilgjengelighet når det gjelder parkering?	3,3	4,5	5,9	3,1	
lokalenes utforming (størrelse, heis, tilpasset for bevegelseshemmede, barnevogn)?	2,3	4,8	5,6	2,3	
selvbetjening som biblioteket tilbyr?	4,7	5,2	5,9	4,3	
Snitt	3,6	4,9	5,7	3,5	

Me scorar dårleg på biblioteket som stad for førestilling, stad for kurs og læring og biblioteket som stad for å møta andre.

Biblioteket har ope 15 timer i i

veka, med berre ope ein ettermiddag. Brukarane er ikkje så kravstore. Halvparten av brukarane var nøgde med dette. Heile 72,2 % er lite nøgde med utforminga av lokal i høve til størrelse, heis og tilpassing for rørslehemma og tilkomst for dei med barnevogn.

11 av dei som svarar har skrive kommentarar. Flest av desse går på at dei er nøgde med sørvisen, men at me treng nye lokale og at det er ønskjeleg at biblioteket blir flytta til Bjørkheim.

Resultata av undersøkinga bekreftar tankane me har gjort oss sjølve. Det var kjekt å få dei positive tilbakemeldingane frå brukarane på at dei synst me yter god sørvis.

Kontekst

Biblioteket skal vera for alle, så me har brukarar i alle aldrar og livsfasar. Det er utfordrande å dekka så mange forskjellige behov. Me yter sørvis til innbyggjarane og me yter sørvis til dei andre einingane i kommunen. Til dømes låner me ut depot til barnehagane annan kvar månad, depot som byggjer opp under dei temaa dei til ei kvar tid driv på med. Samarbeidet med andre einingar er viktig for biblioteket. I små kommunar er ein ofte aleine på sitt fagfelt, då er ein avhengig av samarbeid på tvers for å få gjennomført større oppgåver og arrangement.

Biblioteklandskapet



Biblioteket er i eit nettverk av bibliotek. Fylkesbiblioteket betyr mykje for oss. Dei føl me på kva som rører seg i bibliotekverda og sørger for å halda oss oppdaterte gjennom kurs og samlingar.

Nasjonalbiblioteket legg nasjonale føringer og lyser ut prosjektmidlar.

Samnanger er i formelt biblioteksamarbeid saman med Fusa og Vaksdal og Os vurderer å bli med i samarbeidet. Ein får mange nye impulsar ved å sjå korleis andre jobbar og organiserer biblioteket sitt. Samnanger er særleg interessert i å høyra om flytteprosessane som Os har vore gjennom. Mange bibliotek er på facebook. Dette er ei fin inspirasjonskjelde. Ein kan få gode tips ved å lesa om kva andre finn på.

Næringsliv, lag og organisasjonar

Biblioteket har per i dag ikkje noko forpliktande samarbeid med næringslivet eller lag og organisasjonar. Me håpar at omgjevnadane i større grad har nytte av biblioteklokala om me får betre tilhøve for til dømes arrangement. Dess fleire samarbeidspartar biblioteket får, dess fleire innbyggjarar når me ut til.

4. Kva skal eit nytt bibliotek i Samnanger vera?

Ein attraktiv møteplass

Store bykommunar byggjer eigne litteraturhus for å setja fart i kulturlivet. Men korleis kan eit folkebibliotek i ein liten kommune bruka sine nye lokale til å skapa aktivitet og møtepunkt for innbyggjarane? Kan innreiing nyttast som verkemiddel for å utvida bruken og måten ein tenkjer bibliotek på, også på små stader?

Biblioteket ønskjer å vera med å auka kulturtilbodet i kommunen. Biblioteket ønskjer å bli ein stad der ting skjer, ein stad der folk samlast. Ein stad for formelle og uformelle møter. Ein stad der det er rom for både ro og støy. Me ønskjer å ha



spanande, interessante og artige arrangement, kinoframvisningar, utstillingar og å vera ein stad der andre ønskjer å ha arrangementa og utstillingane sine. Me skal skapa forventingar om at det skjer noko på biblioteket. Ein skal ikkje lura på OM det skjer noko, men KVA

som skjer på biblioteket denne månaden.

Arrangement og aktivitet trekkjer folk til biblioteket. Når ein først har komme innom døra og ser kva tenester biblioteket tilbyr, er det lettare å komma tilbake. Biblioteket får til dømes ofte nye lånarar etter arrangement me har hatt saman med kulturskulen. Søsken og foreldre har

komme på biblioteket for første gong for å sjå familiemedlem opptre. Seinare har familiane blitt faste lånarar på biblioteket.

Bileta er av bokhyller dei har på Nesodden bibliotek (2013). Høge frittståande bokhyller skaper trонge lokale. Lågare, spanande hyller kan skapa intime krokar. Samlinga vår skal presenterast på ein god måte. For å få dette til må me visa fleire framsider og færre bokryggar. Å setja ei bok med berre ryggen ut, er ein fin måte å gøyma vekk ei bok i eit system som nødvendigvis ikkje er logisk for andre enn bibliotekarar. Det må vera plass til små og store utstillingar av bøker og andre media. Me treng møblar som er lett å flytta på slik at me kan gjera plass til større vandreutstillingar og kunstutstillingar.

Innbyggjarane skal få eit bibliotek som innbyr til låning, lesing leik og aktivitet, samstundes som me tar vare på biblioteket som ein stille stad i samfunnet. Gode løysingar for arkitektur og innreiing er avgjерande for å klara å løysa denne dobbeltrolla.

Biblioteket skal vera ein god stad å komma for flyktningar og innvandrarar. Dette er ei gruppe som ofte er flinke til å nytta biblioteket. Me ønskjer å leggja til rette for integrering, språkopplæring og moglegheita til å sjå filmar og lesa litteratur på sitt eige språk. Det fleirspråklige bibliotek i Oslo yter eit fantastisk tilbod med depot med bøker, film og musikk



på ulike språk. Dette tilbodet gjer at små bibliotek også kan tilby lånarane sine bøker og andre media på mange forskjellige språk.

Lokalt sær preg

Tema i Samnanger er vatn. Ein finn regndropane i kommunevåpen, designen på heimesida til kommunen og i utsmykkinga av Vassloppa barnehage. Både for Vassloppa og Dråpeslottet



barnehage er namna til barnehagen og namnet på alle avdelingane ord som har noko med vatn å gjera. Vatn er identiteten til Samnanger kommune. Det regnar mykje i Samnanger og kommunen får inntekter frå vasskraft. Kan det vera naturleg å vidareføra temaet vatn i utsmykkinga av eit nytt bibliotek?

Produksjon av tretønner har lange tradisjonar i lokalmiljøet. Kanskje det hadde vore fint med ei tønne som innleveringsskåp eller ei tønnesitjegrupper?

Personale

Biblioteket må auka opningstida med meir kveldsope og laurdagsope. Biblioteket bør vera tilgjengeleg når folk har fri. I dag er det knytt ei stilling på 77 % til biblioteket. Me har ope 15 timer i veka, fordelt på tre dagar med ettermiddagsope kvar tysdag. For å ha ope fleire ettermiddagar og laurdagar, treng me større stillingsressursar.

Dersom biblioteket får fleire tilsette blir det ei stor endring som krev ei ny rolle for biblioteksjefen. Det er naturleg at personalansvaret for nye tilsette blir lagt til Kultursjefen, men at biblioteksjefen har det faglege ansvaret og er koordinator. I dag har ein person ansvar for alt på biblioteket. Blir ein fleire tilsette kan ein fordela oppgåvene etter kva ein er god på. Det er viktig med god opplæring av nye tilsette. Me skal strekkja oss langt for å få tak i det lånarane etterspør. Lånarane skal bli behandla med diskresjon og respekt.

Alle stillingsressursane kan ikkje knytast til opningstid. I dag nyttar biblioteksjefen halve arbeidstida som kontortid. Arrangement krev mykje førebuing, depot skal setjast saman og køyrast ut, ein driv med samlingsutvikling (innkjøp og kassering), årsmeldingar skal skrivast og så vidare. Det ligg mykje skjult arbeid bak det å kunna halda ope bibliotek. Det er særskilt viktig at det blir sett av tid til planlegging for å skapa gode biblioteknester. Det kan lønna seg å bruka tid på prosjekt. Fritt ord, Fylkesbiblioteket og Nasjonalbiblioteket lyser ut prosjektmidlar. Dersom me har gode, aktuelle prosjekt er det mogeleg å få støtte til tiltak som elles ville vore vanskeleg å få i gong.

Lokalisering

Kvifor er det naturleg at biblioteket ligg på Bjørkheim? Alle lokaliseringar har sine fordelar og ulemper. Samnanger er ein liten kommune med berre to matbutikkar, ein bensinstasjon, to skular og tre barnehagar. Bjørkheim er den tettstaden der det ser ut som om flest butikkane etablerer seg. Kvar tysdag har me om lag 50 personar innom biblioteket der me er no. Då er det barnekor i bedehuset ved sidan av kommunehuset. Foreldra er flinke til å ta med ungane på biblioteket før og etter koret. Eg håpar at desse lånarane òg vil finna vegen til biblioteket på Bjørkheim. Om biblioteket ligg ved sidan av ein matbutikk til dømes, er det kanskje mange som stikk innom når dei først er i området. Mat må ein jo ha. Litt mentalt påfyll er kanskje heller ikkje så dumt? Me vil truleg vinna fleire lånarar på sentral plassering. For dei som reiser kollektivt er det det lettare å komma seg til og frå Bjørkheim, enn til og frå Tysse. Ved ei eventuell samlokalisering med idrettshall kan nok biblioteket bli ein triveleg plass for dei som ventar på å bli henta eller ventar på at treningsa til borna skal bli ferdig. På Tysse ligg ungdomskulen i gangavstand frå biblioteket. På Bjørkheim blir det mogeleg for to barnehagar og Bufelleskap for utviklingshemma å gå til biblioteket.

Næringslivet ønskjer biblioteket velkommen på Bjørkheim. Biblioteket kan bli ein møteplass for alle som ønskjer å komma. Kommuneleiinga og eining for kultur jobbar for å få dette til. For at nye biblioteklokale skal kunne realiserast må representantane for innbyggjarane, politikarane prioritera tiltaket.

Biblioteket kan byggja opp under utviklinga av Bjørkheim som stad både. Biblioteket er ein plass du kan vera utan at du treng å kjøpa noko. Sentral lokalisering og gode opningstider kan òg tiltrekka seg ei ny lånargruppe. Mange med hytte stoppar på Bjørkheim får å handla før dei reiser på hytta på Kvamskogen. Ein del av desse vil kanskje nytta seg av biblioteket dersom det ligg sentralt plassert. I dag har me ikkje så mange lånarar frå andre kommunar, men ein del av innbyggjarane i Samnanger nytta seg nok av biblioteknenestene i Bergen og andre nabokommunar. Folkebibliotekloven seier at folkebibliotek skal stilla bøker og anna eiga materiell gratis til disposisjon for alle som bur i landet (Det kongelige norske Kulturdepartement, 2013).

Tilgjengeleg

Som kommuneplanen seier er universell utforming viktig (Samnanger kommune, 2010).

Offentlege rom skal vera tilgjengelege for alle. Me ønskjer eit bibliotek med praktisk og spanande innreiing. Det skal vera enkelt å komma seg inn på biblioteket, me skal ha tilgjengelege parkeringsplassar, med reserverte plassar for funksjonshemma.

Når ein kjem inn i biblioteket skal det vera lett å finna fram på eigenhand. Her kan me nytte digitale hjelpemiddel som infoskjermar og til dømes dømes Wagner guide som BS-Eurobib forhandlar. Wagner guide er ei virtuell oversikt over biblioteket.

Me må sjå på løysingar med nøkkelskilt slik at lokal og samlinga kan vera tilgjengeleg også utanom opningstida. Noko så enkelt som ei luke i veggen eller døra for innlevering av bøker er noko me ikkje har i dag, men som er mykje etterspurt. Det må vera så enkelt som råd å nytta seg av bibliotektenestene.

Samarbeidspartar

Nav

Biblioteket har i dag eit godt samarbeid med Nav. Me er arbeidspraksisstad for ein person som NAV lønnar to dagar i veka. Dette er ein vinn-vinn-situasjon. Biblioteket har fått ein dyktig medarbeidar og den tilsette får arbeidserfaring.

Lag og foreiningar

Historielaget kan vera ein god samarbeidspart når det gjeld lokalsamlinga. Kan lokalsamlinga utviklast til å bli ei lokalhistorisk utstilling med foto, bilete og gjenstandar? Samnanger har òg eit aktivt kunstlag og ei aktiv fotogruppe, Samnanger Kunstlag og Samnanger Kameraklubb. Kanskje dei og andre lag kan tenkja seg å stilla ut i biblioteket?

I dag finst det ikkje Frivilligkeitssentral eller Senioruniversitet i Samnanger. Dersom desse



laga blir oppretta i Samnanger, ønskjer biblioteket gjerne eit samarbeid.

For å få til flest mogeleg gode arrangement, er det viktig med gode samarbeidspartar og støttespelarar. Folkeakademiet er ein støttespelar som gjer pengestøtte til arrangement.

Kommunale samarbeidspartar


Biblioteket har eit godt samarbeid med andre einingar som skule, barnehage og pleie og omsorg. Desse samarbeida vil me arbeida vidare med. I små kommunar er me ikkje så mange som jobbar på dei ulike fagområde. Samarbeid på tvers av einingane er derfor svært viktig for å få gjennomført noko. Det er tungt å gjer ting aleine.

Ein del ordførarar har faste tider i månaden der dei møter innbyggjarane på biblioteket.

Kanskje dette
kunne vera noko
for Samnanger?

Kommunen treng
nye arkivlokale
og lager for
museumsgjenstan
dar. Kan dette
vera aktuelt å
knytta til
biblioteket?

I dag finst det



ikkje ein turistinformasjon i Samnanger. Er dette ei teneste som kunne vore lagt til biblioteket dersom me får ressursar til arbeidet?

5. Biblioteklokala

Sonar

Ut ifrå erfaringar frå bibliotekdrifta i Samnanger i dag og innhenta informasjon frå andre bibliotek har eg sett opp eit forslag til soneinndeling. Forslaget er eit utgangspunkt å jobba vidare med for prosjektgruppe og referansegruppe dersom kommunestyret set av midlar til eit

	En opdateret tegning af bygningen. Gerne som en dwg. fil.		Grafik til navigation, grafik til udsmykning? Væg farver, felter i farver, signal farver
	Samlet oversigt over materiale bestand. Hvor mange hyldeveget eller antal enheder		Specielle ønsker til udstilling – udstillingsområder, generel udstilling? Hvilke typer materialer?
	Hvilke zoner/områder. Er der specielt nogen zoner, der skal fokus på		Er der specielle hensyn, lounge, antal studie pladser, individuelle eller gruppe pladser, Sjove eller mere traditionelle møbler, etc.
	Behov for lektiecafé', gruppearbejde, grupperum, undervisning, etc.		Interaktive medier, skærme, computerpladser, søgestationer, etc.
	Behov for scene, teater, gulvareal, udformning af møbler, plads til børn, etc.		Studie lokaler, områder med plads til fordybelse?
	Spil, Wii, Play station, foredrag, etc.		Mødre grupper, skole elever, cafe', gamle – unge, etc.

BS Eurobib

BCI Eurobib direct

nytt bibliotek. Ved å nytta verktøy som Målgruppe-figuren frå Lammhult design (2013) kan me analysera samlinga vår i høve til brukargrupsene våre. Me må velja ut kva grupper som er viktigast å satsa på for oss. Det er naturleg å ha referansegrupper som uttaler seg på vegne av lånarane. Lammhult design (2012, s. 10-11) har laga eit sett med figurar som kan vera til hjelp når ein skal analysera bibliotektilbodet. Nå dei skal planleggja eit bibliotek, så går dei gjennom alle målgruppene i biblioteket for å leggja vekt på kva biblioteket bør satsar mest og minst på.

Biblioteket må tilby datamaskiner. Born og unge ønskjer å vera saman og spela spel og surfa på Internett. Me må laga eit dataområde der dei kan laga lyd og vera saman. Andre lånarar

treng ro og ønskjer å sitja litt skjerma når dei låner ei datamaskin. Me må leggja til rette for det òg.

Biblioteket ønskjer å tilby små grupperom som og fungerer som stillearbeidsplassar. Fjernstudentar og studiegrupper kan ha behov for å ha ein plass å sitja og jobba.

Kontaktsonen

Når ein kjem inn i biblioteket kjem ein inn i kontaktsonen. Her får ein oversikta over kvar ein finn det ein leitar etter i biblioteket. Her møter me lånarane. Her er informasjonsskranke, sjølvbetjent utlån og innlevering, søkjemaskin for publikum og ikkje minst utstillingsplass. Det første området ein kjem inn i på biblioteket må vera fylt med freistande inntrykk som får dei som kjem inn til å interessera seg for noko. Ei hurtiglånhylle med gode bøker og filmar kan til dømes godt stå sentralt plassert.

Det blir truleg berre ein tilsett på jobb om gongen på biblioteket. Skrankeområdet for utlån, innlevering og hjelp må derfor vera sentrum i høve til inngang og dei andre sonene. Det er ei utforming å laga eit område der lånarane kan snakka med bibliotekaren utan at alle andre tar del i samtaLEN, samstundes som bibliotekaren har oversikt over lokalet frå skranken. Det bør heller ikkje vera for mykje støy rundt skrankeområdet. Bibliotekaren må ha moglegheit til å sitja og jobba i skranken. På små bibliotek er det nødvendigvis ikkje lånarar innom i heile opningstida, då kan me nytta tida til å få unna registrering av bøker og liknande arbeid. Nokre bibliotek har gått vekk ifrå å ha bibliotekskranke. I Samnanger ønskjer me å behalda skranken, men å passa på at den er utforma slik at den ikkje blir ein barriere mellom lånarane og bibliotekaren. Skranken må vera utforma slik at terskelen for å komma og spørja er lav.

Tidsskrifta kan gjerne vera i tilknyting til inngangen. Avis- og tidsskriftsonen er ofte brukt som eit venteområde. Her må det vera gode sitjeplassar. Kanskje foreldra kan følgja med borna sine i barnesonen frå tidsskriftområdet?

Barnesonen

Born og unge er viktige målgrupper for biblioteket. Dette er to grupper med ulike behov som treng kvart sitt område, helst med litt avstand mellom.

Bileta under er frå Children`s library, barneavdelinga på Cherittos Library (2013). Biblioteket har ein spanande inngang med eit digert akvarium og ”svære bøker”. Ein får forventningar om å komma inn i ei spanande verd av ein slik inngang. Ein blir ikkje skuffa når ein Stan, ein tyrannosaurus Rex inne på biblioteket.



Barnesonen skal vera ein litterær leikeplass som, länested og lesepest for born. Her må det vera møblar å boltra seg i og spanande ting å utforska. Det må vera gode sitjeplassar til foreldra i nærleiken, så dei kan følgja med på ungane sine. Det kan vera små lese- og



leikehuler, sklier og klatreplassar integrert i bokhyllene.



Møblar kan skapa spanande lokale. Dei tre første bileta over er henta frå nettsidene til BS Eurobib (2013). Bokbilen over og kravleborga under er henta frå nettsidene til firmaet Unique (2013). Dei leverer møblar til barnehagar. Det er mykje inspirasjon i å sjå kva møblar som finst til barnehagar.

Ungdomssonen

Måndag 4. mars hadde Ungdomsrådet, Eining for kultur og Utval for oppvekst og omsorg idedugnad om fritidstilbodet for ungdom i kommunen (Haugland, 2013). Det kom fram at ungdommane ønskjer ein møteplass, ein stad som ikkje har noko med bedehuset å gjera og der det ikkje er foreldre. Ein stad der ein møtes for å prata. Aktivitetar dei kunne tenkja seg var diskotek, film-kveldar, brettspel og dataspel, ein scene for å visa kunstar og karaoke, kurs, lan-samling, trafikalt grunnkurs, moped- og båtførarkurs, ungdommens turlag, hipp-hopp-gruppe, cheerleading-gruppe, bassengkveldar for ungdom og konsertar. Her er ein del som biblioteket kan spinna vidare på i høve til nye lokale. Kan me laga ungdomssonen på biblioteket som ein ungdomsklubb? Ungdommen må få vera med å bestemma korleis ungdomsavdelinga på biblioteket skal vera. Det var òg ytra ønskje om ein miljøarbeidar. Dersom kommunen bestemmer seg for å tilsetja ein miljøarbeidar, kan dette bli ein god samarbeidspart for biblioteket. Bilitoteklokalen må kunna nyttast til andre føremål også, både i og utanom opningstida.

Vaksensonen

I vaksensonen er bøker og andre media i fokus. Her vil me prøva å få til eit stille, triveleg område med skjønnlitteratur, faglitteratur, eigne områder for ulike media, tema og sjangrar som lydbøker, friluftsliv, hobby, krim, bygderomanar og lett underhaldning.

Eldre bøker står i magasin. Magasinet kan godt vera tilgjengeleg for publikum. Området må då få eit anna namn enn magasin. Dersom me set mest mogeleg av den eldste og minst aktuelle litteraturen vår i eit magasinområde og lar hyllene her vera litt høgare og stå litt tettare, kan me spara plass og få meir rom for formidling av den mest aktuelle litteraturen. Samstundes kan dei som er interessert i det eldste materialet få lov til å gå og sjå på eigenhand. Dersom me set den eldste og mest slitte litteraturen ut på dei vanlege hyllene, vil heile samlinga sjå eldre og meir slitt ut.

Teikneseriar, fantastisk litteratur og film kan passa inn fleire stader i biblioteket. Me må plassera litteraturen og media slik at det er tilgjengeleg og freistande for alle som er interesserte.

Lokal sone

Biblioteka har eit spesielt ansvar for å presentera og ta vare på lokallitteratur og bøker og andre media laga av lokale forfattarar. Den lokale sonen kan og utviklast til å bli eit utstillingsområde for lokalhistoriske gjenstandar. Ein bør skifta utstillingar med jamne mellomrom for å skapa ei forventning om nye opplevingar på biblioteket. Me ønskjer å vera ein stad der lokale krefter, vaksne innbyggjarar, skular og barnehage få visa fram det dei lagar.



Auditorium

Biblioteket ønskjer å stå for eit sentralt og mangfaldig, kulturtildel i kommunen. Me ønskjer å ha forfattarbesøk, teaterførestillingar og førelesningar. For å få dette til, må me ha lokale som egnar seg til formålet.

Auditoriet kan bli ei storstove for alle einingane i kommunen. Det er ikkje alle som har gode lokale til å samla alle dei tilsette i. Kulturskulen kan ha konsertar i auditoriet. Eit auditorium kombinert med grupperom, kan gjera biblioteket til ein populær stad å vera når det er kurs og samlingar.

Fleire store bibliotek har auditorium i biblioteklokala. Bilete er frå Bergen offentleg bibliotek (2013) sitt auditorium. I Bergen leiger dei ut auditoriet til andre som vil bruka det.

Når ein person skal halda bibliotek ope og setja i gong arrangement som filmframstykkingar i opningstida, må rommet som arrangementa skal vera i stå klart. Me kan ikkje setja utover stolar og hjelpe folk i informasjonsskranken samstundes.

Filmrommet

Bygdekinoen i Samnanger er nedlagt og det er eit savn at det ikkje er eit lokalt filmtildel i kommunen. Bibliotek kan visa film gjennom ei ordning som heiter Filmrommet (Norgesfilm, 2010). For kr. 750.- per månad kan biblioteket visa så mykje film som me ønskjer. Kva med ei fast filmframstykking for born kvar laurdag og for ungdom ein ettermiddag i veka? Det er ønskjeleg med eit opplegg med sterkt brukarmedverknad frå ungdommen si side. Kan me få til noko gjennom eit samarbeid med Ungdomsrådet?

Filmrommet inneheld 1700 ulike filmar frå ganske ferske filmar til gamle perler. Her er mykje forskjellig å velja blant.

I tillegg til at film er kjekt i seg sjølv, kan faste film-framvisningar gjera at folk venner seg til å gå på biblioteket. Det blir lettare å få folk til å komma på andre arrangement, dersom dei er vant med å sjå film på biblioteket.

Intern sone

Dei tilsette treng eit kontor slik at me kan få mest mogeleg av internt arbeid som stablar med bøker som ventar på å bli registrert ut av synet for publikum. Me lagar til depot til barnehagar, dagsenter og andre institusjonar. Me treng ein utgang med rampe som gjer det lett for oss å lasta desse depota over i bilen. Dei tilsette treng pauserom og garderobe. Me må ha fokus på gode arbeidstilhøve, godt lys og lite støy. Innreiinga må vera praktisk slik at me kan køyra bøkene rundt på traller i staden for å bæra tunge stablar med bøker. For å halda orden treng me òg eit lite lager.

Virtuell sone

Det er viktig at biblioteket har oppdaterte heimeside med aktuelt innhold. På heimesidene skal det vera enkelt å finna kontaktinfo, opningstid, finna ut kvar biblioteket ligg og finna ut kva som skjer på biblioteket. Sosiale medium som facebook kan vera eit hjelpemiddel for å marknadsføra biblioteket.

Storleiken på lokala

For at kommunestyret skal kunna vurdera om me kan skapa eit nytt bibliotek i Samnanger, treng me eit overslag over kva biblioteket vil koste første omgong må me finna ut kor stort biblioteket skal vera.

I følgje retningslinjene for bibliotek frå UNESCO bør ingen bibliotek vera mindre enn 370 kvadratmeter. (Folkebibliotektenesta, 2002)

BS Eurobib er leverandør av bibliotekutstyr og ein aktør innan bibliotekinnreiing. BS Eurobib (2013) bereknar arealet etter storleiken på mediesamlinga. Dei reknar 65-70 bind per kvadratmeter. Det talet inkluderer trafikkareal, skrankeområde og sitjeplassar. Magasin og lesesal er ikkje inkludert. For studieplassar bereknar dei minimum 1,5 kvadratmeter per plass.

Samnanger folkebibliotek har om lag 17 000 bøker og andre media ute i biblioteket og om lag 1000 bøker i magasin. Sjølv om me kasserer bøker og andre media heile tida, så veks samlinga litt kvart år. Kvart år får me inn godt over 1000 nye bøker og andre media med det me får frå Norsk kulturråd og det me kjøper sjølv. Ideelt sett bør me kasta like mange gamle bøker og andre media som me kjøper nye. Bøker me kastar er utslitne bøker, utdaterte bøker som er blitt utdaterte og bøker som ingen låner.

I eit framtidig bibliotek kan me berekna om lag 4000 bøker i ope magasin og om lag 20000 bøker og andre media i biblioteket. Det er ønskjeleg med litt meir plass enn normene seier til barnesonen, ungdomssonen og plass til ulike tema- og lokalhistoriske utstillingar. I tillegg må me rekna plass til grupperom, auditorium, interne arbeidsområde og media som står i magasinområdet. Eit nytt bibliotek bør vera på nærmere 500 kvadratmeter for å få plass til alt me ønskjer på biblioteket. Det er viktig at innreiinga ikkje blir for tett. Biblioteket skal vera oversiktleg og luftig.

I tabellen har kultureininga prøvd å konkretisera kor mykje areal kvar ein skild sone/rom treng i eit nytt bibliotek. Dersom me kun ser på kor mykje plass ein treng til oppbevaring av mediesamlinga, kan ein anslå det til litt i underkant av 300m². Arealet ein treng i tillegg er areal det er mogeleg å ha arrangement på, areal for å skapa opplevingar slik som areal til utstillingar, areal for å kunna visa framsider av bøker og gode sitteplassar, både til stille fordjuping og for å gjera biblioteket til ein møteplass.

Me ønskjer å eigne rom som auditorium og grupperomma. Det er viktig å tenkja fleksibilitet. Grupperomma kan nyttast både som stillelesesal, arbeidsplass for studentar, møter, kollokvium og spel-rom. Det er ønskjeleg å ha tre grupperom, med skyvevegg mellom to av dei, slik at ein har rom med ulik storleik til ulike behov.

Sonar/rom	kvm
Ungd., ein plass å vera	50
Barneavd., ein plass å leika	70
Tidssrift, gode sitteplassar	15
Auditorium, 60 plassar, scene	100
Grupperom	30
Vaksenavdelinga	200
Magasin, tilgjengeleg for lånarane?	20
Lokalsamling, gjenstandar?	10
Utstilling	15
Kontor, Til biblioteksjef	10
Arbeidsrom/pauserom/tekjøkken	10
Lager	5
Toalett for publikum	5
Toalett for tilsette	5
Bøttekott	2
Kommunal informasjon	
Datamaskiner for publikum	
I ALT	547

Vaksenavdelinga inneheld, skrankeområdet med utlån, rettleiing og innlevering, sitjeplassar for vaksne og mediesamlinga for vaksne. Mediesamlingar omfattar mykje, som skjønnlitteratur, faglitteratur, musikk, lydbøker, film og teikneseriar. Nokre tema og sjangrar er kjekke å skilja ut på eigne hyller, slik som krim, friluftsliv, hobby og bygderomanar.

Magasinet kan gjerne vera i hyller som er tilgjengeleg for lånarane, men det er viktig at denne delen av samlinga ikkje står saman med dei andre bøkene. Eit anna alternativ er å nytta kompaktmagasin for å spara plass.

6. Oppsummering og refleksjonar på vegen vidare

Den eneste grund til at have et fysisk bibliotek i fremtiden er netop, at her kan du gå hen, når du har bruk for at träffa andre, tale med og få hjälp af mennesker in real life, og ikkje klare dig sjølv med en skærm og evt. en "on-lineperson".

Børge Søndergård (Niegaard et. al., 2008, s. 71.)

Biblioteket er tilgong til bøker og andre media. Formata informasjonen kjem i er i endring. Lånarane spør etter e-bøker og biblioteka ventar på at sentrale aktørar skal få i stand avtalar om utlån av e-bøker i biblioteka. Biblioteka må endra seg for å følgja med i utviklinga. Netttenester kan bli viktigare enn før. Biblioteka si rolle går frå å vera utlånsstasjonar til å verta møteplassar. Når eg skal gjennom denne endringa er det viktig å vera medviten prosessen ein går inn i. Ein må analysera dagens situasjon og finna ut kva som treng å endrast. Det er viktig å ha klare mål for korleis ein ønskjer at tilbodet skal bli. Ein treng strategiar for å nå måla og må evaluera resultatet når endringane er gjennomførte (Jacobsen, 2004, s. 20).

Innovasjon kan vera noko nytt eller forbetrinigar av tenester ein allereie. Noko som andre alt gjer, kan vera nyskapande hos oss. Ein treng ikkje finna opp krutet på nytt. Det lønnar seg å henta erfaringar frå andre bibliotek og sjå kva løysingar som passar hos oss. Det blir eit innovasjonsprosjekt å skapa eit bibliotek som er ein god møteplass i kommunen. Ein ny møteplass treng ei sentral plassering, god plass og auka personalressursar. Me treng innreiing som er fleksibel, praktisk og spanande og som presenterer innhaldet i biblioteket på ein god måte. Me må setja brukarane av biblioteket i sentrum og fokusera på kva funksjonar me ønskjer at biblioteket skal ha. Kva ønskjer innbyggjarane? Kva føringar legg regional og nasjonal bibliotekpolitikk opp til? Er det nye tenester som bør planleggjast i eit nytt bibliotek?

Kven ønskjer å vera samarbeidspartane våre? Når me først lagar noko nytt er det ønskjeleg at det er nyskapande og det er mange spanande spørsmål å ta utgangspunkt i.

Behova til alle innbyggjarane må vera dekka i den universelle utforminga. Det er viktig å dra inn fagkunnskap på universell utforming så tidleg som mogeleg. Ein kan setja opp lister over funksjonar ein ønskjer på biblioteket og fordela desse funksjonane på soner i biblioteket. Kvar sone kan få sitt sær preg i høve til innreiing og utsmykking. Interiørarkitektur kan styrkja identiteten til institusjonar.

Det er mange som vil ha stor glede av eit nytt bibliotek, men som kanskje ikkje er klare over kva tilbod biblioteket kan bli i høve til det me er i dag. Lag og organisasjonar, kulturskulen og andre einingar i kommunen kan nytta biblioteka til sine arrangement og møter. Studentar kan få arbeidsplassar. Grupperom til kollokviearbeit er til dømes mangelvare i Samnanger. Kanskje planarbeidet med nye biblioteklokale kan synleggjera kva biblioteket kan bli og gjea at me får sterke drivkrefter bak utbygginga?

I høve til nytenking er ideen rundt auditoriet den viktigaste satsinga. Biblioteket treng gode lokale med teknisk utstyr for å bli ein betre arrangør. Det må vera mist mogeleg arbeid å klargjera lokala. Om me har eit lokale ståande klart er det berre å sleppa fantasien laust i høve til kva arrangement me ønskjer å få til og korleis me skal skaffa midlar til arrangementa. Kva med vil-vite-fysikk show eller ei reise i gamle islandske sagaer?

Nye biblioteklokale kan vera eit ledd i sentrumsutviklinga på Bjørkheim. Nytt bibliotek er eit ledd i kultursatsinga i kommunen. Nye lokale med universell utforming vil gjea biblioteket tilgjengeleg for alle som ønskjer å bruka det. Det er opp til politikarene å bestemma om det er biblioteket dei vil satsa på i høve til prioriteringane som må gjerast når det gjeld ressursane til kommunen. Eg håpar det er mogeleg å realisera prioriteringa frå Kulturplanen (Samnanger kommune, 2009) om å gje innbyggjarane eit nytt bibliotek der folk ferdast.



Når det regnar er gode innandørs møteplassar kjærkomne. Eg håpar at me får eit nytt bibliotek i Samnanger, eit bibliotek som blir ein møteplass for alle.

August, 2013, Biblioteksjef Astrid Holmefjord

7. Litteraturliste

Bergen offentlige bibliotek (2013) *Leie av auditoriet*. Tilgjengeleg frå: <<http://bergenbibliotek.no/ombiblioteket/tjenester/leie-av-auditorium-1>> [Lasta ned 17.02.2013]

Biblioteksentralen (2006) *Biblioteklokalene*. Oslo, Biblioteksentralen

Biblioteksentralen (2013) *RFID*. Tilgjengeleg frå: <<http://www.bibsent.no/automatisering/rfid.aspx>> [Lasta ned 02.03.2013]

Bosch & Fjord (24.03.2009) *Hjørring Library by Bosch*. Tilgjengeleg frå: <& Fjord<http://karmatrendz.wordpress.com/2009/03/24/hj%C3%88rring-library-by-bosch-fjord/>> [Lasta ned 05.03.2013]

BS Eurobib (2013) *Barne- & ungdomsmøbler*. Tilgjengeleg frå: <http://butikk.bseurobib.no/?productgroupid=515&webpartid=BSE_ProductGroupGallery.ax&path=5637424522:5637424618> [Lasta ned 09.03.2013]

BS Eurobib (2013) *Areal- og kapasitetsbehov*. Tilgjengeleg frå: <<http://www.bseurobib.no/Innredningstjenesten/Areal-og-kapasitetsbehov>> [Lasta ned 16.02.2013]

BS Eurobib (2013) *Wagner Guide Access+*. Tilgjengelig frå: <<http://www.bseurobib.no/Produkter/Elektronisk-veiviser/Wagner-Guide-Access>> [Lasta ned 17.02.2013]

Cherritos Library (2013) *Interior photographs*. Tilgjengelig frå: <http://menu.ci.cerritos.ca.us/galleryExteriors/cl_exteriorGallery.html> [Lasta ned 09.03.2013]

Dahlkild, N. (2011) *Biblioteket i tid og rum*. København, Danmarks biblioteksforening

Det Kongelige kulturdepartement (2013) *Forslag til endringer i lov 20. desember 1985 nr. 108 om*. Tilgjengeleg frå: <[folkebibliotekhttp://www.regjeringen.no/pages/37376738/Lov_om_endring_folkebibliotekloven.pdf](http://folkebibliotek.http://www.regjeringen.no/pages/37376738/Lov_om_endring_folkebibliotekloven.pdf)> [Lasta ned 07.08.2013]

Folkebibliotektenesta. *IFLA/UNESCOs retningslinjer for utvikling*. Oslo: ABM-utvikling, 2002. S. 117-119.

Grannar (2013) *Besøksauke på over 200 prosent*. Tilgjengeleg frå: <<http://grannar.no/2013/02/besøksauke-pa-over-200-prosent>> [Lasta ned 07.08.2013]

Haugland, M. H. (2013) *Workshop*. Tysse, Samnanger kommune

Hordaland fylkesbibliotek (2012) *Statistikk*. Tilgjengeleg frå: <<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Fylkesbiblioteket1/Statistikk->> [Lasta ned 20.02.2013]

Jochumsen, H. (2012) *Biblioteket i byrommet – arkitektur, attraksjon og arena*. Bilag til Bok og Bibliotek, 6, s. 4-7.

KS (2011) *Bibliotek*. Tilgjengeleg frå: <http://www.bedrekommune.no/bedrekommune/tidligere_gjennomfoerte_brukerundersoekelser/bibliotek> [Lasta ned 08.03.2013]

Lammhult design (2012) *Kven er bibliotekets målgruppene- og hvilket innhald kan dere tilby?* Bilag til Bok og Bibliotek, 6, s. 10-11.

Nesodden bibliotek (23.01.2013) *Velkommen til Nesodden bibliotek*. Tilgjengeleg frå: <<http://www.nesodden.kommune.no/artikkel.aspx?MId1=3587&AId=7091>> [Lasta ned 12.03.2013]

Niegaard, H., Lauridsen, J., Schultz, K. (2008) *Biblioteksrummet*. København, Danmarks Biblioteksforening

Nipen, K. (2012) *Nye biblioteker gir utlånsboom*. Aftenposten, 10.10.2012. Tilgjengeleg frå: <<http://www.aftenposten.no/kultur/Nye-biblioteker-gir-utlansboom-7012739.html>> [Lasta ned 17.02.2013]

Norgesfilm (2010) *Filmrommet, film for skoler og bibliotek*. Tilgjengelig frå: <<http://www.filmrommet.no/>> [Lasta ned 17.02.2013]

Rasmussen, C. H., Jochumsen, H., Skot-Hansen, D. (2011) *Biblioteket i byudviklingen*. København, Danmarks biblioteksforening

Samnanger kommune (10.02.2009) *Kulturplan for Samnanger kommune, kultur for alle*. Tilgjengeleg frå: <<https://www.samnanger.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=61&FilId=14>> [Lasta ned 28.03.2012]

Samnanger kommune (13.07.2010) *Samnanger - der du vil leva og bu, kommuneplan for 2007-2017* [kortversjon]. Tilgjengelig frå: <<https://www.samnanger.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=5&FilId=49>> [Lasta ned 16.02.2013]

Samnanger kommune (13.07.2010) *Kommuneplan for Samnanger kommune, Samnanger der du vil leva og bu*. Tilgjengelig frå: <<https://www.samnanger.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=5&FilId=13>> [Lasta ned 28.03.2012]

Samnanger kommune (2011) *Leseløftet*. Tilgjengeleg frå: <<https://www.samnanger.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=67&FilId=437>> [Lasta ned 16.02.2013]

Samnanger kommune (20.02.2013) *Områdereguleringsplan for Bjørkheimsrådet*. Tilgjengeleg frå: <<https://www.samnanger.kommune.no/artikkel.aspx?Aid=804&Back=1&MId1=100>> [Lasta ned 09.03.2013]

Samnanger kommune (2013) *[Kart over] Samnanger* Tilgjengeleg frå: <<https://www.samnanger.kommune.no/Bildevis2.asp?MId1=35&BildeId=48>> [Lasta ned 12.03.2013]

Uniqia (2013) *Pedagogiske møbler*. Tilgjengeleg frå: <<http://uniqia.no/pedagogiske-mobler.html>> [Lasta ned 09.03.2013]

Muntleg kjelde: Marit Rønnevik, Etne bibliotek



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-151
Arkivsaksnr: 14/398	Løpenr: 14/7387
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Eldrerådet	15.12.2014	009/14	JEB

BUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015 - 2018 - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Dokument som er vedlagt:

Saksutgreiing til formannskapet - årsbudsjett 2015

Saksutgreiing til formannskapet - økonomiplan 2015-2018

Rådmannen sine budsjettmerknader

Dokument som ikke er vedlagt:

Taldelen av framlegg til årsbudsjett 2015

Taldelen av framlegg til økonomiplan 2015 – 2018.

Saksutgreiing til formannskapet - avgifter og gebyr 2015

Saksutgreiing til formannskapet - regulering av husleige kommunale bygg 2015

Kva saka gjeld:

Eldrerådet har rett til å uttala seg om årsbudsjettet for kommunen før kommunestyret si handsaming. Årsbudsjettet for 2015 skal opp som sak i kommunestyret 17.12.2014.

Eldrerådet har også rett til å uttala seg om kommunen sin økonomiplan. Kommunestyret skal 17.12.2014 handsama økonomiplanen for perioden 2015 – 2018.

52 av 151

Dette saksframlegget inneholder ei kort orientering om framlegget til årsbudsjett for 2015 og framlegget til økonomiplan for perioden 2015 – 2018. I tillegg er det også teke med informasjon om forslag til endringar i kommunale avgifter og regulering av husleige i kommunale bygg i 2015.

Rådmannen si saksutgreiing til formannskapet om årsbudsjett for 2015 og økonomiplan for perioden 2015 – 2018 følgjer vedlagt. I tillegg er rådmannen sine budsjettmerknader vedlagt.

Informasjon om framlegget til årsbudsjett for 2015

I budsjettframlegget for 2015 er det lagt opp til å vidareføra det same tenestenivået og dei same økonomiske rammene i einingane som i 2014. For pleie og omsorg er budsjettet vesentleg endra som følgje av mellombels drift. Men framlegget inneber ikkje noko reduksjon i dei samla tenestene. Helsestasjonen er styrka med om lag 100.000 kroner (jf. statleg satsing) og brannvesenet har fått auka budsjettet sitt vesentleg (i hovudsak på grunn av lovpålagt opplæring).

Kommunen skal i 2015 innføra eigedomsskatt på bustadeigedomar, fritidseigedomar og næringseigedomar. Forventa inntekt på dette i 2015 er ca. 4,5 millionar kroner. Kommunestyret vil 17.12.2014 fastsetja skattesatsen og eventuelt botnfrådrag for 2015.

Tilråding frå formannskapet 19.-20.11.2014

Formannskapet vedtok 19.-20.11.2014 følgjande tilråding til kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettkjema 1A, 2A, 1 B drift, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering og detaljar investering og med desse endringane:

	kostnad	finansieringskjelde	
Dirigent	50000	Omdisponering kulturbudsjettet	
Veg Totræna	225000	Fond musikkbinge	225 000
kyrkjegarden mur	50000	Fond kulturminnevern	50 000
Regulering av løn ordførar, rådmann og ass. Rådmann inkl sosiale utgifter	100 000		
		Avsett til lønsauke	32 000
		Meirinntekter foreldrebetaling barnehage	68 000

Lån til sjukeheimen – 48 mill. kroner - vert teke opp over 50 år med 2 års avdragsfri periode . Øvrige lån – 13 mil. kroner – vert teke opp over 40 år med 1 år avdragsfri periode.

Samnanger kommune vil vurdera å selja konsesjonskrafta på langtidskontrakt, 30 år, 50 år eller for alltid. Føremålet er å frigjera kapital til ulike kommunale oppgåver. Rådmannen hentar inn tilbod og førebur sak til kommunestyret. Det kan nyttast ekstern ekspertise til å hjelpe til å oppnå best mogleg pris.

Informasjon om framlegget til økonomiplan for perioden 2015 – 2018

Kommunestyret vedtok i juni 2014 økonomiplan for 2015 – 2018. Denne må korrigeras av kommunestyret 17.12.2014 for å vera rett i høve til m.a. årsbudsjettet for 2015 og for å ta inn ny informasjon om økonomiske rammer og prosjekt som har utvikla seg annleis enn me rekna med i juni.

Dei største utfordringane er at det er lite midlar disponible til nye tiltak og mange aktuelle tiltak er ikkje tatt inn i økonomiplanen. I framlegget er det derfor få nye tiltak utover nokre prosjekt innan sjølvkostområda. Det er lagt inn midlar til fornying av bilparken på teknisk i 2017. Av praktiske grunnar har me utsett bygging av bu- og aktiviseringssenter til tidlegast i 2016. Dette tiltaket må kostnadsrekna på nytt fordi det er trong for meir areal samt at m2-prisen er sett for lågt.

Dersom kommune vel å investera i nye biblioteklokale vert det tilrådd å omdisponere midlar og nyte fond for å få redusere avgiftene.

Drift i økonomiplanperioden

Driftsnivået i einingane vert halde på same nivå i heile økonomiplanperioden. Det er ikkje valt inn mange tiltak sjølv om me ser at me vil få utfordringar med mellom anna vedlikehald på veg.

Driftsnivået etter at ny sjukeheim vert teken i bruk er ikkje avklara. Me legg til grunn effektivisering og innsparing i drifta. Dette er stipulert til 200.000 kroner i 2016 og 600.000 kroner kvart av åra deretter. Det kan truleg sparast inn noko meir, men førebels er det så usikkert at me må vente og sjå.

Tilråding frå formannskapet 19.-20.11.2014

Formannskapet vedtok 19.-20.11.2014 følgjande tilråding til kommunestyret:

Framlegg til økonomiplan vert vedteken slik han ligg føre i saksutgreiinga med vedlegg budsjettkjema 1 A, 2 A, hovudoversikt drift og hovudoversikt investering og med dei korrigeringar som fylgjer av vedtak i sak 64/14 budsjett 2015.

Informasjon om framlegg til kommunale avgifter og gebyr 2015

Det vert foreslått å auka dei fleste satsane for kommunale avgifter og gebyr med 3%, med verknad frå 01.01.2015. Nokre avgiftssatsar vert regulerte av staten, og for desse kan auken i 2015 verta ein annan enn 3%. Det same gjeld også nokre satsar som kommunen sjølv fastset, mellom anna vassavgift (som vert foreslått auka med 2,5%) og årsavgift for avløp (som vert foreslått auka med 4%).

Det vert også foreslått å innföra kvartalsvis fakturering for tömming av private septiktankar. Dette er same ordning som dei som er tilknytta kommunale septiktankar har i dag.

Tilråding frå formannskapet 19.-20.11.2014

Formannskapet vedtok 19.-20.11.2014 følgjande tilråding til kommunestyret:

Kommunale avgifter og gebyr for 2015 vert fastsett i samsvar med vedlagte oversikter.

Informasjon om framlegg til regulering av husleige kommunale bygg 2015

Det vert foreslått ei generell auke på 3 % på husleiger for 2015, avrunda til nærmeste 0 eller 5 kr.

Tilråding frå formannskapet 19.-20.11.2014

Formannskapet vedtok 19.-20.11.2014 følgjande tilråding til kommunestyret:

Husleigene i kommunale bygg vert regulert i samsvar med tabelloppsettet i saksutgreiinga.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-151
Arkivsaksnr: 14/398	Løpenr: 14/6761
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	19.11.2014	065/14	TR
Kommunestyret	17.12.2014		TR

BUDSJETT 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettkjema 1A, 2A, 1 B drift, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering og detaljar investering .

19.11.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal (Ap) og Liv Berit Befring (Ap) sette fram slikt framlegg:

Samnanger kommune vil vurdera å selja konsesjonskrafta på langtidskontrakt, 30 år, 50 år eller for alltid. Føremålet er å frigjera kapital til ulike kommunale oppgåver. Rådmannen hentar inn tilbod og førebur sak til kommunestyret. Det kan nyttast ekstern ekspertise til å hjelpe til å oppnå best mogleg pris.

Formannskapet slutta seg samråystes til framlegget frå Arbeidarpartiet.

Formannskapet drøfta inngående korleis Samnanger kommune skal arbeida med næringsutvikling. Det er viktig at dette arbeidet vert prioritert.

Rådmannen gjorde merksam på at vedtak om godtgjersla til ordførar og auka løn til rådmannen og assisterande rådmann medfører ein kostnad på 100.000. Foreldebetalingsa i barnehagane er

underbudsjettert med kr 68.000, og kan nyttast til å dekka kostnaden. Resterande sum kan finansierast ved at konto for tilleggsloyving vert sett ned.

Under drøftingane vart det sett fram følgjande framlegg til endringar av rådmannen sitt framlegg:

- Dirigent til skulemusikken ei løyving på kr 50.000 som vert finansiert ved omdisponeringar innan kulturbudsjettet. Ordninga vil også gjelda for 2016
- Veg til Totræna – ei løyving på kr 225.000 som vert finansiert ved bruk av fond avsett til musikkbinge
- Vøla av kyrkjegardsmur – ei løyving på kr 50.000 som vert finansiert ved bruk av fond kulturminnevern

Formannskapet røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak og dei framlegga som vart sett fram i møtet. Formannskapet fatta eit samråystes vedtak. Dei røysta og samråystes for at det vert teke opp lån i 2015 og på kva vilkår.

FORM-065/14 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, 1 B drift, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering og detaljar investering og med desse endringane:

	kostnad	finansieringskjelde	
Dirigent	50000	Omdisponering kulturbudsjettet	
Veg Totræna	225000	Fond musikkbinge	225 000
Kyrkjegarden mur	50000	Fond kulturminnevern	50 000
Regulering av løn ordførar, rådmann og ass. Rådmann inkl sosiale utgifter	100 000		
		Avsett til lønsauke	32 000
		Meirinntekter foreldrebetaling barnehage	68 000

Lån til sjukeheimen – 48 mill. kroner - vert teke opp over 50 år med 2 års avdragsfri periode . Øvrige lån – 13 mil. kroner – vert teke opp over 40 år med 1 år avdragsfri periode.

Samnanger kommune vil vurdera å selja konsesjonskrafta på langtidskontrakt, 30 år, 50 år eller for alltid. Føremålet er å frigjera kapital til ulike kommunale oppgåver. Rådmannen hentar inn tilbod og førebur sak til kommunestyret. Det kan nyttast ekstern ekspertise til å hjelpe til å oppnå best mogleg pris.

Dokument som er vedlagt:

Budsjett 2015, merknader fra rådmannen.pdf
 Rekneskap samla fra rådmannen.docx
 Netto pr ansvar, rekneskapsskjema 1 B.docx

Kva saka gjeld:

Rådmannen har lagt fram eit budsjett for 2015 i balanse. Driftsutgiftene er på vel 194 mill. kroner, ein auke på 1,2 mill. kroner samanlikna med 2014. Investeringsbudsjettet er på 106 mill. kroner. Økonomiplan for 2015 – 2018 er grunnlaget for framlegg til budsjett 2015.

Med unnatak av pleie og omsorg er drifta i 2015 om lag som i 2014, med to små unnatak.

Helsestasjonen er styrka med vel 100.000 kroner (jmf. statleg satsing) og brann har fått auka budsjettet sitt vesentleg (mest pga. lovpålagt opplæring). Omlegging av reinhaldstenestene frå einingane til teknisk drift i 2015, med eige ansvar – 1606, gjer at det ikkje er så lett å samanlikna utviklinga i dei økonomiske rammene på den einskilde eining/ansvar.

Samla lønsutgifter er på 130 mill. kroner, dvs 67% av samla driftsutgifter. I 2014 er det i tillegg til dei 129 mill. kroner, som er vist i budsjettet, ein post til lønsauke sett av på konto for tilleggsløyving. Det betyr at lønsutgiftene våre er ein god del høgare i 2014 enn i 2015. Nedgangen skuldast mindre lønsutgifter i eining for pleie og omsorg både som fylgje av mellombels drift av sjukeheimen og samling av tilbodet til personar med nedsett funksjonsevne.

Beskrivelse	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Fastlønn art 010	79 605 021	80 497 577	81 502 751
Seniortillegg	153 379	211 792	210 699
Vikar art 020	6 576 605	5 439 076	5 181 378
Ekstrahjelp art 030	1 801 715	2 013 618	1 651 230
Overtid art 040	872 861	393 700	428 331
Andre art 050	1 914 478	2 223 201	2 041 205
Lønn vedlikehald	2 574 148	2 276 007	2 414 540
Lønn reinhald	3 228 330	2 881 888	2 986 545
Godtgjersle art 08	1 580 738	1 433 488	1 856 460
Andre opplysningspliktige godtgjeringar	1 069 387	1 124 900	1 149 600
Sum lønn	99 376 662	98 495 247	99 422 739
Pensjon	11 550 476	14 722 130	14 489 179
Arbeidsgjevaravgift	14 821 130	15 744 706	15 618 774
Sum sosiale utgifter	26 371 606	30 466 836	30 107 953
Sum lønn og sosiale utgifter	125 748 268	128 962 083	129 530 692
Refusjon sjukelønn	-3 673 609	-1 310 000	-1 460 000
Refusjon fødselspengar	-674 654	-299 287	-1 171 541
Sum refusjon lønn	-4 348 263	-1 609 287	-2 631 541
Netto lønn	121 400 005	127 352 796	126 899 151

På nokre område er det løyvd mindre midlar i 2015 enn i 2014. Tabellen under viser oversikt over inventar og utstyr der dette er tilfelle. Når det gjeld kurs, har me klart å auka løyvinga litt frå 833.000 kroner i 2014 til 905.000 i 2015.

	Reknekap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Inventar	252 353	170 500	129 500
Utstyr	304 060	337 500	288 500
Reinholdsutstyr	16 323	24 000	29 000
Datautstyr	239 723	551 000	504 000
inventar og utstyr	812 459	1 083 000	951 000

Investeringsbudsjettet er på vel 105 mill. kroner; kor 60 millionar er finansiert med lån. Med få unnatak er delar av investeringsbudsjettet tiltak som er vedteke i tidlegare års budsjett, men som av ulike grunnar ikkje er komne i gang eller er kome kortare i prosessen enn planlagt. Me har vald å føra heile den resterande summen på dei ulike prosjekta opp att på nytt.

I rådmannen sine merknader er det gjort nærmere greie for dei disposisjonane som er gjort. I vedlegg til økonomiplan er det ein oversikt over tiltak som er spelt inn og som det ikkje er funne rom for. Det er som venta svært mange tiltak frå teknisk. Det har vore eit ønske om å selja aksjane kommunen har i Nordisk Areal as. Slik situasjonen har vore ser det ut til at kommunen må selja til under dagens verdi. Det vil gje eit rekneskapsmessig tap som må finansierast. Dette tiltaket er ikkje prioritert inn i rådmannen sitt framlegg.

Samnanger kommune får ein ny ”energipaviljong” på Bjørkheim. Denne har tema rundt energi og kunnskap, og vil forhåpentlegvis vera til glede for mange. I budsjettframlegget er det lagt inn noko midlar til drift (straum), men det er ikkje rekna med utgifter til planering m.m. det er mindre planering som skal til og det vert rimelegast å gjera i samband med legging av VVA.

Rådmannen har kalla dei hovudtillitsvalde inn til møte 17.11.2014. jmf. økonomireglementet om budsjettarbeidet.

Vurderingar og konsekvensar:

Statsbudsjettet ga oss inntekter om lag som forventa i økonomiplanen, men me har fått vesentlege reduksjonar i inntekter frå kraftproduksjon og statlege refusjonar til flyktningar. Tap av inntekter på rundt 3 million kroner er ikkje lett å handtera når dei økonomiske rammene frå før er stramme. Den mest usikre inntekta er eigedomsskatt frå verk og bruk. Den ligg vel 1 mill. kroner høgare enn det som er meldt oss. Me har stilt spørsmål om skattegrunnlaget er rett, og venteleg vil me få eit svar innan formannskapet har sitt møte. Me valde å legga inn vesentleg høgare statstilskot til flyktningar i økonomiplanen i juni enn det regelverket tilseier. Rådmannen meiner, ut frå dei samtalar som har vore så langt, at dette er så usikker inntekt at me i framlegget ikkje har lagt det inn. Det utgjer i overkant av 2 mill. kroner.

Me har lagt inn 500.000 kroner meir i inntekt frå eigedomsskatt på bustad, fritidsbustad og næring enn det som var lagt til grunn i økonomiplanen. Det er for tidleg å seia noko om kva satsar som skal til for å få inn den budsjetterte summen, men me reknar med at det ikkje er naudsynt å gå høgare enn 2 promille av skattegrunnlaget. Det vil vera avhengig av kva kommunestyret vel av ”rabattar”.

Rådmannen er nøgd med at me har klart å finansiera mellombels drift innan pleie og omsorg innanføre dei ordinære økonomiske rammene. Som vanleg og diverre innehold budsjettframlegget lite til vedlikehald. Med bygging av ny sjukeheim og noko oppussing av 1995-bygget vil likevel samla standard for dei kommunale bygga få eit løft. På vegsida er det standarden på bruene som valdar størst problem.

58 av 151

Med dei store låneopptaka framføre oss og utan midlar på tilleggsløyvingskonto eller disposisjonsfond er det problematisk å legge fram eit budsjett så vidt i balanse. Her er det ikkje noko netto driftsresultat å snakka om.

Det vert elles vist til vedlagde merknader til budsjettet.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-143
Arkivsaksnr: 14/320	Løpenr: 14/6767
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	19.11.2014	066/14	TR

ØKONOMIPLAN 2015 - 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til økonomiplan vert vedteken slik han ligg føre i saksutgreiinga med vedlegg budsjettkjema 1 A, 2 A, hovudoversikt drift og hovudoversikt investering.

19.11.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Det vert vist til vedtak i sak 60/14 om bibliotek som kan få konsekvensar for økonomiplanen. Dette vil først verte teke stilling til i kommunestyret i desember.

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak med dei korrigeringar som vart gjort i sak 65/14 budsjett 2015.

Gunnar Bruvik (Frp) og Øyvind Røen (Sp) ba om ein protokollmerknader der dei presiserer at dei er usamd i at Samnanger kommune innfører eigedomsskatt på bustadhus, fritidshus og næring.

FORM-066/14 VEDTAK:

Framlegg til økonomiplan vert vedteken slik han ligg føre i saksutgreiinga med vedlegg budsjettkjema 1 A, 2 A, hovudoversikt drift og hovudoversikt investering og med dei korrigeringar som fylgjer av vedtak i sak 64/14 budsjett 2015.

Dokument som er vedlagt:

Oversikt over drift inkl. tiltak som ikkje er valde.pdf
Budsjettkjema 1 A 2015-2018.docx
Budsjettkjema 2 A 2015-2018.docx
Hovudoversikt drift 2015-2018.docx
Hovudoversikt investering 2015-2018.docx

Dokument som ikkje er vedlagt:

Gjeldande økonomiplan 2015 – 2018 vedteken av kommunestyret i juni 2014.

Kva saka gjeld:

Kommunestyret vedtok i juni 2014 økonomiplan for 2015 – 2018. Denne må korrigeras for å vera rett i høve til m.a. årsbudsjettet for 2015 og for å ta inn ny informasjon om økonomiske rammer og prosjekt som har utvikla seg annleis enn me rekna med i juni.

Økonomiplanen skal i fylge kommunelova §44 - 2 innehalde minst dei fire neste budsjettåra. Vedtak om bygging av ny sjukeheim vil få konsekvensar for kva nye investeringar kommunen kan ta på seg i mange år framover. Det vil og påverka driftsbudsjettet til kommunen.

Investeringar

Dei største utfordringane er at det er lite midlar disponible til nye tiltak og mange aktuelle tiltak er ikkje tatt inn i økonomiplanen. I framlegget er det derfor få nye tiltak utover nokre prosjekt innan sjølvkostområda. Det er lagt inn midlar til fornying av bilparken på teknisk i 2017. Av praktiske grunnar har me utsett bygging av bu- og aktiviseringssenter til tidlegast i 2016. Dette tiltaket må kostnadsrekna på nytt fordi det er trong for meir areal samt at m2-prisen er sett for lågt. Dersom kommune vel å investera i nye biblioteklokale vert det tilrådd å omdisponere midlar og nytte fond for å få redusere utgiftene. Viser til eiga saksutgreiing.

Drift

Driftsnivået etter at ny sjukeheim vert teken i bruk er ikkje avklara. Me legg til grunn effektivisering og innsparing i drifta. Dette er stipulert til 200.000 kroner i 2016 og 600.000 kroner kvart av åra deretter. Det kan truleg sparast inn noko meir, men førebels er det så usikkert at me må vente og sjå.

Driftsnivået i einingane vert halde på same nivå i heile økonomiplanperioden. Det er ikkje valt inn mange tiltak sjølv om me ser at me vil få utfordringar med mellom anna vedlikehald på veg.

Vurderingar og konsekvensar:

Gjennom store investeringar har kommunen bunde opp store delar av driftsmidlane for fleire år framover. Det betyr ikkje nødvendigvis at det ikkje er mogleg å få til nye ”ting”, det vera seg på drifta eller som investering. Tenestenivået vårt ligg relativt høgt m.a. målt i kroner pr. innbyggjar til tenestene. Det bør derfor vera mogleg å redusera kostnader på einskilde område dersom me ynskjer å prioritera særelege tenester. Framlegget inneheld ikkje slike endringar mellom tenester og mellom einingane. Framlegget er stort sett ei framskriving av drifta i 2014.

Som nemnt i sak om budsjett 2015 fekk me ein stor reduksjon i grunnlaget for eigedomsskatt på verk og bruk knytt til kraftverka. Me undersøker no om det kan vera feil ved grunnlaget. Dersom det skulle vise seg at det er rett, vil dette påverka budsjettet for kommunen i fleire år framover. Når det gjeld grunnlag eigedomsskatt kraftwerk er me no inne i ein periode med lågare kraftprisar. Dette

61 av 151

påverkar eigedomsskattegrunnlaget og me kan uansett forvente ein reduksjon i desse inntektene dei neste åra.

Ei anna utfordring kommunen bør ta stilling til er knytt til den høge lånegjelda. Finansreglementet krev minimum 20 % på fast rente. Kommunen har pr i dag 22 % på fast, resten er på flytande rente. Det vil sjeldan svare seg å binde renta på lån, men risikoen er større for kommunen dess større del som er på flytande rente. Eit godt alternativ for kommunen vil vera å byggja seg opp ein rentebuffer til å ta uventa rentesvingingar. Det er ikkje lagt inn rentebuffer i framlegget. Det må og nemnast at kommunen ikkje lenger har reservar. Disposisjonsfondet vart brukt opp i løpet av 2014 og kommunen er i ein svært sårbar situasjon. Fondet må byggast opp att så snart som mogeleg.



*Samnanger kommune
der du vil leva og bu*



2015 Friluftslivets år

BUDSJETT 2015

Merknader frå rådmannen

	side
1. Innhold	2
2. Innleiande kommentarar	3
3. Viktige føresetnader	7
4. Generelle føringer Samnanger	12
5. Gjennomgang av driftsbudsjetta for dei einskilde områda	21
• Rådmannen sitt kontor	22
• Kyrkjelege føremål	25
• Nærings	26
• Interne tenester	27
• Sosial og helse	29
• Pleie og omsorg	31
• Teknisk	33
• Landbruk	36
• Barnehage	37
• Grunnskule	41
• Kultur	46
6. Investeringar	50
Vedlegg	
1. Skriv frå fylkesmannen om statsbudsjettet	
2. Oversikt over driftstiltak som er vurderte i rådmannen sitt framlegg	
3. Oversikt over investeringstiltak som er vurderte i framlegget	
4. Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett 2015	
5. Kyrkja sitt framlegg til budsjett 2015	

2. Innleiane kommentarar til budsjettframlegget frå rådmannen

- Økonomiplan for 2015 – 2018 er styrande for prioriteringane
- Svikt i inntektene frå kraftproduksjon
- Stor reduksjon i tilskot til flyktningar
- Dekking av mellombels drift knytt til bygging av sjukeheim
- Helsestasjon og brann område med auka løyvingar – elles tilnærma uendra drift
- Feriestengde barnehagar

Framlegg til statsbudsjett for 2015 var som venta kva galdt overføringane til Samnanger kommune. Fylkesmannen i Hordaland har tilgodesett Samnanger med 200.000 kroner meir i skjønsmidlar enn me fekk i 2014. Dette med bakgrunn i ein søknad frå kommunen der det vart vist til ein del ekstra utfordringar.

Samanlikna med økonomiplan inneber rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 disposisjonar som svekker den økonomiske handlefridomen. Me har måtte redusera inntektene våre frå kraftanlegga med 1.250 mill. kroner og frå statstilskot flyktningar med vel 2 mill. kroner. Me har også fått auka utgifter til private barnehagar på 500.000 kroner, og pga. forseinka framdrift på investeringar vert konsekvensen ein auka utgift på 600.000 til avdrag (får innverknad på storleiken på minimumsavdrag). Oppsummert vert dette 4,35 mill. kroner.

I slutten av oktober fekk me melding frå Sentralskattekontoretfor Storbedrifter (SFS) om at grunnlaget for eigeidsomskatt på verk og bruk er vesentleg redusert. Det vil gje oss ca 1.4 million kroner mindre inntekter. Administrasjonen har reagert på desse takstane og bedt LVK (landssamanslutninga av vasskraftkommunar) om ei vurdering. Desse takstane er påverka av kraftprisane, og utan nye anlegg i drift/eller under etablering, vert nødvendigvis taksten lågare. Men takstane er sett 200 mill. kroner lågare enn for 2014, noko som inneber andre endringar enn prisen. Det er dette me har bedt om å få ei vurdering av. I budsjettframlegget har me lagt inn ein reduksjon på 350.000 kroner, dvs. vel 1 mill. meir enn taksten skulle tilseie. Det er også andre inntekter knytt til kraftproduksjon som me har måtte redusert ut frå den informasjonen me no har.

Staten gir kommunane tilskot til busetting av flyktningar i 5 år frå busettingsdato. Dette gjeld både det generelle tilskotet og særlege tilskot som kommunane kan få dersom ein har ekstraordinære kostnader. I 2014 får me gjennom den siste ordninga refundert ca 2.5 mill. kroner. Februar 2015 opphørar denne refusjonen. I økonomiplan er det lagt til grunn at staten vil akseptera å gje tilskot ut over 5 år. Me har førebels ikkje nådd fram i samtale med IMDI. Me meiner at dette er uakzeptabelt, og vil forsøka på nytt. I rådmannen sitt framlegg til budsjett er det ikkje rekna med tilskot ut over dei to første månadane i 2015.

Det har vore krevjande å sette opp eit budsjett for pleie og omsorg. I den mellombelse fasen må alt tenkast nytt, og eininga har gjort ein stor jobb også med budsjettet. Budsjettet er sett opp ut frå korleis drifta vert gjennomført. 2015 kan derfor ikkje samanliknast direkte med 2014. Einigda har gjennom tiltak og stramt driftsopplegg makta å dekke utgiftene med mellombels drift innan eige ramme.


Krava kommunen har på seg i høve til brann er omfattande. Dette gjeld ikkje minst på kompetanse, men og på utstyr og samband. I statsbudsjettet er det lagt inn noko midlar til utdanning av deltidsbrannpersonell. For Samnanger kommune er det i rammetilskotet lagt inn 75.000 kroner. I tillegg har me etter søknad fått 250.000 kroner av fylkesmannen til opplæringa m.m. Sjølv med tilskot er dette ein stor kostnad for Samnanger. Opplæringa vert gjennomført i 2014 og 2015 og er med å aukar kostnadene våre til brann mykje.

Staten varsla alt i kommuneøkonomiproposisjonen auka satsing på helsestasjons- og skulehelsetenesta og jordmortenensta. I statsbudsjettet er Samnanger kommune tildelt 180.000 kroner. Rådmannen har i sitt framlegg lagt til grunn ein auke på vel 10% stilling på helsesøster sitt budsjett.

Samnanger har satsa mykje på barnehagane. Det har gjort det mogleg å "å få plass på dagen". Dette har sjølvsagt kosta, og barnehagane har også av den grunn fått ein vesentleg auke i løvvingane. For 2015 har me måtte vurdert desse løvvingane kritisk, og me har sett oss nødt til å redusera ramma. Det er m.a. gjort ved å halda dei kommunale barnehagane stengde i feriane, dvs ytterlegare 2 veke om sommaren og påske og jul.

Generelle kommentarar

Tidlegare var eit driftsresultat i rekneskapen på minimum 3 % av driftsinntektene rekna som god budsjettdisiplin. Endringar i føring av investeringsmomsen, har sett spørsmålsteikn ved om denne satsen er for høg. Det er likevel opplagt at kommunane bør ha reserver til å møta uføresette hendingar det vera seg ras, nye ressurskrevjande brukar eller havari på utstyr. Samnanger kommune har ikkje slike reserver, og det er derfor ekstra påkravd at det vert handert i budsjettet. Med svikt i kraftinntektene vart dette ikkje mogleg. Budsjettframlegget har eit positivt netto driftsresultat på 0,3%.



I økonomiplan er det ikkje lagt til grunn endringar i dagens tenestenivå. Dette er gjennomført i budsjettframlegget. Det er likevel eit spørsmål ved om det er rett all den tid det då ikkje vert frigjort midlar til m.a. vedlikehald og investeringar i infrastruktur. Det vert her vist til rapportar frå teknisk eining om standarden på kommunale vegar og vatn og avløp.

Bakgrunnsinformasjon

Samnanger kommune har hatt meir driftsinntekter til disposisjon enn gjennomsnittet for kommunane i landet. Mindre kommunar har ein del smådriftsulemper og får kompensert for det gjennom ekstra tilskot i rammeoverføringa. Frie inntekter er i tabellen under definert som inntekter frå skatt på eiga og inntekt og rammetilskot. For Samnanger sin del (og som for ein del andre) kjem inntektene frå eigedomsskatt og sal av konsesjonskraft i tillegg. Dei utgjer ein ikkje uvesentleg sum.

Tal for 2013	Samnanger	KG 2	Hordaland	Landet
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,6	1,7	2,5	3,1
Frie inntekter i kroner per innbygger	54478	53468	46603	46475
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	191,5	207,6	200,2	206
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekt	3,6	3,5	2,2	3,4

Samnanger kommune bruker stort sett dei pengane som er til rådvelde. Frå tid til anna har me hatt eit litt større overskot når me har gjort opp rekneskapen. Dette har både skuldast uventa meirinntekter eller at tiltak ikkje har vorte gjennomførte. Midlane har så vorte avsett på fond for seinare å verta disponert anten i einskild saker eller for å få budsjettet i balanse.



Startskotet for riving av sjukeheimen og bygging av ny går 17.11.2014. Det er avsett 120 mil. kroner til tiltaket, der kommunen skal låna mest heile kostnaden som fell på kommunen. Utgiftene til renter og avdrag kjem først etter at bygget er teke i bruk då me har vedteke å føra renta i byggetida som investering. M.a.o. er økonomien vår i 2015 i liten grad påverka av utbygginga kva gjeld kapitalkostnader.

I økonomiplan er kapitalutgiftene dekka inn utan at det har ført til svært store konsekvensar for den ordinære drifta. Me forventar m.a. ei meir rasjonell drift når sjukeheimen står klar. Samnanger kommune treng imidlertid meir økonomisk handlingsrom. Det er fleire oppgåver som burde fått prioritet. Det har lenge vore eit ynskje å få auka kulturtilbodet. Bibliotek og idrettsføremål er område som treng mykje midlar sidan det er snakk om bygg og anlegg. Eit anna område som og ofte er nemnd og som og har bruk for store pengar er vedlikehald av kommunale vegar, bygg og anlegg. Det ligg ikkje pengar i framlegg til budsjett for 2015 på nokre av desse områda, og utan omdisponeringar mellom einingane framover ser det heller ikkje ut som me skal makte det.

Det har vore gjort ein del strukturelle grep som har hatt innverknad på kostnaden. Samanslåing av dei to barneskulane har i så måte vore viktig.

Figurane under viser korleis me prioriterer dei ulike gruppene av innbyggjarar samanlikna med andre kommunar – landsgjennomsnitt og snittet av kommunane i KG 2. Forbruket er sjølv sagt delvis styrt av befolkningsfordelinga, og det skal m.a. seiast at me har relativt sett fleire personar over 80 år enn dei andre noko som gjer at me må bruka meir pengar til PLO enn mange andre. Det vert elles vist til årsmeldinga for Samnanger kommune 2013 for meir informasjon.

Netto driftsutgifter til ulike tenester i kr. pr innbyggjar i 2013



Oppsummert

Rådmannen sitt framlegg til budsjett inneholder små endringar i høve til 2014. Kompetanseheving av brannpersonellet og utvida aktivitet hjå helsesøster er nye tiltak. Det heftar ein del uvisse ved nokre inntekter, slik at me må vera budd på å måtte sette dei ned i løp av 2015.

3. Viktige føresetnader

Opplegget i statsbudsjettet - inntektssystemet

Kommunane sine frie inntekter består av rammetilskot og skatteinntekter. Dette er inntekter som kommunane kan disponera fritt utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og regelverk. Rammetilskotet er ein tilnærma fast sum. Kva skatteinntektene vil bli, får me først endeleg svar på når året er omme. Dette kan gje utfordringar for kommunane dersom skatteanslaget vert sett for høgt. For 2015 er skatteanslaget estimert til 4,7 % auke i høve til det som no er pårekna skatteinngang for 2014. Samla sett er det rekna med ein nominell vekst i dei fire inntektene med 4,8 %. Det er rekna med 3 % pris- og lønsauke, og det vil på landsbasis gje ein realvekst i dei frie inntektene på 1,8 %.



Realveksten i dei frie inntektene skal m.a dekka forventa meirutgift som fylgje av demografi, auka pensjonskostnad, auka satsing på helsestasjons- og skulehelsetenesta, styrking av tenester til personar med rusproblem og personar med psykiske lidinger og meir fleksible barnehageopptak.

Rammetilskotet er i tillegg m.a blitt justert for heilårsverknaden av tilskot som vart avslutta hausten 2014. Dette gjeld for eks. avvikling av tilskot til frukt og grønt og kultursatsing på SFO. Rammetilskotet vert og justert for heilårsverknaden av at det no er valfag på alle trinn på ungdomsskulen, opptrapping i tilskot til private barnehagar frå 96 % i 2014 til 98 % i 2015 og rett til brukarstyrd personleg assistent frå 01.01.2015 mm. Den største endringa er at ordninga for medfinansiering av spesialhelsetenesta vert avvikla frå 01.01.2015. Betaling for utskrivingsklare pasientar vert vidareført.

Det overordna formålet med inntektssystemet er å jamna ut kommunane sine føresetnader for å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane. Ved fordeling av rammetilskotet vert det teke omsyn til strukturelle ulikskapar i kommunane sine kostnader (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Det vert og gjeve tilskot til kommunar som har ein vekst i rammetilskotet som er lågare enn kr 300 pr innbyggjar. (*Inntektsgarantiordninga INGAR*). Inntektssystemet inneholder også tilskot som er grunngjeve ut frå regionalpolitiske målsettingar. *Nord-Noreg- og Namdalstilskot, småkommunetilskot og distriktstilskot Sør-Noreg*. I tillegg vert det gitt skjønnstilskot for å korrigera for tilhøve som ikkje vert godt nok ivaretake i fordelingssystemet elles. Kommunar med særleg høg befolkningsvekst får eit eige *veksttilskot*. Det vert gitt reformtilskot til samanslåing av kommunar med kr 5 mill pr ny kommune. Alle nye kommunar vil få dette tilskotet.

Skatteinntekter

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2014 til 2015 med 4,7 prosent. Denne auken er rekna i høve til det som no er pårekna skatteinngang for i år, og baserer seg på ein forventning om 0,8 % auke i sysselsetting, 3,3 % lønsvekst, nye skattereglar for uførepensjon og at skattedel av inntektene skal utgjera 40 %. Skatteøyret er for 2015 redusert med 0,15 % til

11,25 %. I skatteprognosene for 2015 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2014 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune. Denne skatteprognosene er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning i statsbudsjettet. Kommunane bør ta omsyn til lokale tilhøve knytt til skatteutvikling.

Inntektsutjamning av skatteinntekter jamnar ut skilnader mellom kommunane, og den



omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skatteytarar og naturressursskatt frå kraftføretak. For kommunane vart det i 2005 innført ei ordning med symmetrisk inntektsutjamning. For 2014 får kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet kompensert 60 % av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skatteinngang over landsgjennomsnittet vert trekt med

60 % av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Det er ingen endringar i tilleggsutjamninga: Kommunar med skatteinntekt under 90 % vert som før kompensert for 35 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Finansieringa av tilleggskompensasjonen skjer ved at kvar kommune vert trekt med ein lik sum pr. innbyggjar. Samnanger har dei siste åra hatt skatteinntekter på ca 94% av landsgjennomsnittet før ein tek omsyn til inntektsutjamning. Inkludert inntektsutjamning låg Samnanger i 2013 på 96,7 % av landsgjennomsnittet. Inntektsutjamninga for den einskilde kommune vert berekna fortløpende ti gangar i året etter kvart som skatteinngangen er kjend. Dette betyr at det er inntektsutjamning ved alle ti terminutbetalingar av rammetilskot. Endeleg fordeling vil skje når skattetala ligg føre i februar året etter.

Rammetilskot

Rammetilskot består av: Innbyggjartilskot, omfordeling (f.eks utgiftsutjamning, inntektsgarantiordninga INGAR) og regionalpolitisk tilskot (f.eks småkommunetilskot og skjønn).

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom kommunane med eit likt beløp pr innbyggjar som i 2015 er på kr 22 425,- (kr 22 816 i 2014), deretter skjer ei omfordeling mellom kommunane i høve til kriteriedata og kostnadsnøklar (*utgiftsutjamning*), korreksjonsordning for elevar i statlege og private skular og inntektsgarantiordninga (INGAR) .



Omfordeling:

Utgiftsutjamninga i inntektssystemet er grunngjeve med at tilhøve av demografisk, geografisk og sosial art gir strukturelle kostnadsskilnader som kommunane i liten grad kan påverka. For at kommunenesektoren skal kunne gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine, må det takast omsyn til slike strukturelle kostnadsskilnader ved fastlegging av dei økonomiske rammene til den einskilde kommunen. Eksempel på slike kostnadsskilnader er ulik aldersfordeling eller reiseavstand innan kommunen. Utgiftsutjamning er ei rein omfordeling, det som blir trekt inn frå nokre kommunar blir delt ut att til andre kommunar. Det er også nødvendig å foreta inntektsutjamning av skatteinntektene for å oppnå ei rimeleg utjamning av dei økonomiske føresetnadane.

Målet med kostnadsnøkkelen er å jamna ut ufriville kostnadsulemper i kommunal tenesteproduksjon. Det er kommunane som tilbyr dei viktigaste velferdstenestene som grunnskule og pleie- og omsorg. Det er derfor avgjerande at kostnadsnøkkelen er oppdatert. Det blir lagt opp til revisjon kvart 4. år. Neste skulle vera i 2015, men det er ikkje kome noko informasjon om at kostnadsnøkkelen er endra utover endring som kjem som følgje av endringar i rammetilskot. For 2015 gjeld dette endring i rammetilskot til barnehage, grunnskule, barnevern, helse, pleie- og omsorg, sosialhjelp og samhandlingsreforma som vert avslutta frå 2015.

Utgiftsutjamninga gjer at Samnanger kommune får eit tillegg på kr 6 087 kr pr innbyggjar, totalt kr 14 870 000. Tilsvarande tal i 2014 var kr 6 159 pr innbyggjar, totalt kr 14 928 000. Det utgjer ein reduksjon på kr 58 000.

INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerka tilskot, oppgåveendring og endringar i kriteriedata og skal vera med på å gjera inntektssystemet meir fleksibel og føreseieleg. *INGAR* blir finansiert gjennom eit likt trekk pr innbyggjar på kr 63,40 og kompenserer dei kommunane som har ein vekst i rammetilskotet som er lågare enn 748 kr pr innbyggjar. Samnanger bidrar med totalt kr 155 000 til *INGAR*-ordninga i 2015.

Regionalpolitiske tilskot

Småkommunetilskotet vert gitt til kommunar med færre enn 3200 innbyggjarar. For å få *småkommunetilskotet* må kommunen i tillegg ha ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet. Samnanger kommune får *småkommunetilskotet* i 2015 på kr 5 475 000 (kr 5 316 000 i 2014).

Skjønstilstskotet skal brukast til å kompensera kommunar for spesielle lokale forhold som ikkje er fanga opp i den faste delen av inntektssystemet. Fylkesmannen fordeler den tildelte fylkesramma etter retningslinjer gitt av departementet. Kommunane har høve til å mælda inn til fylkesmannen om tilhøve som ein meiner bør vektleggast. *Skjønstilstskotet* til Samnanger ar auka med kr 200 000 til kr 2,2 mill i 2015. Tildelinga til Samnanger er m.a. grunngjeve med tung brukar i pleie og omsorg og arbeidet med bygging av ny sjukeheim. Den ufordelte ramma til Fylkesmannen i Hordaland på kr 27 mill. vil bli nytta til fornyings- og utviklingsprosjekt, tiltak i samband med mottak av flyktningar og til generell fordeling i løpet av 2015.

Særlege ordningar i 2015 - i og utanføre rammetilskotsordninga

Helsestasjons- og skulehelseteneste

Noko av veksten i dei frie inntektene i 2015 er grunngjeve med behovet for å styrka helsestasjon og skulehelsetenesta ytterlegare i 2015. Midlane inngår i rammetilskotet, men er fordelte særskilt basert på tal innbyggjarar i alderen 0-19 år. Kommunane er sikra eit minimumstilskot på kr 101 000. Samnanger kommune får kr 180 000 til dette arbeidet.

Utdanning av deltidsbrannpersonell

For å legga til rette for auka utdanning av deltidspersonell er rammetilskot fordelt særskilt til kommunane. Summen vert fordelt ut frå talet på deltidsbrannpersonell i kvar kommune. Samnanger kommune har fått auka rammetilskotet med kr 75 000.

Barnehagar

Maksimalpris for foreldrebetaling er i framlegg til statsbudsjett auka med kr 100 pr månad til kr 2 580 frå 01.01.2015. Rammetilskotet til kommunane er redusert for denne auka inntekta. Det vert og foreslått eit nasjonalt mistekrav for foreldrebetaling barnehage frå august 2015 som skal sikra at betaling for heiltidslass maksimalt skal utgjere 7% av ein familie sin samla person- og kapitalinntekt. Dette inntektstapet blir kommunane kompensert for. Det vert og kompensert for at barnehageopptak skal bli meir fleksible for å redusera ventetid for born fødd 1.september eller seinare.



I 2014 vart rammetilskotet redusert som fylgje av at det var venta mindre etterspurnad etter barnehageplassar som fylgje av auka kontantstønad for eittåringar. Dette slo berre delvis til og kommunane fekk tilbake noko av uttrekket. Frå 2015 er det lagt inn heilårsverknad av forventa netto reduksjon i etterspurnad.

Heilårsverknaden av opptrapping av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar auka til 98 % frå 01.08.2014, og dette er det tatt omsyn til i rammetilskotet. Nytt frå 2015 er at tilskotet skal bereknast med utgangspunkt i kommunen sine rekneskapstal for 2013.

Nytt valfag i ungdomsskulen

Det er innført 1 ½ time valfag (to «skuletimar») i veka pr. års-trinn i ungdomsskulen. Det vart innført for 8.trinn frå hausten 2012, er utvida til 9.trinn frå hausten 2013 og til 10. trinn frå hausten 2014. Heilårsverknaden av opptrapping i 2014 er lagt inn i rammetilskotet.

Kulturskuletilbod i skulen/SFO er avvikla

Det vart frå hausten 2013 innført ein veketime frivillig og gratis kulturskuletilbod i skule- eller SFO-tida på barnetrinnet (1.- 4. trinn). Denne ordninga vart avvikla august 2014 og heilårsverknaden er lagt inn som reduksjon i rammetilskotet for 2015.

Innlemming av tilskot til gjeldsrådgiving

Frå 2015 er det foreslått å leggja det øyremerka tilskotet inn i rammetilskotet. Tidlegare vart dette gitt som eit øyremerka tilskot til 22 interkommunale nettverk.

Kommunalt barnevern

Øyremerka tilskot til kommunalt barnevern vert vidareført. Samnanger var mellom dei første kommunane som søkte og fekk tilskot.

Det er framlegg om å auka den kommunale eigenfinansieringa i statlege barnevernsinstitusjonar til kr 65 000 pr månad frå 01.01.2015 (kr 50 300 pr månad i 2014). Kompensasjon for auka utgifter er lagt inn i rammetilskotet.

Samhandlingsreform (kommunal medfinansiering av spesialhelsetenesta)

Reforma vart innført frå 01. januar 2012, men frå januar 2015 er det foreslått at denne ordninga skal fjernast. Trekket i rammetilskot blir fordelt mellom kommunane etter delkostnadsnøklane for samhandlingsreform.

Kompensasjon for betaling av utskrivingsklare pasientar blir i 2015 vidareført med prisjustering og fordelt mellom kommunane etter delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg.

Ei anna side ved samhandlingsreforma som me no ser mykje tydlegare enn i starten av reforma er at såkalla utskrivingsklare pasientar er mykje meir pleietrengande enn tidlegare. Det har m.a. gjort at sjukeheimen i år har mange fleire bebuarar enn føresett, og dette er til dels krevjande brukarar. Det er ein diskusjon sentralt om dette er ei forsvarleg handtering, men så langt har det ikkje kome signal om ei reversering av dagens praksis eller ein aksept for å dekka dei auka utgiftene for kommunane.

Døgnopphald - hjelp

Det blir plikt for kommunane frå 01. januar 2016 å tilby døgnopphald for personar med akutt behov for hjelp. Det er lagt opp til ei gradvis innføring av ordninga for å sikra at kommunane får tid til å bygga opp tenesta. Av ulike grunnar har Samnanger bestemt seg for å venta med tilbodet til 2016. Det er lagt til grunn at døgntilbodet for hjelp vil avlasta kommunane sine utgifter til med-finansiering av spesialhelsetenesta, og dette er lagt inn som eit trekk i rammetilskotet.

Brukarstyrt personleg assistent (BPA)

Stortinget har vedtatt endringar i lov om brukar- og pasientrett frå og med 2015. Dette inneber ein rett til å få tenester organisert som personleg brukarstyrt assistent. Denne endringa gjeld personar under 67 år. Kommunane blir kompensert for denne omlegginga gjennom auka rammetilskot.

Sjukeheimspllassar og omsorgsbustader

I 2015 er det framlegg om å gje tilsegn om tilskot for 2 500 ny einingar med heildøgnsomsorg. I 2014 er det ei øvre investeringsramme på kr 2 885 000 for kvar eining. Dette grunnlaget er foreslått auka i 2015.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemmning. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for personar under 67 år. Det er for 2015 foreslått ei forsiktig innstraming i ordninga. Dette skjer ved å auka innslagspunktet med kr 37 000 utover prisjusteringa til kr 1 080 000. Kompensasjonsgraden vert halden uendra på 80 %.

Tilskot gjennom rammeoverføring for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) blir trekt frå i nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Dette gjeld også for eventuelle øyremerka tilskot.

For meir informasjon om statsbudsjettet og kommunane sjå vedlagde skriv frå fylkesmannen i Hordaland om framlegg til statsbudsjett.

4. Generelle føringer Samnanger

Inntekter


Bortfall av inntekter har gjort budsjettarbeidet for 2015 vanskeleg. Det er grunn til å nemna tre postar som me er svært usikre på. Som nemnd innleiingsvis har me motteke takstgrunnlaget for verk og bruk – kraftverk – som tilseier eit inntektstap på 1.4 mill. kroner samanlikna med 2014. Me er spørjande til ein reduksjon i grunnlaget på 200 mill. kroner, og har bedt om ein gjennomgang. I framlegget har me lagt inn eit grunnlag på 50 mill. mindre, og med 7promille i eigedomsskatt tilseier det reduserte inntekter på 350.000 kroner. Me har i budsjettframlegget lagt til grunn at me ikkje får refundert ekstraordinære utgifter til flyktningar ut over 5 år. Det betyr ikkje at me aksepterer at det skal vera slik, og me vi ta kontakt med IMDI for å prøva å nå fram med eit krav.

Samnanger kommune har ein diskusjon med Bergen kommune om ansvaret for ein ungdom som er plassert i barnevernsinstitusjon. Samnanger kommune har fatta vedtak om plasseringa, men ungdomen er heimehøyrande i Bergen og me meiner at Bergen skal ta ansvaret. Det er ikkje kome tilbakemelding på det siste skrivet. Me har i 2015 lagt inn refusjon frå Bergen på 390.000 kroner.

Driftsinntekter

Det er variasjonar mellom kommunane i kor mykje midlar ein har til rådvelde. Dette kan delvis forklaraast med utgiftsvariasjon, t.d. svært ulik samansetting i befolkningsstrukturen. Andre tilhøve kan vera skilnad mellom kommunar med og utan eigedomsskatt.

Dei minste kommunane har noko meir frie inntekter målt pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Mindre kommunar har "smådriftsulemper" og treng meir midlar for å kunne gje innbyggjarane sine gode tenester. I inntektssystemet er det innført eit småkommunetilskot som går til kommunar under 3000 innbyggjarar som delvis er med å dekkja opp for dette. Samnanger har hatt om lag same utviklinga som landsgjennomsnittet frå 2012 til 2013 når me mäter inntekter pr. innbyggjar. I kostragruppe 2 (KG 2) har inntektene vokse meir.



Eigedomsskatt -verk og bruk

I Samnanger er det i budsjettet for 2015 lagt opp til at det skal vera eigedomsskatt på verk og bruk med 7 promille. Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar m.m. vert fastsett

etter takst (2012), medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av Sentralskattekontoret for Storbedrifter (SFS) kvart år.

SFS har varsla at kommunane sine inntekter frå egedomsskatt på kraftverk samla går ned med kr 30 mill samanlikna med 2014. SFS forklarar nedgangen med reduserte kraftprisar. Dette får store konsekvensar for Samnanger.

Egedomsskattegrunnlaget for kraftverk er redusert med kr 200 mill noko som gir kr 1,4 mill i reduserte inntekter i 2015. Me har fått melding frå LVK (landssamanslutninga av vasskraftskommunar) at den store reduksjonen for nokre kraftverk kan skuldast at kostnader til dam-renovering feilaktig er frådragsført direkte. I Samnanger er det spesielt eit kraftanlegg som har hatt stor reduksjon i grunnlaget, og me har bedt LVK om assistanse for å finna ut om dette kan skuldast feil i rekneskapsføring. Kommunen har ingen formell klagerett på det fastsette egedomsskattegrunnlaget, men kan be likningsmyndigheita om at grunnlaget endrast. Me har redusert egedomsskatt frå verk og bruk med kr 350 000, men vel å avventa svar frå LVK før me evt. reduserar inntekta med ytterlegare kr 1,05 mill.



BKK skal rusta opp linja mot Evanger noko som vil gje litt høgare egedomsskattegrunnlag, i tillegg skal Kvamnett takserast. Me har lagt inn ein samla sum på kr 50 000 for desse to.

Regjeringa forslår å auke den nedre grensa for grunnrenteskatt og naturressursskatt frå 5,5 MVA til 10 MVA for småkraftverk. Auken av grunnrenteskatten vil ikkje påverke kommunen sine inntekter, men ein auke i naturressursskatten vil påverke inntektene negativt. Noko av den reduserte inntekta vil bli kompensert gjennom inntektsutjamning, men ikkje alt. I Samnanger kjem det meste av inntektene knytt til kraft frå større kraftverk, og desse vil ikkje bli påverka av denne omlegginga.

-andre egedommar

Kommunestyret fatta i desember vedtak om at det frå 2015 skal skrivast ut egedomsskatt for alle type egedomar. Me vil i løpet av november ha meir oversikt over kva inntekter me kan forventa. Kommunestyret sitt vedtak om kva promillesats som skal nyttast, evt. fritak for nye hus og kor stort botnfrådraget skal vera, vil påverka inntektene frå egedomsskatten.

Me har budsjettert med kr 4,5 mill kvart år i planperioden. Det var i utgangspunktet budsjettert med at lån kr 1 mill frå fond Sima-Samnanger til arbeidet med innføringa skulle betalast tilbake i 2015, men utfordringar med å saldera budsjettet for 2015 og 2016 har gjort at me foresler å utsetta tilbakebetaling til 2017.


Konsesjonskraft

Samnanger kommune har 22 321,1 MWh, og inntektene frå sal av krafta har vore og er viktig for kommunen. Det er mykje som påverkar kraftprisen m. anna hydrologibalansen, pris på kull, CO₂ og klima. Utbygging av eit større kjernekraftverk i Finland med oppstart i 2016 og meir fornybar kraftproduksjon i Norden og Europa gjer at kraftprisen vil halda seg låg.



Prisane har vore låge dei siste åra. I 2014 har kommunen selt krafta til fastpris og vil få inn kr 4,4 mill. Utsikta for 2015 er derimot därlegare. Pr oktober er den hydrologiske balansen blitt betre, det er fallande olje- og gasspris, rekordlav kolpris og fallande tyske kraftprisar. Prognosane for dei neste åra er som eit resultat låge, og estimat for 2015 er på kr 3,4 mill med ein reduksjon utover i perioden. Me har likevel valt å budsjettet med kr 200 000 meir enn prognosane visar pr i dag.

Inntekter frå sal av konsesjonskraft



Kommunale gebyr og avgifter

Dei fleste kommunale tenestene er arbeidsintensive. Det er derfor naturleg at satsane vert justert i takt med lønsauken. Kommunen kan på den måten oppretthalda om lag same inndeckning gitt at det ikkje skjer endringar i aktivitet, andre kostnader m.m. I statsbudsjettet er det lagt til grunn ein prisindikator på 3,0% og lønnsvekst som inngår i denne med 3,3 %.

For nokre tenester er det staten som bestemmer satsane. Dette gjeld foreldrebetalinga i barnehagen (eks. betaling for mat), og for nokre grupper også betaling for heimebaserte tenester. For andre type tenester har staten sett som føresetnad at brukar betalar det som det kostar – sjølvkostprinsippet. Dette gjeld dei fleste tenester som teknisk eining kan ta betalt for. Definisjon for sjølvkost er den totale kostnaden ein kommune får ved å produsera ei bestemt vare eller teneste, uavhengig av finansieringsform. Det er og eit prinsipp at ein generasjon ikkje skal subsidiera eller bli subsidiert av neste generasjon. Det er fleire forskjellige sjølvkostområde, og for nokre av dei, som for eks tömming av slamavskiljar, er det lovmessig krav om at sjølvkost skal danna grunnlaget for brukarbetaling. For andre område, for eks vatn og avløp, er ikke kommunen pålagt full kostnadsdekning og kan finansiera desse gebyrområda med andre driftspengar. Kommunen kan derimot pålegga seg sjølv å ha full kostnadsdekning, og Samnanger kommune har som prisnipp om at det så langt det er mogeleg skal vera full sjølvkost på alle gebyrområde kor sjølvkost set den øvre ramma for brukarbetaling.

Frå 2014 er det komne nye retningslinjer for sjølvkost. Den største endringa er at kalkylerenta vert sett lik 5-årig swap-rente med tillegg på 0,5%, tidlegare vart det brukt 3-årig statsobligasjonsrente med tillegg for 1 %. Ein reknar med at swap-renta gir eit betre bilde av kommunen sine finanskostnader. 5-årig swap-rente pr oktober er på 1,94 %. (rente-swap / rentebytteavtale er ein finansiell avtale om å bytte rentevilkår)

Det er nokre år sidan sjølvkostområda vatn og avløp hadde ein grundig gjennomgang. Dette bør gjerast med jamne mellomrom for å sikra at utgiftene vert rett fordelt. Det er og viktig med ein gjennomgang for å sikra at alle som er tilkopla kommunalt vatn/ avløpssystem betalar for dette. Me tek siktet på å få gjort dette i løpet av 2015. Begge desse to store sjølvkostområda står framfor større investeringar, spesielt gjeld dette avløp. Det kan derfor vera fornuftig å auka avgiftene meir enn prisauken for å unngå større avgiftshopp på eit seinare tidspunkt.

Utgangspunktet for fastsetjing av avgiftene er budsjettframlegget 2015. For dei tenestene som ikkje er definerte som sjølvkost, har me lagt til grunn ein auke på 3 %. Dvs. noko mindre enn forventa lønsauke. Det er lagt opp til avsetning til fond på vatn, dvs me budsjetterar med overskot på dette området, og me forslår her ei avgifteauke på 2,5 % på årsavgifta og 3% på tilknytingsavgifta. Når det gjeld avløp, er det foreslått ei auke på 4% på årsavgifta og 3 % på tilknytingsavgifta. Me har dei siste åra brukta fond for å finansiera avløp. Med tanke på komande utfordringar innan både avløp og vatn må prisane aukast jamt for å unngå kraftig auke på eit seinare tidspunkt. Fleire abonnentar betyr fleire å fordela kostnadane som igjen betyr at me kan unngå store gebryrake tiltross for investeringar. Kommunen har ikkje økonomi til å subsidiera brukarane.

Feing/ tilsyn er ikkje omfatta av avtalen med Bergen brannvesen, men vert utført som betalte tenester av privat firma. Ansvaret ligg på brannsjefen, og i avtalen med Bergen er det opna opp for at Bergen også kan ta på seg denne tenesta. Brannsjefen har bedt om drøftingar på dette punktet. Gebyret er foreslått auka med prisauken.

Tømming av private septiktankar har fram tom 2014 vert fakturert etter at tømming har skjedd. Det er svært mykke arbeid med å fakturera denne tømmingen enkeltvis, og me krov derfor eit fakturagebyr. Frå 2015 skal desse abonnentane betala kvartalsvis på same måte som dei som er tilknyta kommunale tankar. Det er derfor mindre arbeid, og fakturagebyret vert derfor fjerna.


For kulturskulen er det lagt til grunn ein auke i elevkontingent på 3,3 %. som tilsvrar lønsveksten. $2200 + 50 = 2,2\% + 100 = 2200 + 75 = 3,41\%$

Husleigene i kommunale bygg er foreslått justert med ca 3 %.

Sjukepengerefusjon

I utgangspunktet vert det ikkje budsjettert med inntekter frå sjukerefusjon. Dvs. at det heller ikkje vert sett av vikarmidlar til denne type fråvær. Der me er kjend med at det vert permisjon, for eks omsorgspermisjon, budsjetterer me med vikar for den som er ute i permisjon og refusjon. Kommunen vil i denne perioden ha utgifter til pensjon for begge personane. Desse utgiftene får me ikkje refundert.

Driftsutgifter



Samnanger har som vist tidlegare høge inntekter målt pr innbyggjar. Grafen under viser at me også har eit høgare forbruk. Lønsutgifter til eigne tilsette utgjer rundt 2/3 av driftsutgiftene. Endringar her vil få store konsekvensar på totaliteten. Løn og pensjon påverkar i stor grad handlingsrommet til kommunen. Figuren viser at me i 2013 brukte vel 8.000 kroner meir pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet på drifta. Samnanger har dei to siste åra hatt driftsutgifter under nivået for KG 2, men langt høgare (15%) enn landsgjennomsnittet.

Lønsauke

2014 var eit hovudoppgjer. Her vart og lønsauken for 2015 for dei fleste tilsette bestemt, og einingane har lagt ei gj. snittleg auke inn i budsjettet for 2015. Me har likevel valt å sette av ein mindre sum på kr 500 000 for å ta evt. skeivfordelingar og lokale forhandlingar for kap 3 og 5. Dette er budsjettert samla på eining for interne tenester under posten for tilleggsløyving og blir fordelt ut på einingane på eit seinare tidspunkt.

Pensjon

Sommaren 2013 fekk me melding frå DNB om at dei ville avvikla verksemda knytt til offentleg tenestepensjon. Kommunen bestemte seg for å gå over til Kommunal landspensjonskasse (KLP) frå 01.01.2014 som i realiteten var den einaste tilbydaren i marknaden. Dei tilsette er framleis delt opp i pensjonsgrupper som tidlegare, dvs sjukepleiarar i KLP 13 og andre tilsette i KLP 18. Kommunen har valt å vera med i 100 % utjamning av avtalefesta pensjon 62-64 år (AFP). Dette betalar kommunen 1 % av premiegrunnlaget for, men vil ikkje få auka kostnad dersom det er mange som vel å ta ut AFP i Samnanger. Lærarar er som tidlegare med i Statens pensjonskasse (SPK)

2015 er eit mellomoppgjer for lønn, og dette fører til lågare reguleringspremie som gir redusert pensjonspremie. Finanstilsynet har bestemt at grunnlagsrenta for ny opptening av pensjonsrettigheitar skal settast ned frå 2,5 % til 2 % i 2015. Dette fører til auka premie i 2015. Frå 2015 trer det i kraft nye reglar for uførepensjon. Desse nye reglane gjer at ein større del av uføreytinga vil komme frå folketrygda i framtida og dermed mindre frå tenestepensjonsordninga. Dette bidreg til å redusera pensjonspremien. Totalt sett går pensjonspremien litt ned for 2015, men ikkje så mykje som den ville gjort dersom grunnlagsrenta hadde vore uendra. Kommunen får kompensert for auka pensjonskostnad.

KLP – andre 18,70 % (19,24 %)	KLP sjukepleiarar 19,25 % (21,30 %)	Staten 11,55% (12,25 %)
----------------------------------	--	----------------------------


I KLP må kommunane i tillegg til pensjonspremien betala eit eigenkapitaltilskot som blir ført som investering. Det er på 0,6% av pensjonsgrunnlaget for sjukepleiarane og 0,3% av premiereserven for andre tilsette. Dette er i 2015 estimert til kr 437 000. Tal for 2014 i parentes.

Då me gjekk over til KLP, vart det bestemt at me fortløpende skal bruka av pensjonsfond. Dette gjorde og at me i løpet av 2014 brukte av opptent pensjonsfond i DNB ved betaling av faktura i KLP. Dette gjer at me i 2014 vil få eit negativt premieavvik. Dette vil ikkje påverka rekneskapen i 2014, men vil vera med på å med på å redusere det akkumulerte premieavviket dei neste åra. Frå og med 2015 vert amortiseringstida redusert frå 10 år til 7 år.

Differansen mellom inntekta premieavvik og utgifta .akk premieavvik blir stadig mindre og påverkar kommunebudsjettet negativt. Inntekt og utgift må her lesast med hermeteikn fordi premieavvik gjev resultateffekt for kommunen, men er ikkje knytt til reelle pengar. I 2016 er inntekta på 2,6 mill kroner, utgifta er på 1,3 mill kroner.

Lånegjeld

Kommunen vil pr 31.12.14 ha ei netto lånegjeld på 165 mill kr mot 152 mill kr i 2013. Den blå søyla viser lån som er tatt opp pr oktober 2014. Det vart tatt opp eit nytt lån i 2014 på 18,64 mill kroner, i tillegg vart det bestemt å utsetta betaling av kr 1 mill i avdrag.



Kommunen har finansiert mesteparten av investeringane i 2015 med lån. Unnataket er eigenkapitaltilskot i KLP som me ikkje kan låna til og at næringsfondet skal nyttast til finansiering av renovering av 95- bygget og til delfinansiering av VVA Bjørkheim saman med

fond Sima - Samnanger. I tillegg vil momskompensasjon vera ein del av finansieringa. Me forventar og å få utbetalt a konto statstilskot til sjukeheimen.

Lån til sjukeheimen på kr 48 mill er lagt inn med 50 års nedbetalingstid og 2 års avdragsfratak. Heile lånet vert tatt opp i 2015. Sjukeheimen skal stå ferdig mars 2016. I tillegg kjem eit lån på kr 13 mill til vatn og avløp. Dette er tenkt å ta opp med 40 års nedbetalingstid.

Rente

I framlegg til budsjett for 2015 er det lagt til grunn ei flytande rente på 2,2 % i 2015 og 2016, 2,7 % i 2017, 3 % i 2018 og 4 % resten av perioden. Dette er i samsvar med anbefalingar frå Kommunalbanken som baserer seg på Norges Bank og SSB sine prognosar og FRA-renter. Forslaget frå Kommunalbanken er identisk med Norges Bank sine prognosar. Den flytande renta er pr oktober 2,25 % i Kommunalbanken og 2,18 % i Husbanken frå 1.november. Styringsrenta er på 1,5 % og har stått uendra sidan mars 2012. Me har i budsjettframlegget lagt til grunn at den blir uendra.

Det er pr august 2014 valt fastrente på ca 22 % av lånegjelda. Finansreglementet vårt kap 7 b) sei fylgjande om rentebinding *Minimum 30% av gjeldsporteføljen skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eitt år), minimum 20 % skal ha fast rente, medan 50 % skal verta vurdert ut i frå marknadssituasjonen.* Kommunen nærmar seg grensa for andel lån som kan vera på flytande rente, og nye lån må bli tatt opp med rentebinding.

Over tid vil det sjeldan svara seg å binda renta, men me vil få sikkerheit i forhold til forventa utgifter. Alternativet til å binda renta er at det vert sett av midlar på eit rentefond som kan ta desse svingingane. Med høg lånegjeld og relativt liten del av lånegjelda på fast rente, er kommunen meir økonomisk sårbar for endring i renta. Det er ikkje lagt opp til avsetting til rentefond i budsjettet.

Med dagens lånegjeld vil ei endring i renta på 0,1 % utgjera ei endring i kostnaden på kr 130 000.

Lånevilkår

Lån og rentevilkår pr 31.august 2014 (tal pr august 2013 i parentes)


	Lånegjeld	Fastrente	Flytande
Husbanken	Kr 22,91 mill (24,29)	1,9 % - 2,9%	2,08 %
Kommunalbanken	Kr 144,21 mill (129,4)	3,12 % og 5,6%	2,26 %

Det er budsjettert med kr 3,1 mill i renteutgifter og kr 5,6 i avdragsutgifter i 2015. Tilsvarande tal for 2014 er på 3,8 mill i renteutgifter og 5,4 i avdragsutgifter. Det er budsjettert med at renter på lån i byggeperioden skal bokførast i investeringsrekneskapen (kr 1,4 mill). Dersom framdrifta i eit prosjekt ikkje er som forventa, betyr det og at renteutgiftene må førast i drifta, men me vil då få auka renteinntekter. Det er også budsjettert med at kommunen ikkje skal betala meir enn lovpålagt minimumsavdrag på lån.

I 2014 var me forsiktige med å ta opp nye lån basert på erfaring frå tidlegare år om at ein ikkje alltid klarte å halda vedteken framdrift på prosjekta. Me har derfor redusert summen av unytta lånemidlar. Det betyr at låneopptaket i 2015 vert på totalt kr 61 mill. Dette er tenkt å ta opp i to lån med to forskjellige avdragstider. Det største er på 48 mill og vil bli nedbetalt over 50 år, med 2 avdragsfrie år. Det andre er knytt til vatn og avløp og vil bli nedbetalt over 40 år.

Renter knytt til investeringsprosjekt vil bli utgiftsført i investering i byggeperioden, og belastar derfor ikkje driftsbudsjettet før prosjektet er ferdig. Nokre av låna som kommunen har gjeld forvaltningslån (startlån) og skal betalast av låntakar. Andre gjeld lån til sjølvkostområde og inngår indirekte i sjølvkostrekneskapet. Her vil nedbetalingstid kontra avskrivningstid og rentedifferansen mellom lånerenta og kalkulatorisk rente kunne gje driftsutgifter ut over sjølvkost.

Grafen tek omsyn til renter som blir ført i investeringsrekneskapen med kr 1,4 mill i 2015, kr 0,15 mill i 2016 og til vedtaket om å betala minimumsavdrag



Aksjar i Nordisk Areal

Samnanger kommune har 39 147 aksjar i Nordisk Areal as. Aksjane vart kjøpt i oktober 2007 for kr 4 mill og var ikkje medhald av gjeldande finansreglement.

Kommunestyret har vedtatt at aksjane skal seljast for kr 58 pr aksje eller meir. Det har ikkje vore interessentar til denne prisen sjølv om aksjeverdien i løpet av 2014 har auka frå kr 56 til kr 61,50 pr 2.kvartal. Det er og betalt ut utbytte hausten 2014 på kr 14 pr aksje utan at det har påverka omsetninga av aksjane. I september fekk kommunen tilbod om å selja til kr 25 pr aksje. Dette var etter at utbytte vart betalt ut. Det er eigar på tidspunktet for utbetaling som får utbytte. Dersom aksjane skal seljast for ein verdi som er lågare enn bokført verdi må dette finansierast. I tillegg kjem kostnad ved salet som er på ca kr 2 pr aksje.

Dersom verdien er kr 61,50 pr 31.12 og me legg aksjane for sal til kr 41 pr aksje vil det sei ein reduksjon på 20,50*, i tillegg kjem kostnad kr 2 pr aksje noko som gir eit tap på kr 881 000.

*Prisen er berekna utifrå tilbydt pris kr 25, utbytte kr 14 og kostnad kr 2.

Dette er lagt inn som eit tiltak i driftsbudsjettet, men er ikkje valt i Rådmannen sitt framlegg til budsjett.

Fondsmidlar

Bunde fond

Det står fleire fond i rekneskapen som er øyremerka. Dette er bunde fond, og dei blir brukt fortløpande til dei formål dei er meint for. Dei største fonda er fond septiktank som fram til no

har hatt ein ujamn inntekts- og utgiftssvinging, fond fisk og friluft, fond avløp og vaksenopplæring.

Oversikt fond Sima-Samnanger

Det vart i kommunestyret i 2012 gjort følgjande vedtak om bruk av fond Sima – Samnanger (KS 015/12).

	Vedtak	Rest utg 2018
1) Breiband	800 000	0
2) Planlegging av veg til idrettsanlegget	2 000 000	1 411 000
3) Ungdomsarbeid	1 500 000	1 145 000
4) Musikkbinge	500 000	227 000
5) Kunstgrasbane i Hagabotnane	1 400 000	1 400 000
6) Kommunale vegar	2 000 000	0
Sum tilskot	8 200 000	4 183 000

1) Breiband: Det vart tidleg klart at kostnad ved utbygging ikkje vart så stor som forventa og unytta sum kr 690 000 vart omdisponert til VVA Bjørkheim i Kommunestyre vedtak 31/14

2) Planlegging av veg til idrettsanlegget: Skattesvikt i 2014 gjorde at kr 589 000 av denne løyvinga vart overført til næringsfondet, og dei frigjorte midlane vart nytta til å styrke driftsbudsjettet i 2014. Totalt sett står det framleis kr 2 mill til planlegging av veg til idrettsanlegget fordelt på 1 411 000 på fond Sima – Samnanger og kr 589 000 på næringsfond.

3) Ungdomsarbeid. Det er i budsjettet lagt opp til å bruka kr 65 000 i 2014, 140 000 i 2015, og kr 50 000 pr år i 2016, 2017 og 2018. Med denne bruken vil det vera kr 1,145 mill att på fond ved utgangen av 2018.

4) Det vart bygd musikkbinge ved Samnanger barneskule i 2013 til kr 158 563. Noko av løyvinga vert sett av til kostnad til drift av musikkbingen, kr 28 605 pr år. Rest pr 2018 er kr 227 000.

5) Kunstgrasbane Hagabotnane. Frå administrasjonen si side har arbeid med å få realisert kunstgrasbane snarast råd er. Den er no lagt inn i plan for anlegg slik at det kan og skal søkjast om tilskot (tippermidlar). Det må vidare arbeidast med å få inn tilskot frå private aktørar. Her vil idrettslaget ha ei viktig rolle.

6) Kommunale vegar. Vedlikehald på kommunale vegar vart utført i 2012 og 2013. Rest kr 0

For å få balanse i budsjett 2014 vart det vedtatt å bruke av fond Sima – Samnanger til å finansiera KLP eigenkapitaltilskot på kr 1 076 000 og kostnad ved innføring av eigedomsskatt med kr 1 000 000. Det er ikkje sagt noko om når lån til KLP EK-tilskot skal betalast tilbake, men lån til eigedomsskatt er i økonomiplanen lagt opp til tilbakebetaling i 2017.

Næringsfond

I 2014 hadde me ein gjennomgang av tidlegare vedtak om næringsfondet. Eldre vedtak som ikkje var utbetalt vart ført tilbake til fondet, og pr oktober er fondet på kr 1,28 mill. I budsjettet for 2015 er det lagt opp til netto bruk av næringsfondet på kr 273 557 i drifta og kr 700.000 til rehabilitering 1995-bygget på sjukheimen i investeringsbudsjettet. Me vil få netto tilførsel til fondet på kr 426 443 i 2016-2018. Sal av tomtar på Lønnebakken vil styrka fondet ytterlegare.

Dispositionsfond

Det er ikkje pengar att på dispositionsfondet.

Investeringsfond

Pr 01.01.2014 er det kr 566 731 på ubunde investeringsfond. Det er ikkje budsjettert med bruk av dette fondet i 2014, men det vil kome forslag om å bruke dette fondet til å finansiera bryggjetomten på Ytre -Tysse med kr 60 000 frå investeringsfondet. Utgifa kjem som fylgjer av ei avtale inngått med BKK i 2001.

Det står og kr 300 000 på eit fond som er avsett til VA-utbygging i Hagamulen og kr 151 129 på eit investeringsfond for vatn.

5. Gjennomgang av driftsbudsjetta for dei einskilde områda

Samnanger har høgare driftsutgifter enn andre på dei fleste områda. Rekneskapen for 2013 viser slik %-vis fordeling av netto driftsutgifter til dei ulike områda målt i høve til totale netto driftsutgifter

	Samnanger kommune	KG 2	Landet
	2012	2013	2013
Adm. og styring	9,6	10,3	10,7
Barnehage	14,2	14,2	11,7
Skule	24,7	23,9	24,9
Helse og omsorg	40,1	41,7	39,3
Sosial	3,5	3,0	2,9
Barnevern	2,1	3,3	2,9
Kultur	2,6	2,6	3,3
Kyrkja	1,8	1,8	1,5
Samferdsle	3,1	2,1	2,1
Brann og ulukke	1,9	1,7	1,4
			1,3

Økonomiplan for 2015-2018, som vart vedteken i juni 2014 har vore utgangspunktet for arbeidet med budsjettet for 2015. I den er det ikkje lagt opp til omprioriteringar mellom tenesteområda, og framlegg til budsjett er stort sett ei vidareføring av drifta i 2014.

Rådmannen har det siste halvåret arbeidd med ein ny organisasjonsplan for kommunen Eit framlegg til ny organisering er no til høyring. Hovudgrepet her er å styrka sentraladministrasjonen. Sidan me ikkje kan rekna med å få tilført nye stillingar, må styrkinga skje gjennom

omdisponering av eksisterande stillingar. I budsjettframlegget er nokre ledige lønnsmidlar i ulike einingar henta inn og lagt på funksjon for rådmann (75% stilling). Dette er med tanke på å bruka m.a. desse for å få på plass ei ny organisering. Stillingsheimlane er budsjettet på art 0102 på funksjonen rådmann. Når det er avklara korleis den nye organiseringa vert, vil det verta føreteke omdisponeringar av desse ressursane. Budsjettet er elles lagt ut frå eksisterande organisasjonsplan.



Det er vidare bestemt at me skal organisera reinhaldarane i eit felles team, og ansvaret er lagt til teknisk eining (jmf. budsjettframlegg 2014 merknader). I budsjettframlegget er derfor alt reinhald trekt ut av einingane sine budsjett og oversørt til teknisk. Det er her oppretta eit eige ansvarsområdet 1.606 reinhald.

Mål for 2015 for heile organisasjonen

Samnanger kommune leverer gjennomgåande gode tenester. Det er likevel ein god del som kan gjerast betre. Ofte kan betre rutinar gjera ein skilnad. Rådmannen ser det som sjølvsagt at

- alle både innbyggjarar og tilsette vert møtt med respekt
- lovpålagte fristar vert haldne

I heile organisasjonen skal me

- Ha god kvalitet på tenestene
- Gi god sørvis
- Ha fokus på informasjon og marknadsføring både eksternt og internt
- Fylgja opp brukarundersøkingane og medarbeidarkartlegginga
- Arbeida tverrfagleg der det er det beste for tenestene

Rådmannen

Tenesteområde, organisasjon

Området dekker rådmannskontoret og pedagogisk teneste. Det overordna administrative ansvaret i kommunen ligg til rådmannen. Det ligg i tillegg eit særeleg ansvar for områda beredskap, næring, intern kontroll og tilsyn og samfunnsutvikling. Pedagogisk teneste har ansvar for å forvalta og utvikla barnehagane og skulane her under vaksenopplæring.

Årsverk	
Rådmannskontoret	2,00
Skule og barnehage fagleg ansvarleg	1,00
Sum årsverk i alt	3,00
Tal tilsette	3

Utfordringar

Over fleire år har me sett at det ikkje er tilstrekkeleg ressursar hjå rådmannen til at alle oppgåvene vert ivaretakne på ein tilfredsstillande måte. Det er nok å nemna beredskap, strategisk leiing og intern kontroll. Venteleg vil noko av dette kunne løysast gjennom å fordela

arbeidsoppgåvene på ein ny måte slik framlegg til ny organisering legg opp til. Me ser likevel at det vil vera område som me heller ikkje då vil klara å løysa godt nok. Hovudsakleg skuldast det manglende ressursar i form av stillingsheimlar, men det er og problematisk for ein så liten kommune å dekka alle område reit fagleg. Dette kan løysast gjennom kjøp av tenester og/eller interkommunalt samarbeid, noko som og vert gjort i dag. Men det krev og ressursar.

Det er utfordrande for rådmannen og det skaper frustrasjon i organisasjonen at me ikkje klarer å levera på alle område. Det er derfor viktig med tydelege politiske prioriteringar, og at det vert gjort omprioriteringar når nye oppgåve vert lagt på administrasjonen.



Innkjøp er eit område der me klart ser at me ikkje har tilstrekkeleg kapasitet eller kompetanse. Einingsleiar for interne tenester har i stor grad teke ansvar for ein del større innkjøp. Han melder attende at det går uforholdsmessig mykje ressursar, i tillegg til at han er usikker på om me er flinke nok både i høve til regelverket og i høve til å få tak i gode prisar. Det vert no frå statleg hald arbeidd med ei forenkling av lovverket, noko som er absolutt naudsynt. Dagens ordning meiner me er med å gjera ein del innkjøp unødvendig dyre i tillegg til alt arbeidet som må leggjast ned.

Organisasjonen kjenner på at det vert arbeidd for lite med beredskap. Det er store forventningar ikkje minst frå staten om at kommunane er budd til å takle alle type hendingar til ei kvar tid på døgeret. Det er t.d. ikkje etablert døgnkontinuerleg vaktordning for å ivareta heile dette ansvaret. Det er etablert teknisk vakt og vakt for IKT i tillegg til brann og legevakt inkl. førstehjepsbilen, men totalansvaret ligg på rådmannen.

Samnanger kommune har ambisjon om å veksa. Det er fleire private entreprenørar som har engasjert seg og som har prosjekt under arbeid. Ikkje minst ser me stor aktivitet i Bjørkheimsområdet. Kommunen kan ikkje vera fråverande i dette arbeidet, og det krev at det vert sett av ressursar. Slik situasjonen er i dag er dette arbeidet fordelt mellom teknisk eining og rådmannen v. ass. rådmann. Me ser behov for ei klarare arbeidsfordeling, og aksept for at dette arbeidet tek tid.

Mange større prosjekt har dels uklare arbeid- og ansvarsfordeling noko som gjer at rådmann og ass. rådmann vert sitjande med eit større ansvar for gjennomføring enn godt er for framdrifta. Sjukeheimen, Bjørkheim og Ytre-Tysse er døme på dette. Me må verta tydlegare på kven som har ansvar for kva, og det må og sikrast at det er tilstrekkeleg ressursar til å gjennomføra tiltak. Slik situasjonen har vore har manglende kapasitet ført til meirkostnader i form av uklare bestillingar til konsulentar og dels konsulentstyrde prosessar.

Rullering av arealplan vert utført av planleggjar i teknisk eining i samarbeid med rådmannen og politikarane. Arbeidet er svært viktig for utviklinga av kommunen, og dersom ambisjonen om å få planen vedteken av sitjande kommunestyre må arbeidet prioritertast.

Dialogen med politikarane er viktig for å få til ønska utvikling. Det er viktig at politikarane får rett informasjon til rett tid. Kommunen har teke i bruk eit rapporteringssystem – betre styring - og med større engasjement i heile organisasjonen for dette verktøyet vil me ha enda betre føresetnader for å gje politikarane god styringsinformasjon.

Kontoret for pedagogiske tenester

Auka tilbod i barnehagen både kva gjeld omfang og innhald har sett nye krav til kommunen både som barnehageeigar og som fagleg lokal tilsynsmynde. Dette ansvaret er lagt til fagansvarleg for barnehage og skule. Staten sin kontroll med tenestene på dette området skjer i stor grad gjennom tilsyn og krav om rapportering på ei rekke område. Ein del av rapporteringa går direkte frå skule og barnehage, men det ligg eit omfattande arbeid hjå rådmannen for å imøtekoma staten sine krav.



Dei tyngre forvaltningsoppgåvene knytt til opplæringslova – t.d. spesialundervisning – ligg til dette kontoret.

Mange personar har krav på vaksenopplæring. Med stadig fleire innvandrarar er etterspurnaden etter vaksenopplæring aukande. Her er det også tilskotsordningar som står i høve til tal personar som har rett på opplæring. Personar med ulike former for nedsett funksjonsevne har også krav på vaksenopplæring. Dette er eit område som me må sette fokus på i 2015.

Lokale føringar/pelanar/vedtak

- Kommuneplanen, samfunnsdelen 2007-17.
- Økonomiplan 2015 - 2018
- Revisjon av kommuneplanen sin arealdel
- Områdereguleringsplan Bjørkeheim
- Reguleringsplan Ytre -Tysse fase 2.
- Vedtak om sjukefravær

Mål for 2015

- Arbeida strategisk for å utvikla kommunen
- Få arealplanen vedteken
- Gjennomføra ny organisering
- Betre rapportering til folkevalde
- Arbeida med kommunereforma
- Kommunane må jobbe med ein metodikk som involverer folkevalde, administrasjonen, tilsette og tillitsvalde i uviklingsarbeidet.
- Gode tilbod om vaksenopplæring til personar med særlege behov

Kyrkja

Kyrkja er eit eige rettsobjekt. Kommunen har ansvar for å stilla midlar til disposisjon til delar av kyrkja sin aktivitet. Midlane går i hovudsak til drift og vedlikehald av bygga, og til løn til alt personalet med unnatak av presten, ungdomsarbeid m.m. Midlane frå kommunen vert gitt som eit kommunalt tilskot. Det er inngått ein samarbeidsavtale mellom kyrkja og Samnanger kommune v. teknisk eining om stell og vedlikehald av kyrkjegarden og med eining for interne tenester om føring av rekneskap, utbetaling av løn m.m.

Arsverk	
Kyrkjeverje	0,8
Kantor	0,5
Kyrkjetenarar inkl reinhald	0,72
Sekretær	0,3
Sum årsverk i alt	2,32
Tal tilsette	5

Kyrkja har utarbeidd eige framlegg til budsjett som vert sendt ut saman med rådmannen sitt budsjettframlegg. I framlegget er det peika på behov for større overføringar. Det vert også vist til at det er trøng for midlar til kyrkjegarden. Mykje av det dei tek opp har vore nemnd ved mange tidlegare høve. På kyrkjegarden vert det m.a. peika på murar rundt kyrkjegarden som er rasa saman og gjerde rundt den nye kyrkjegarden som er rote. Teknisk eining har fleire av desse tiltaka med som ynskje, men dei har ikkje klart å leggja dei inn i den ordinære ramma.

I rådmannen sitt framlegg til budsjett er det lagt inn midlar i samsvar med framlegget frå kyrkja.

På same funksjon vert det og ført utgifter til andre livssynsorganisasjonar. Dei får utrekna storleiken på tilskotet i høve til løyvinga til kyrkja. Summen vil og variera ut frå kor mange det vert kravd tilskot for. F.t. er det den katolske kyrkja som får utbetalt størst tilskot frå kommunen.

Grunnlag for utbetaling i 2014

Organisasjon	Tal
Buddistforbundet	8
Credokirken	1
Den eritreiske koptiske ortodokse kirke i Bergen	2
Den islamske fellesskap Bosnia og Herzegovina	6
Hellig Olga menighet – Det russiske ortodokse kirke	1
Herøys Misjonskirke	1
Human Etisk forbund	12
Humanistforbundet	4
IMF Trossamfunn	12
Jehovas Vitner	3
Kristent fellesskap Bergen	1
Kristi Åpenbaringsmenighet Den russiske – ortodokse kyrkje	5
Metodistkirken i Norge	1
Oslo Katolske bispedømm	48
Pinsemenigheten Tabernaklet	12
Pinsemenigheten Sion	1
Radøy Baptistmenighet	1
Svenska Margaretaforsamling Oslo	2
Åsatrufellesskapet Bifros	1
Sum	122

Næring

Tenesteområde, organisasjon

Samnanger kommune har ikkje eit eige apparat for arbeidet med tilrettelegging for og oppfølging av næringslivet. Kommunen har fram til nyleg hatt tilgjengeleg næringsareal i industriområdet på Rolvsvåg. Siste året har det vore svært avgrensa, og arbeidet med vidare tilrettelegging har teke lenger tid enn planlagt. Kommunen har sett av midlar i budsjetta dei siste åra til tilrettelegging av infrastruktur i industriområdet i Rolvsvåg. Arbeidet er godt i gang, og me ventar at det vert fullført i 2015.

Planprogrammet for interkommunal næringsarealplan for Fusa, Os og Samnanger vil verta vedteke før årsskiftet. Framdriftsplan tilseier at planen vert vedteken av sitjande kommunestyret i oktober 2015. Rådmannen er med i prosjektgruppa for arbeidet, og ordførar, varaordførar og leiar av naturutvalet representerer Samnanger i styringsgruppa. Konkret areal til næringsføremål vert vurdert i samband med rullering av arealplanen. Arealplanen skal vera ferdig i juni 2015.



Samnanger kommune er medeigar i Business Region Bergen (BRNB). Her får nyetablerarar tilbod om diverse kurs. Kommunen har berre i liten grad engasjert seg i selskapet, og me bør i større grad nyta tenestene deira.

Samnanger kommune utgjer saman med kommunane Fusa og Os Bjørnefjorden Næringsutvikling (BNU). Aktiviteten her er avgrensa til fordeling av midlar frå regionalt næringsfond. Med arbeidet med felles næringsarealplan kan me sjå auka aktivitet i BNU. Samnanger kommune v. rådmannen har på vegne av BNU og delteke på fylkeskommunen sine faste møte for dei daglege leiarane av regionale næringskontor m.m. Rådmannen er også sekretær for BNU. Kommunen er også medlem av Samnanger næringsforum.

Utfordringar

Samnanger kommune har stor utpendling og få lokale arbeidsplassar. Eit virkemiddel for å få auka folketallet vil vera å få til fleire arbeidsplassar i kommunen. Kommunane sine viktigaste virkemiddel i så måte vil vera å ha ein infrastruktur som samsvarer med ønskja frå dei som vil etablera seg. Dette gjeld veg, ikt, vatn og avløp. Det er også viktig å ha tilgjengelege næringstromter.

Utan øyremarkja personell til å arbeida med næringsutvikling, vil aktiviteten ikkje kunne aukast.

I 2014 vart det gjennomført ein landsdekkande næringsundersøking. 7 verksemder frå Samnanger har delteke. I tabellen under er svara deira på kva dei vurderer som regionens største utfordring i eit 5 års perspektiv. Dei kunne velja inntil 4 alternativ.

	%
Restriksjonar frå statleg nivå /Fylkesmann, departement etc)	42,9
Tilrettelegging av næringsareal	57,1
Tilrettelegging av bustadareal	14,3
Forbetra kollektivtransport	14,3
Å få eit framtidsretta transportsystem	57,1
Forbetra regionalt samarbeid	57,1
Rekruttera kompetent arbeidskraft	28,6
Auka kvaliteten i grunn- og vidaregåande skular	14,3
Auka innovasjon- og omstillingsevne	42,9
Klima- og miljøutfordringar	0
Halda på/auka konkurranseskraft på internasjonale marknad	14,3
Stigande lønnsnivå	28,6
Auka konkurransen frå internasjonale nettaktørar	0

Mål for 2015

- Ferdigstilling av infrastruktur for industriområdet på Rolvsvåg.
- Vera aktiv i arbeidet med felles næringsarealplan for kommunane Fusa, Os og Samnanger
- Vera aktive i høve til å formidla informasjon til næringslivet om tenestene til BRB. Dette gjeld særleg etablerarskulen.
- Marknadsføra kommunen i høve til næringsaktørar m.a. nytt BRB sin portal.

Interne tenester

Teneste, organisasjon

Eining for interne tenester har ansvar for diverse felles-funksjonar og stabsfunksjonar innan økonomi, personal, it, arkiv og politisk sekretariat. Mykje av arbeidsoppgåvene er retta mot den øvrige kommuneorganisasjonen inkl. politikarane. Eininga har ein funksjon ut mot lokalsamfunnet knytt til informasjon gjennom at dei har ansvaret for heimesida. Eininga har også teke eit samfunnsansvar med arbeidet sitt knytt til breiband. Frå 2014 er det inngått fast avtale med Kvam herad om kjøp av tenester på skatt.

Arsverk	
Einingsleiar	1,0
Økonomi, løn og personal	3,9
Fellestenester/politisk sekretariat	2,7
IKT - informasjons- og kommunikasjonsteknologi	2,0
Sum årsverk i alt	9,6
Tal tilsette	11

Når det gjeld kontrollutvalet sitt budsjett (kontrollutval og revisjon), har rådmannen ikkje teke stilling til deira budsjettframlegg ut over at det er justert for forventa prisauke og korrigert for faktisk forbruk. Jmf. budsjetttrutinar for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett vert lagt fram for politikarane som eige skriv.

Politisk nivå og revisjon

I 2015 er det val til kommunestyre og fylkestinget. Dvs. at det både skal gjennomførast eit val og nye politikarar skal på plass med det som følgjer av opplæring og nytt utstyr – nettbrett.

Framleggset er basert på same opplegg som i inneverande år, dvs. 21 politikarar i kommunestyret og med dei 4 hovudutvala samt dei lovpålagte utvala eldreråd og råd for personar med nedsett funksjonsevne. Det er ikkje lagt inn meir midlar til opplæring enn det som ligg i budsjettet for 2014, dvs. 30.000 kroner. Me legg til grunn at mykje av opplæringa vil skje som tidlegare – intern opplæring, KS og fylkesmann/fylkeskommune.

Det er endringar i gjennomføring av valet då det i 2015 skal nyttast elektronisk manntal. Det inneber færre vallokale, men det krev og meir opplæring. I tillegg så vil opplæring av administrasjonen berre skje i Oslo, mot tidlegare i regionar. Det gir ein ekstra kostnad.

Det er lagt inn midlar til utskifting/kjøp av nettrett med kr 80.000. Det er enda ikkje avklara om me skal fortsette med dagens ordning med I-pad eller om det skal kjøpast andre og rimelegare nettrett.

Økonomi, løn og personal og fellestenesta

Det er eit aukande behov for dokumentasjon av kva som er gjort og sagt, og handtering av post i ulike fasongar er derfor vesentleg for eit godt resultat. Det opne samfunnet med stadig krav til informasjon og innsyn er krevjande. Personalet i eininga har gjennomført opplæring i arkivlova, og står no godt rusta til å handtera denne jobben. Me har og gode lokale til oppbevaring lokalt i tillegg til at me kjøper plass hjå IKA (interkommunalt arkiv i Bergen). Eininger har arbeidd med dei andre einingane for å få sikker lagring av arkivmateriale i heile kommunen.

Det nye løn- og personalsystemet er fortsett krevjande både fagleg og med tanke på tidsbruk. Det har vist seg at det er lett å gjera feil, og det må settast av tid til kontrollfunksjonar. Dette må det arbeidast meir med.

Det vart i 2014 inngått ein fast avtale med Kvam herad om tenester knytt til skatt. Denne avtalen avløyer ein mellombels avtale som vart gjort pga. sjukefråvær.

Når det gjeld **IKT**, er det store utgifter til lisensar og oppgradering av fagsystema. Etter politisk innspel vart det i 2014 vurdert å gå over til opne system – fri programvarer – men konklusjonen er at ulempene er så store at det ikkje er tilrådd. For 2015 er kjøp av utstyr redusert med kr 50.000 i skule og barnehage og tilsvarande for resten av organisasjonen. Dette m.a. for å få på plass kjøp av nye nettrett til det nye kommunestyret.



Summen til **velferdstiltak** for tilsette er vidareført i 2015 med ei løyving på kr 40.000. Med ein slik storleik er det mogleg å få til eit godt arrangement.

Tilleggsløyvingar til lønsoppgjer og anna

I utgangspunktet skal det ikkje gjennomførast lønstringar for hovudparten av dei kommunalt tilsette i 2015. Dette vart handtert i årets lønstringar, der det vart avtalt kva tillegg som vert gitt for 2015. I budsjettframleggset er det lagt inn på dei ulike einingane direkte. Det er likevel nokre tilsette som har krav på lønsforhandlingar også i 2015, og hovudtyngda av midlane avsett på konto for tilleggsløyving er tenkt brukt til det.

Verdibrev for ungdom må me enda rekna med at det går ut pengar til. I 2014 vil det verta betalt ut kr 75.000.

Utfordringar

- Svært mange, og ulike fagområde som skal verta dekkja med ein relativt liten stab. Ikkje mogleg å ha utdanning/spesialkompetanse som dekkjar alle saksområda
- Auka krav til dokumentasjon.
- Meiroffentlegheit
- Små fagmiljø gjer det utfordrande å rekruttera og behalda gode fagfolk.
- Det digitale Noreg

Mål for 2015

- Ha fokus på mål og måloppnåing,
- Utarbeiding av/revisjon av rutinar – internkontroll
- Auka kontroll med lønsutbetalingar
- Gjennomføra kommune- og fylkestingsvalet på ein god måte

Sosial og helse

Tenesteområde, organisasjon

Til området ligg tenester innan NAV, barnevern, legeteneste, helsestasjon, jordmor, fysioterapi. I tillegg kjem førstehjelps bilen. Det vert også kjøpt inn spisskompetanse som t.d. psykolog, tilsynsførarar barnevern og fosterheimar. Det er vedteke at me skal inngå i interkommunalt samarbeid om barnevern, men det er ikkje avklara med kva kommune.

Årsverk	
Sum årsverk Helsetunet	5,43
Sum årsverk NAV/sosial	1,4
Sum årsverk Barnevern	2,55
Sum årsverk totalt	9,38
Sum totalt tilsette	17

Helse

Samnanger bruker mykje pengar på helse. Mindre kommunar vil vera "dyrare" i drift også på dette området, så det er naturleg å samanlikna seg med gruppe 2. Me har i heile perioden hatt større utgifter enn gjennomsnittet av desse kommunane. Få kommunar har utgifter til førstehjelps bil. I 2013 kosta den 635.000 kroner.



Der er statlege føringar på at helsestasjonsarbeidet skal styrkjast, og det er lagt inn midlar i rammetilskotet. I rådmannen sitt framlegg til budsjett er helsestasjonen si ramme auka med midlar som tilsvarer ein auka stillingsressurs på vel 10%.

Regjeringa har med framlegg til statsbudsjett bestemt å ta bort ordninga med kommunal medfinansiering av sjukehusdrifta. Samnanger kommune fekk i 2014 vel 2,5 mill. kroner i

statstilskot som er inntektsført på helsebudsjettet som inntekt og ein tilsvarande sum som utgift – betaling til Helse Vest. F.o.m. 2015 er dette teke ut av budsjettet.

Drifta av legekontoret har auka ein del. Dette skuldast m.a. auka pensjonsutgifter sidan kommunen betaler pensjon for "alle" tilsette sjølv dei som går i små stillingar. Det er og ein del underbudsjettering i 2014.

Sosialhjelp – NAV kommune

Samnanger har lagt høgt på utgifter til økonomisk sosialhjelp. Situasjonen er ekstra utfordrande fordi me har og mange som har gått lenge på økonomisk sosialhjelp. Dette har hatt fokus sidan ordninga med NAV kom og me såg moglegheiter for å samarbeida tettare med ytingane på statleg hald først og fremst retta inn mot arbeid men og mot trygdeytingar som uføretrygd. Statistikken viser at me har vore på god veg, men at det i 2013 gikk feil veg. Me må fortsette å ha dette fokuset framover. Me har til drøfting om me har moglegheit til ei tettare oppfølging av nokre av brukarane gjerne gjennom eit tiltak. Tiltaket krev i så fall ny ressursar, noko som me må vurdera om det er mogleg å få ekstern tilskot til. Jmf. og den sentrale diskusjonen om arbeidspunkt.

Tal personar som har fått økonomisk sosialhjelp

	2009	2010	2011	2012	2013
Totalt	52	64	58	49	49
Meir enn 6 mnd.	20	27	18	14	20
Gjennomsnittleg stønadslengd 18 -24 år	6,8	5,9	4,5	4,3	7,6
Gjennomsnittleg stønadslengd 25 – 66 år	4,7	5,0	4,5	4,8	5,0

	Samnanger	KG 2	Landet
Brutto driftsutg. pr. sosialhjelprmottakarar i kr	67 184	65 303	91 872
Brutto driftsutg. til økonomisk sosialhjelp pr mottakar i kr	29 878	26 274	39 849
Andel mottakarar med øk. sosialhjelp som hovudinntektskj	42,9	35,1	46,3

Dei tilsette på NAV kommune melder attende at det er store utfordringar med saker knytt til gjeld. Me har f.t. under arbeid 5 saker, og ein person til har bedt om hjelp. Dette er saker som krev omfattande sakshandsaming – systematisering, kontakt med kreditorar etc. Det er viktige saker både for den einskilde men og for kommunen sidan dette er personar som også søker om økonomisk sosialhjelp.

I budsjettframlegget er det lagt til grunn om lag same summen til økonomisk sosialhjelp som i 2014. Økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet og introduksjonsordninga må sjåast saman.

Flyktningar

Gjennom ordninga med familiegjenforeining mottok me 1 flyktning i 2012 og 2 i 2014. Saman med ein flyktning som vart busett i 2011 gir det eit statstilskot på 550.000 kroner i 2015. Det er ikkje budsjettert med vidareføring av stillinga som flyktningekonsulent. Det betyr at me ikkje kan fylgja opp flyktningane slik me har gjort fram til no. Mange av dei har utfordringar med å tilpassa seg i det norske samfunn, t.d. med å forstå skriv som vert sendt til dei. Me veit det kan vera utfordrande, men me har ikkje ledig kapasitet på NAV til å gje dei tilsvarande hjelp som dei har

fått fram til no. Dei må i større grad klare seg på eigen hand, men dei vil sjølv sagt få hjelp som andre innbyggjarar. Me vil i desember halda orienteringsmøte for flyktingane om dette.

Barnevern

Budsjettet for 2015 er lagt opp som om me har eiga ordning. Det er føreteke nokre justeringar mellom dei ulike funksjonane, dvs. det er flytta personell frå sakshandsaming til førebyggjande tiltak i heimen. Dette er i tråd med korleis personellet jobbar. Det er vidare lagt til grunn kjende kostnader i høve til kva saker som er meldt opp til fylkesnemnda. Dvs. at det ikkje er saker i 2015 som me er kjend med i dag.



Me har ein pågående diskusjon med Bergen kommune om kven som har ansvaret for ein ungdom som er plassert i institusjon. I budsjettframlegget er det lagt til grunn at Bergen kommune godtek Samnanger kommune sitt krav. Det er snakk om ein kostnad på 390.000 kroner.

Organisasjon

2014 har vore eit år der dei tilsette har måtte teke mykje meir ansvar for drifta sidan rådmannen berre i liten grad har fulgt dei opp som einingsleiar. Avklaringa med tanke på barnevern må koma før nyttår, og det er også lagt opp til at det vert fatta vedtak om ny organisering før nyttår. Det vil verta endringar for desse tenesteområda, og det er ønskeleg at ny organisering kjem på plass så snart som mogleg.

Mål for 2015

- Få på plass ein funksjonell arbeidsfordeling internt i ny organisasjon
- Redusera tal langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp
- Betre samarbeid om barn og unge på tvers av einingane.
- Auka fokus på barn og unge si helse

Pleie og omsorg

Tenesteområde, organisasjon

Pleie og omsorgstenestene omfattar i tillegg til tenester primært til eldre – sjukeheim, heimesjukepleie og praktisk bistand i heimen – også psykiatritenester og tilbod til funksjonshemma. I tillegg til eigne tilsette leiger eininga inn personale frå vikarbyrå. Det er også personale som er lausare knytt til kommunen som arbeidsgjevar, folk som har omsorgsløn og er brukarstyrt assistent.

Årsverk	B 2015
Sjukeheim	25,62
Open omsorg	14,73
Psykiatri	1,9
Funksjonshemma	12,0
Dagsenter eldre	0,82
Sum Årsverk	55,07
+ 20 prosjektstilling	

2015 vert eit heilt spesielt år for tenestene til eldre. I byggeperioden – november 2014 til mars 2016 vil me ha to avdelingar med sjukeheimsdrift og ei adskilt avdeling for heimetenestene. I

budsjettframlegget er det lagt til grunn for oppstillinga, og det er derfor vanskeleg å samanlikna 2015 direkte med tidlegare år.

Det er frå eininga si side lagt ned eit omfattande arbeid med budsjettet. Mykje måtte tenkast på, og mangt er fortsett usikkert. I oppsettet er det lagt inn redusert bemanning. Dette gjeld t.d reinhald og vaskeri og ikkje minst kjøkken. Desse oppgåvene vert betalt som kjøp av tenester, anten til Storholmen (middag både på institusjon og til heimebuande) eller til Vaksdal. Det er vidare lagt til grunn at ingen faste tilsette skal stå utan arbeid, noko som har gjort at me legg opp til eit budsjett med noko meir personale enn strengt tatt naudsint, men der det faste personalet også er vikarar. Dvs. at vikarbudsjettet er sett ned.

I samband med mellombels drift opphører ordninga med samordna tenester – dvs. at dei tilsette arbeider både på sjukeheimen og i heimetenestene -. Samordna drift har mange goder med seg både i høve til personellet og til brukarane. Det er imidlertid ein del som tyder på at denne måten å organisera tenestene på kostar meir. Me vil no få erfaringar med å skilja tenestene, og før me tek i bruk ny sjukeheim skal det fattast avgjerd om korleis me skal organisera desse tenestene i framtida.



Sjukeheim

Det vert sjukeheimsdrift to stader, Hamnahaugen og på Vaksdal sjukeheim. Budsjettet er lagt opp slik at det vert vist ein samla kostnad for dei to stadene. Rekneskapen vert ført slik at det vert mogleg å få ut kostnaden for kvar av avdelingane. Rådmannen har lagt til grunn at me skal leiga færre timer frå byrå, og at dette skal løysast med eigne tilsette. Innsparingen er rekna til ein halv million. Det er derfor viktig at ein kjem i gang med dette tidleg på året.

Det vert plass til 27 bebuarar – 15 på Vaksdal og 12 på Hamnahaugen.

I framlegg til budsjett er det teke inn alle utgifter med mellombels drift. Det inneber m.a. betaling til Vaksdal kommune, transport av personale til Vaksdal (bruk av kommunale bilar), leige av lagerlokale. Ny forskrift gjer at personar som mot sin vilje må bu på rom saman med andre har krav på redusert betaling. Reduksjonen er rekna til 25.000 kroner pr. år pr. plass.

Heimetenestene

Heimetenestene skal lokaliserast i Vassloppa barnehage. Her kjem det berre mindre utgifter til bygg, reinhald. Det er ein ekstra kostnad for leige av lager til hjelpemidlar.

Psikiatri

Dagens ordning held fram. Dei vert no lokalisert på Frøland, og i budsjettframlegget er husleiga her plussa på.

Dagsenter

Det var eit sterkt ønske om å få til eit dagsentertilbod i kyrkja på Haga. Kyrkja har vore svært positive og snudd om på sine plana. Det er lagt vel til rette for at me skal kunne gje eit godt dagsentertilbod i 2015. Budsjettet er plussa på med utgifter til reinhald etc.





Tilbod til personar med nedsett funksjonsevne

For 2015 vil heildøgns tilboden til personar med nedsett funksjonsevne vert gitt berre på Skottabakken. 7 personar før eit heildøgns tilbod her. For å få det til er det kjøpt inn brakker til fellesrom og personalrom. Dette er ei mellombels løysing til nytt senter står klart.

Arbeidet med å få til eit nytt senter har måtte vike til fordel for utbygging av sjukeheimen. Me har no fått avklara at tomta på Skottabakken er tilstrekkeleg for det prosjektet som er under arbeid. Utbygging her vil m.a. tilseia flytting av beburane, og det er ikkje realistisk å få det til før ny sjukeheim står klar. Framdrifta er derfor lagt opp ut frå dette. I 2015 vil me arbeida for å få prosjektet klar til utlysing. Midlar til dette arbeidet vert henta frå avsett løyving.

Kostnad og styrking av det faglege miljøet er sentrale element for å få eit felles bu- og aktiviseringssenter. Framlegg til løysing for 2015 viser at drift på ein stad er rimelegare enn å驱ra på fleire stader sjølv om me har hatt ein synergieffekt ved å vera saman med sjukeheimen. I framlegget har me fått frigjort midlar på ca ein halv million kroner. Det er då sett av midlar til vaken nattevakt, og aktiviteten er halden på minst nivå som i 2014.

Mål i 2015

- Få gjennomført bygging av sjukeheim
- Halda oppe eit godt tilbod i byggjeperioden
- Ivareta brukarar, pårørande og tilsette i ein krevjande periode

Teknisk

Tenesteområde

, organisasjon

Eininga har oppgåver innan områda planlegging, byggje- og delesaker, brann, kart og oppmåling, miljø og naturforvalting samt at den har ansvar for drift og vedlikehald av veg, vatn, avløp, bygg og uteområde. Frå 2015 vil dei også få ansvar for reinhald av alle kommunale bygg.

Teknisk har også eit viktig ansvar for arbeidet med utvikling av kommunen gjennom ulike prosjekt på infrastruktur og gjennom planarbeidet.

		Merknad
Teknisk inne	4,18	Byggesak, oppmåling, plan, adm. m.m.
Brann/seiling	16 personar i små stillingar herav 4 brannbefal	
VVA	2,87	
Eigedom	3,55	
Kyrkjegard	0,85	
Miljø	0,2	
Prosjekt	1,0	Fordelt i investeringsbudsjettet
Reinhald	7,7	
Sum	20,3	

Det vert og kjøpt inn tenester som inngår i planlegging og utviklingsarbeid og til ulike vedlikehaldsoppgåver. Det er interkommunalt samarbeid på brann og renovasjon, og me kjøper tenester på feiing og tilsyn.

Plan- byggle- og delesaker, kart og oppmåling og naturforvalting

Området er omfattande og det er store krav til kvalitet og til tidsbruk. Her har brukarane av nokre av tenestene krav på tidspunkt for levering. Dersom ikkje kommunen klarer å levera innan gitte fristar tapar kommunen inntekter i form av at gebyret skal reduserast eller at det fell heil bort. Me har arbeidd mykje med å få eit gebyrregulativet som samsvarer med kostnadene våre og som dekkjer alle tenestene. Me meiner at no at dette er rimeleg greitt, og evt. manglar vert retta opp gjennom den årlege handsaminga av gebyrregulativet.



Eininga har ikkje store etterslep på noko område, men det er krevjande å vera å jour til ei kvar tid.

Den store utfordringa i 2014 og 2015 er revisjon av arealplan i kommuneplanen. Denne skal vera ferdig til handsaming av sitjande kommunestyret.

Delegeringsreglementet er i dag slik at alle delingssaker skal handsamast politisk. Dette er urasjonelt, og mange av desse sakene er kurante og bør kunne delegerast til rådmannen.

Brann og feiing og tilsyn

Kommunen har i dag interkommunalt samarbeid med Bergen om brann. I 2014 er det lagt ned eit stort arbeid for å få til gode rutinar og system. Det er fleire utfordringa innan brannvern, men den største gjeld nok krav til formell kompetanse. Dette har gjort at me både i 2014 og i 2015 må auka brannbudsjettet vesentleg. Kostnaden med opplæring er først og fremst frikjøp/løn.

Opplæringa vert gjort av Bergen brannvesen med 4 helgesamlingar (2 i 2014 og 2 i 2015) og med ei veke hospitering i Bergen. Kostnaden med ekstra løn kjem i 2015 på 400.000 kroner og då noko mindre i 2014. Fylkesmannen har etter søknad gitt tilskot på kr 250.000, og den har me lagt inn i budsjettet for 2015. Dette er og ei satsing frå sentralt hald, og i statsbudsjettet er det lagt inn kr 75.000 i rammetilskotet til opplæringa.



Auka pensjonsutgifter er og med å auka løyvinga vesentleg. Endringar i regelverket gjer at det skal betalast pensjon sjølv av minimale stillingar. Me skal ha eit møte med brannsjefen i slutten av november for å evaluera avtalen med Bergen brannvesen. Kostnad vert eit av tema.

Veg, vatn og avløp

Eininga har lagt fram oversikter over status for alle tre områda. Dei har også utarbeidd planar for utbetringar. Konklusjonen er at det ikkje står bra til med den kommunale infrastrukturen. Det er gitt midlar ut over generell prisauke til vegvedlikehald dei siste åra. Mykje er gjort, men etterslepet er så stort at det nesten ikkje monnar.



I budsjettframlegget frå eininga er det lagt inn ei rekke tiltak på desse områda. Rådmannen har særleg merkja seg det som står om bruar, og i lys av skadane dei store nedbørsmengdene i oktober har gjort er det all grunn til å vera uroleg. Det er ikkje funne rom til å styrkja

vedlikehaldet. Det inneber m.a. at den ekstra løyvinga for 2014 på kr 400.000 ikkje er vidareført.

Bilparken er gammal, og behovet for utskifting av utstyr har vore diskutert før og vert på nytt teke opp av eininga. Tronge økonomiske rammer gjer at det ikkje er mogleg å gje midlar til inventar og utstyr og då heller ikkje til bilar/traktor. I framlegg til økonomiplan vil rådmannen prioritera noko midlar til dette i 2017.

Vatn og avløp er sjølvkostområde. Ramma for tiltak vil derfor vera langt på veg styrt av kva nivå me legg dei kommunale avgiftene. I Samnanger ligg gebyret for avløp lågare enn mange andre kommunar og tilsvarande høgt på vatn. Me viser til investeringsbudsjettet når det gjeld kommentarar til nye tiltak innan området.

Kyrkjegarden

Det er mange utfordringar på kyrkjegarden, grøfting, murar som raser saman og råteskadd gjerde. Der er ein del stillingsressursar som burde kunne gjera ein del av arbeidet. Det har vist seg vanskeleg og uansett er nok bruk for noko ekstra midlar. Eininga har peika på behovet, og det er lagt inn framlegg til tiltak.

Bygningar

Den økonomiske ramma frå 2014 er vidareført. I tillegg er det i vedteken økonomiplan lagt inn midlar på kr 700.000 til opprusting av 1995-bygget på sjukeheimen. Dette vert nærmere kommentert under investeringar sjølv om mykje av det som er tenkt gjort vert definert som vedlikehald.

Reinhald er ein viktig del av vedlikehaldet av bygningane våre. I budsjettet for 2014 vart det sett som mål at me skulle ha gjennomført ei omlegging av denne tenesta. Ass. rådmann har hatt ansvaret for prosjektet og i samarbeid med Fagforbundet og driftsansvarleg for teknisk er det no utarbeidd ein plan som tilseier at alt reinhaldspersonale vert samla under ein reinhaldsleiar. Det har vore henta inn kunnskap frå andre som har føreteke denne endringa frå fleire år attende med godt resultat. Det har m.a. vore god dialog med Vaksdal kommune.



Oppsummering frå rådmannen

Det har ikkje vore mogleg å sette av ekstra midlar til teknisk eining. Dvs. at driftsbudsjettet for 2015 er ei vidareføring av den ordinære drifta i 2014. Det vert foreslått ein del tiltak i investeringsbudsjettet som imøtekjem nokre av dei tiltaka som er presentert i statusrapporten frå eininga for vatn og avløp.

Det er ei rekke oppdrag som teknisk må halda fram med/slutføra i 2015. Her kan nemnast vatn til Frøland/Totland, oppussing av 1995-delen av sjukeheimen, Bjørkheimsplanen, VA i Eikedalen og utbygging i industriområdet på Rolvsvåg.

Mål for 2015

- Halda tidsfristar for svar og tilbakemeldingar og fristane for saker innan oppmåling og byggesak
- Få reinhaldsgruppa til å fungera på ein optimal måte
- Samfunnsutvikling – framdrift på prosjekt
- Sluttføra kommuneplanen sin arealplan
- Trafikksikringsarbeid

Landbruk

Samnanger kommune er med i det interkommunale kommunesamarbeidet Bjørnefjorden landbrukskontor der Fusa kommune har det formelle ansvaret. Tysnes kommune kom med i samarbeidet hausten 2012. Samnanger kommune skal i fylgje inngått avtale betala 13 % av netto driftsutgifter. I tillegg vert det gitt kommunalt tilskot til veterinær.

	2013 rekneskap	2014 budsjett	2015
Landbrukskontor	431 718	467 000	526 000
Veterinær	66 495*	35 000	35 000
Samla	498 963	502 000	56 1000

*etterbetaling

Bjørnefjorden landbrukskontor gir eit godt tilbod til dei som driv med landbruk i Samnanger. Kontoret har slitt med utskifting av personalet. Som med anna interkommunale samarbeid som ikkje er lokaliserte i Samnanger er me ikkje flinke nok til å involvera dei i utviklinga av kommunen.

Summen som er lagt inn i budsjettet er identisk med det som landbrukskontoret meiner me skal betala. Den ligg langt over normal prisauke, men innbetalinga i 2013 er nok for låg i høve til kva me skal betala i eit "normalår". Her ligg både vakansar og at Tysnes dette året brukte meir enn sin del av ressursane og betalte også for det. Budsjettet for Bjørnefjorden landbrukskontor skal diskuterast på eit møte i styringsgruppa – rådmennene i dei fire kommunane -. Eit planlagt møte i oktober vart avlyst, og det er ikkje mogleg å få til nytt møte før i desember.

Barnehage

Tenester, Organisering

130 barn i kommunen har barnehagetilbod i 2 kommunale og 1 privat barnehage.

Kommunen betalar i tillegg tilskot for 2 barn som får tilbod i andre kommunar. I følgje Lov om barnehagar § 8 er det kommunen sitt ansvar å vera forvaltnings- og tilsynsmynde ovanfor den private barnehagen i kommunen.

I tillegg til årsverka i tabellen gir ein ca 25% pedagog / logoped på styrka tiltak i alle barnehagane.

Årsverk Pr. 01.08.14	Kommunal barnehage	Privat barnehage	Totalt
Styrar	2,6	0,4	3,05
Pedagogisk leiar	8,80	2,05	10,8
Assistentar	17,3	3,0	20,3
Adm/merkantilt	0	0	0
Assistent styrka	1,3	0	1,3
Anna personale	0	0,32	0
Sum	30,00	5,77	35,45
Pedagog u. godkjent utd.	0	0,45	0,45
Tal personar	35	8	43

Mål – kommunale barnehagar 2015

Tenester –

*Barn og vaksne skal arbeida saman for å skapa ein god kvardag for alle involverte
Saman skal me gjera kvar dag til noko som er verd å ta med seg vidare*

- Barna skal oppleva eit heilheitleg opplæringsløp – med kjende og trygge overgangar mellom barnehage - barneskule og mellom barnetrinn – ungdomstrinn.



saman om ein god start

Organisasjon

- Mål om å ha ei relasjonsorientert leiing og få etablert ein tydeleg organisasjon der det er lagt til rette for gode utviklingsprosessar – lærande organisasjon.
- Mål om mindre enn 7,7% sjukefråver.

Samfunn - Tiltaka her er nedfelt i kommunen sin kommuneplan.

- Sørviserklæringar
- God kvalitet på tenestene
- Nytt dråpen som symbol –

Budsjett 2015 og satsing

Utfordringar

- Risikera å gå med ledige plassar, samstundes som kommunen betalar for barn i andre kommunar.
- Tilsyn i alle barnehagane i 2015. Både tids- og ressursmessig er dette ei omfatnande oppgåve, og me treng nytta oss av spesialkompetanse der det er nødvendig.
- Barnehagane treng å få meir heilskaplege samhandlingsformer og dialog med barneskulen gjennom tidleg innsats.
- Barnehagane er ein viktig samarbeidspart og er avhengig av eit meir systematisk tverrfagleg samarbeid om me skal lukkast i å få til god og gjennomgående kvalitet på tenestene.



Føringar

Nasjonale føringar

- Likeverdig handsaming av kommunale og private barnehagar. 98% av tilskuddet til private barnehager skal bereknast på grunnlag av kommunale regnskap for 2013.
- Maksimal foreldrebetaling for ein heiltidspllass i barnehage er 2 580 kroner per månad i 2015. Ein innfrir med dette løftet om ein maksimalpris.
- Rett tilredusert foreldrebetaling ved samla inntekt på under 405.000.
- Minst 2 barnehageopptak i året.
- Mål for barnehage:
 - ✓ Retten til plass må bli innfridd.
 - ✓ Det skal vera likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar.
 - ✓ Alle barnehagar skal vera ein god arena for omsorg, leik, læringsarena og danning.
 - ✓ Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap.
 - ✓ Prisen skal vera så låg at alle som ønskjer det skal ha råd til å ha barn i barnehage.
 - ✓ Sikra likeverdig handsaming og høg kvalitet i alle barnehagar - GLØD
 - ✓ Styrka barnehagen som læringsarena
- Stortingsmelding - *Framtidens barnehage*.
- ✓ Strategi for kompetanse og rekruttering 2014-2020.

Lokale føringar/planar/vedtak

- Alle som søker skal få tilbod om barnehageplass i kommunale barnehagar gjennom forløpende opptak gjennom året.
- Strategi for overgang barnehage - skule – tidleg innsats.
- Kommuneplan - Legga til rette for dagleg fysisk aktivitet og sunne måltid, viktig for helse og trivsel og for eit godt læringsmiljø.
<https://www.samnanger.kommune.no/tenester/individ-og-samfunn/samfunnsplanlegging/kommuneplanlegging/kommuneplan-for-samnanger.aspx>
- Kulturplan – den kulturelle nistepakken.
- Styringsdokument – økonomiplan 2015-18.
- SOL – Strategi for opplæring - og læringsmiljø
<https://www.samnanger.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=67&FilId=877>

Særskilte prioriterte arbeidsoppgåver i 2015

- Tidleg innsats.
- Tverrfagleg samarbeid
- Tilsyn og kvalitetsutvikling
- Friluftslivets år



✓ *Tenestene –*

- For å få til ein tidleg innsats føreset det ein heilskapleg samanheng frå fødsel –barnehage –skule. Satsinga som no vert gjort på helsestasjonen vert derfor viktig. Det må verta etablert fora som sikrar heilskapen for denne overgangen og ei felles forståing for dette arbeidet. Barnehagane sine erfaringar om barna si helse og utvikling må koma meir fram, og skulen må sikra seg desse erfaringane når barna går over og inn i skulekvardagen.
- Barnehagen er ein sentral part for å få til tverrfaglege samarbeidsformer og samhandlingsteam. Møteplassar med både Ppt, skule, helse, barnevern, kultur og sosial for dialog om resultat og kvalitet vert nødvendig for eit godt systemarbeid i barnehagen.
- Resultata i brukarundersøkingane i 2014 og det som kjem fram på bakgrunn av internkontroll og tilsyn vert følgt opp med dialog og tiltak.
- Fokus på friluftsliv og uteaktivitet gjennom heile året.

✓ *Organisasjon –*

- Bemannninga vert gjennom budsjettåret tatt ned og korrigert i tråd med norm for talet barn i barnehagane i 2015, jfr BL. Naturleg avgang og vikariat.
- Det er lagt opp til felles personalsamlingar for begge barnehagane for å få etablert felles mål og strategi for tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid.
- Dialogmøte mellom folkevald barnehageeigarar og barnehageleiarane om kvalitet på tenesta.
- Dialog og analyse med dei tilsette om resultata i medarbeidarkartlegginga.
- Arbeida for eit høgt og godt nærvær som igjen kan redusere sjukefråveret til lågare enn 7.7%.
- Kompetanseutvikling for pedagogane innan tidleg innsats om korleis få til god språkutvikling hos barn, samt felles vidareutdanning for assistenter.

✓ *Samfunn –satsing og utvikling av kommunale barnehagar;*

- God kvalitet på tenestene – halda fram med å utarbeida tenesteomtalar og sørviserklæring for kommunale barnehagar. Barnehageeininger ønskjer å lage brosjyre om tilbodet sitt.
- God sørvis – utarbeida stillingsomtalar og nytta digitale verktøy.
- Dråpen som symbol – vidareføra påbegynt arbeid. Barnehagane treng skilt både utvendig og innvendig, samt profilering der dråpen er symbol. Arbeidet må sjåast i samanheng med kommunen si satsing på dette, og arbeidet er dermed avhengig av at rådmannen får ferdig ein plan for arbeidet.

- ✓ Økonomi – konsekvensjustert budsjett
- Budsjettet er ei vidareføring utan nye tiltak og konsekvensjustert, med unnatak av punkta som følgjer nedanfor.
- Ferietilbodet om ope to veker om sommaren, samt opning i samband med romjul og påskeveka vert lagt ned. Gjennom fleire år har det vist seg at det ikkje er eit reelt nok behov bland brukarane til dette og ofte trekker foreldra seg frå tilbodet. For barnehagane vil det gje ei samla innsparing på ferievikarar på kr. 160.000. Barnehagane kan med dette i stor grad få avvikla mesteparten av ferien for alle tilsette utan ekstra kostnader.
- Det er lagt inn ekstra ressursar til felles personalsamlingar i samband med tidleg innsats - kr. 40.000.
- Det er ikkje funne midlar til å prioritera uteområdet til Dråpeslottet. Men dersom det viser seg å vera innsparing i eininga gjennom året, er det et sterkt ønskje om å få gjennomført dette tiltaket.

Økonomi

Rammer sett i økonomiplanen for 2015-18. Tiltak i 2015.

Driftsbudsjett netto budsjetttrammer	2014	2015	Merknader
Opprinneleg budsjett pr. 1.1.2014	15.833.508		
Prisjustert opprinneleg budsjett	Nei	Nei	
Konsekvensjusteringar auke foreldrebetaling – statleg føring	2.480	2.580	Gjennomført budsjett-justering i tråd med opptak
Driftsreduksjonar Ferievikarar Tilpassing av personale etter norm, BL	Budsjettjustert gj. om året	160.000 500.000	
Driftsauke - Fellespersonalsamlingar		40.000	
Totalt nettobudsjett		14.650.160	

Oppsummering

Barnehageeininger driv godt og tilpassar bemanninga i høve til talet barn. Det vert teke utgangspunkt i 1 pedagog og 200 % assistent pr avdeling med 18 store barn eller 9 små. I tillegg er det lagt inn ressursar for tidleg innsats/språkstimulering som ei styrking av barnehagane. Det er framleis nokre ledige plassar, og me ønskjer fleire barn til dei flotte og veldrivne barnehagane våre. Det er i år og endring i barnetal og nye reglar for tildeling av tilskot til private barnehagar. Dette er igjen med å påverka dei økonomiske rammene innanfor sektoren.

Grunnskule

Tenesteområde, organisasjon

Samnanger barneskule (SBS) har eit elevtal på 202 fordelt på 11 klassar heile året i 2015. I SFO er det 46 barn. Samnanger ungdomsskule (SUS) har 76 elevar om våren i 3 klassar. Hausten 2015 er det stipulert med 79 elevar fordelt på 4 klassar.

Organisasjon og medarbeidrarar SBS og SUS

Tala er frå GS1 pr. 01.10.14, og er tilnærma lik for våren 2015.

Årsverk 2014	SBS	SUS
Sum skuleleiing	2,10	1,70
Sum Pedagogisk personale	17,98	9,34
Assistentar skule	6,51	1,46
Assistentar SFO	2,98	0
Sum årsverk i alt	29,57	12,5
Tal tilsette	37	18

Mål – grunnskule 2015

Tenester –

Samnanger kommune sitt hovudmål;

Ein god stad å vera, ein god stad å læra.

Delmål – elevane skal vera



Betre enn Hordaland i LESING

Betre enn Hordaland i ENGELSK

Betre enn Hordaland i REKNING

- Mål om at 100% av avgangselevane går direkte over til vidaregåande skule.

Organisasjon

- Mål om å ha ei relasjonsorientert leiing og få etablert ein tydleg organisasjon der det er lagt til rette for gode utviklingsprosessar – ein lærande organisasjon.
- Mål om mindre enn 4,7% sjukefråver.

Samfunn - Tiltak som er vedteke i kommuneplan og andre lokale vedtak.

- Sørviserklaringar – skulane har i stor grad etablert dette.
- God kvalitet på tenester – mål om analyse og drøfting av brukarundersøkingane i FAU/SU.
- Drøpen som symbol - Få skilt, heimeside og info. Brosjyre. Få planlagt prosjektet *Vatn – kreative krefter* – i lokal læreplan, med klima og miljøstasjon på Samnanger barneskule.

Budsjett 2015 og satsing

Utfordringar

- Få til ein heilskapleg og samanhengande overgang mellom barnehage – barneskule - ungdomsskule.
- Få til eit betre læringsutbyte for alle elevar gjennom tidleg innsats, tilpassa opplæring og med redusert spesialundervisning.
- Få etablert tverrfaglege samarbeidsfora og samarbeidsteam med fokus på tidleg innsats og fokus på psykisk helse/folkehelse på alle trinn.
- Elevtal som ligg rundt delingstalet for gruppedeling gjev usikkerheit omkring talet klassar og delingstimar skulane skal få tildelt. Utfordrande å få til eit stabilt fagmiljø.
- Fleire yngre funksjonshemma får individuelle VaksenOpplæringstilbod i heimen. Dette bør verta samla i eigna lokale og verta utvida med sosiale aktivitetar for denne gruppa.

Føringar

Nasjonale føringar

- Mål i grunnskolen
- ✓ Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistra grunnleggande ferdigheter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv.
- ✓ Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføra vidaregående opplæring med kompetansebevis som vert godkjend for vidare studie eller i arbeidslivet.
- ✓ Alle elevar og lærlingar skal verta inkluderte og oppleva meistring
- Skolebasert kompetanseutvikling på ungdomstrinnet 2013-2017
http://www.udir.no/Upload/Ungdomstrinnet/Plan_for_skolebasert_kompetanseutvikling_p%C3%A5_ungdomstrinnet_2013_2017_mal.pdf?epslanguage=no

Lokale føringar/planar/vedtak

- Kommuneplan - Legga til rette for dagleg fysisk aktivitet og sunne måltid, viktig for helse og trivsel og for eit godt læringsmiljø.
<https://www.samnanger.kommune.no/tenester/individ-og-samfunn/samfunnsplanlegging/kommuneplanlegging/kommuneplan-for-samnanger.aspx>
- Strategi for overgang barnehage - skule – tidleg innsats.
- I tidsrommet frå 2012-15 skal skulane i Samnanger ha følgjande utviklingsområde;
- ✓ Utvikla skulen som ein lærande organisasjon
- ✓ Organisering av spesialundervisning og særskilt språkopplæring
- ✓ Kultur for erfaringsdeling
- ✓ Tydeleg og inkluderande leiing
- ✓ Tverretatleg samarbeid med fokus på førebyggande folkehelse.
- ✓ Styringsdokument – økonomiplan 2015-18. Mål og delmål.
- SOL – Strategi for opplæring- og læringsmiljø.
http://www.udir.no/Upload/Ungdomstrinnet/Plan_for_skolebasert_kompetanseutvikling_p%C3%A5_ungdomstrinnet_2013_2017_mal.pdf?epslanguage=no

Særlege prioriterte arbeidsoppgåver i 2015

- Tidleg innsats.
- Tverrfagleg samarbeid
- Kvalitetsutvikling – skulebasert kompetanseutvikling
- Friluftslivets år

- ✓ *Tenestene -*
 - Få til heilskap og samanheng for eit betre læringsutbyte gjennom tidleg innsats og eit godt samarbeid med barnehagen.
 - Kvalitetssikra at elevane har læringsutbyte, - kartlegging og nasjonale prøvar. Redusere spesialundervisning gjennom å auke fokus og innsatsen på tilpassa opplæring.
 - Dialogmøte mellom folkevalde og skuleleiarane om kvalitet på tenesta.
 - Dialog om resultatet på brukarundersøkingane, for å få til gode prosesser og medskaping av tiltak som er moglege å gjennomføra i einingane.
 - Kvalitetsutvikling med ein aktiv styringsdialog der både elevar, tilsette, foreldre og skuleigar deltek i prosessane i lærande møte.
 - Tverrfagleg samarbeid med helse, PPT, barnehage, skulane, barnevern, kultur og sosial.
 - Teljedato for elevtal og klassestorleik/gruppedeling er 01.08 kvart år, jfr forskrift.
 - Oppretter eit lokalt felles VO-tilbod i gamle Nordbygda barnehage for (ca 3-5) yngre funksjonshemma.
 - Ha arrangement og aktivitetar knytt til friluftslivets år.

- ✓ *Organisasjon -*
 - Kultur for læring – etablera gode og effektive samarbeids- og møtearenaer.
 - Leiingsstrategien skal vera knytt til relasjonsleiing og vera tett på.
 - Etablira ein tydleg organisasjon med tydelege mål og rammer, samt leggja til rette for kollektive kvalitetar – lærande organisasjon.
 - Etablira skolebaserte kompetanseutvikling på ungdomstrinnet ”Ungdomstrinn i utvikling” ved hjelp av UH-sektoren, og utvikla skulen sin praksis innanfor klasseleiing, rekning, lesing og skriving.
 - Analysere og etablira tiltak for oppfølging av resultata i medarbeidarkartlegginga.

- ✓ *Samfunn –satsing og utvikling:*
 - God kvalitet på tenestene – Gjera tenesteomtalane kjente i organisasjonen og for foreldra.
 - God sørvis – få implementert og etablert sørviserklæringane i organisasjonen og ut til brukarane. Starta arbeidet med stillingsamtalar.
 - Dråpen som symbol – Det er ikkje kapasitet i 2015 til vidareføre prosjektet – *Vatn-kreative krefter* – kraftsafari og LivsLangLæring, jfr kommuneplanen. Tiltaket vert føreslått utsett til 2016. Tilskot frå Enova skal dekka etableringa av ein miljø og klimastasjon mellom barneskulen og barnehagen. Miidlane er sett av på fond.
 - Skulane treng skilt både utvendig og innvendig, samt profilering der dråpen er symbol. Arbeidet må sjåast i samanheng med kommunen si satsing på dette og arbeidet er dermed avhengig av at rådmannen får ferdig ein plan for arbeidet.

- ✓ *Økonomi –*
 - Skulane skal ha fått tildelt økonomiske ressursar etter tal elevar pr. 1. august, jfr OPL. Barnetrinnet har 11 klassar i 2015. Ungdomstrinnet har 3 klassar i 7/12 og 4 klassar i



5/12. Skulen kan organisera elevane i ulike gruppstorleikar uavhengig av den økonomiske tildelinga. Det er opptil kommunen å tildela ressursar utover dette. Barneskulen har fått tildelt ekstra timeressurs for å halde fram med tidleg innsats i 4. trinn. På grunn av leiarskifte ved barneskulen i 2014 lot det seg ikke gjera å redusera assistentbruken. Samnanger har høgaste assistentbruk av samtlege kommunar. Dette tiltaket er difor ført oppatt som redusert driftstiltak i 2015. Skulen skal i løpet av året redusere ca 100 % assistentstilling som utgjer kr. 500.000.

- Når det gjeld ekstra skyss i samband med farleg skuleveg på Tyssevegen vert dette tiltaket avslutta pr 1. januar. Vegen er då ikke lenger omkjøringsveg for trafikken til Fusa.
- Ekstra midlar til innføring av prosjektet *Leseløftet* er avslutta etter implementeringsfasen.
- Opplæringsmidlar til yngre funksjonshemma er finansiert innanfor eksisterande ramme. Det vil og vera midlar til om nødvendig, endringar i uteområdet ved gamle-barnehagen.

Konsekvensjustering, reduksjonar og ressursauke er i høve til økonomiplan 2015-18.

Driftsbudsjett SBS - Driftsbudsjett netto budsjettrammer	2014	2015	Merknadar
Budsjett pr. 01.01.2014	19.298.899		
Prisjustert opprinneleg budsjett	Nei	Nei	
Konsekvensjusteringar i øko.plan Red. Assistent/SFO ressurs 100%	Ikkje gj.ført	500.000.	Nat.avgang/vikariat Skulen gjennomførar tiltaket innan utg 2015.
Konsekvensjustert driftsbudsjett			
Ressursaukingar			4-trinn - delingstimar
Driftsreduksjonar, Flytta 20% merkantil til rådmannskontoret Flytta reinhald til teknisk		78.636 1.034.991	
Totalt nettobudsjett		19.734.442	

Driftsbudsjett SUS Driftsbudsjett netto budsjettrammer	2014	2015	Merknader
Justert budsjett 31.10.2014	11.021.124		
Prisjustert opprinneleg budsjett	Nei	Nei	
Konsekvensjusteringara Endring klassetal pga elevtal 3 klassar i v-2015 og oppatt til 4 kl h-2015			
Driftsreduksjonar Flytta reinhald til teknisk		896.742	
Totalt nettobudsjett		10.280.132	

Oppsummering

Skulane våre viser gode resultat over lang tid og er godt drevne. Det er ei utfordring å ha eit elevtal som ligg om lag rundt klassedelingstalet for tildeling av økonomiske grunnressursar. Ein må derfor rekna med både deling og samanslåing av klassar i løpet av tida i grunnskulen. Skulane er inne i gode prosessar om å få til tidleg innsats der overgangen mellom barnehage og skulen er meir heilskapleg og samanhengande. Ei av dei største utordringane vert å få ei meir tilpassa opplæring og etablera samarbeidsformer på tvers av tenesteområde.

Ei riktig og god oppfølging av undersøkingane som vart gjennomførte i 2014 vil gje viktige tilbakemeldingar til både skulen og skuleeigar om den vidare kvalitetsutviklinga.

Barneskulen har ønskje om å få etablert eit nytt nærmiljøanlegg på uteområdet. Dette har det ikkje vore rom for å prioritera no, men det vil verte arbeidd for å søkje tilskot med ein eigeninnsats gjennom dugnad og tilskot frå kultur/stiftingar/friluftsorganisasjonar.

Kultur

Tenesteområde, organisasjon

Eininga sitt ansvarsområde er:
 kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv,
 kulturminne, stadnamn, kulturbasert
 næring, reiseliv, folkehelse, folkebibliotek
 og kulturskule.

Årsverk	2014	
Sum kulturkontor	200 %	2
Sum Kulturskulen	226 %	(rektor+8 stk)
Sum Folkebibliotek	77 %	1
Sum årsverk i alt	503 %	
Tal tilsette	12	

(%) fordelt på type stillingar. Pr. 1.11.14

Mål kultur 2015

Kommunen sin visjon: *"Samnanger – der du vil leva og bu"*.

Kultureininga sitt hovudmål;



- ✓ *Tenester-*
 - Auka aktiviteten med meir enn 5 nye aktivitetar spesielt for barn og unge.
 - Auka med minst 5 nye kulturaktivitetar.
 - Få auke på 10 nye elevar i kulturskulen.
 - Kvalitetsvurdera kulturskuletilbodet og bibliotektenesta gjennom å analysera resultata frå brukarundersøkingane.
- ✓ *Organisasjon -*
 - Få etablert kultureininga som ein organisasjon med tydlege mål og ansvar.
 - Mål for sjukefråvær bør ikkje vera høgare enn 3,1% i eininga.
 - Hovudansvar for å få etablert tverrfagleg samarbeidsforum, med mål om 4 samlingar pr. år.
- ✓ *Samfunn - Tiltaka her er kome fram i kommunen sin kommuneplan.*
 - Arbeide for å få gjennomført vedtak i samband med avsette Sima-Samnanger midlar.
Dette er midlar sett av til grasbane og til barn og unge.
 - Realisera tiltaka i plan for idrett og fysisk aktivitet.



Budsjett 2015 og satsing

Utfordringar –

- Den største utfordringa for eininga har vore å få auke i aktiviteten og vera meir synleg ute. Eininga må derfor spissa og strukturera arbeidet i større grad, samt vera aktiv pådrivar for arrangement.
- Ungdom og yngre vaksne har færrast tilbod i kommunen. Ei satsing her vert nødvendig.
- Arbeidet med folkehelse på tvers innanfor alle tenesteområda må verta sett meir i system, og det trengst ei koordinerande leiing og felles forståing av dette.
- Samnanger folkebibliotek lir under at lokala og tilkomsten ikkje held den kvaliteten som er nødvendig. Det er derfor ikkje mogeleg å oppfylla dei måla som er nemnt i kulturplanen og i nasjonale føringar. Ein ny heis i kommunehuset vil ikkje vera tilstrekkeleg løysing. Biblioteket må ha minst 300 m² i tilleggsareal for å få eit moderne bibliotek med god og universal plass til eksisterande boksamling, framtidige aktivitetar og arrangement.
- Det er vedtak om å ikkje ha juniordirigenten – samspeltrening- finansiert over kulturkulebudsjettet, men at det er opna for at det kan søkjast om årleg tilskot gjennom ordninga kulturmiddlar. For skulemusikken er det ei utfordring å dekka dette med tilskot og dugnad. Kommunen bør ta ei avgjerd om dette er eit tiltak som bør støttast. Dersom svaret på det er ja, bør det leggjast inn som fast løyving i kulturbudsjettet. Skal det skje må midlane hentast frå ramma til eininga ved at tilskotsmidlane vert sett ned.
- Skianlegget i Totræna har inne ein søknad om fylkeskommunale spelemidlar. Det er ønskje om å få oppgradera og utvida med både nye skiløyper og skileik-anlegg. Totræna vil med dette framstå som eit godt vinterparkanlegg både lokalt og regionalt. Den største utforringa er den därlege vegen opp til anlegget. SIL har søkt kommunen om middlar til opprusting.

Føringar

Nasjonale føringar

- Kulturlova: "...kommunen skal syta for økonomiske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for et breitt spekter av kulturverksamd lokalt".
- Ny regjering har kutta i statsbudsjettet; 1 gratis kulturskuletimen for elevar i småskulen i SFO-tida.
- Ny regjering har forslag om å kutte tilskotet til spaserstokken – kulturtilbod for eldre.
- Kulturminner og kulturmiljø; - auka satsing på kunnskap i forvaltning av kulturminne og styrking av program for bevaring.

Lokale føringar/planar/vedtak

- Kommuneplan, kulturplan og ekstra satsing på folkehelse gjennom folkehelseplanen.
- Kulturminneplan 2014-17.
- <https://www.samnanger.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId=67&FilId=1003>
- Styringsdokument – økonomiplan 2014-17.
- Vedtak OO – sak 13/68 : Vidare støtte til Samnanger skulemusikkklag - samspeltrening.
- Plan for idrett og fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-24, med vedteken handlingsplan 2015-19 – Totræna vinterpark, grasbana Hagebotnane.

<https://www.samnanger.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId=118&FilId=1210>

Hovudprioritert

- Auka aktivitet for barn og unge
- Tverrfagleg samarbeid – folkehelse
- Friluftslivets år
- Grassbane Hagabotnane
- Skianlegget i Totræna

Nå er det
din tur!

✓ *Tenestene -*

- Det er sett av 1,4 million i tilskot til SIL for å få realisert kunstgrasbane i Hagabotnane. Kulturkontoret legg til rette for søknad og skal vera pådrivar i arbeidet ilag med SIL.
- Få realisert utviding og oppgradering av Totræna vinterpark, samt arbeida for å skaffa midlar til å utbetra vegen.
- Få auka aktiviteten på arrangement og tiltak i regi av kulturkontoret. Større mangfald i kulturaktivitetane og eit breiare kulturtildelning, samt fokus på folkehelse innanfor tildelt ramme. Det skal lagast ein årleg arrangementsplan som skal følgja budsjettet.
- Analysera og kvalitetsvurdera resultata av måltala frå brukarundersøkingar.
- Få avklart om det er mogleg å få etablert nytt biblioteklokale.

✓ *Organisasjon -*

- Få etablert kultureininga som ein aktiv pådrivar til arrangement. Faste møte med lag og organisasjonar.
- Utarbeida kompetanseplan og tydeleg organisasjon.
- Hovudinitiativ til tverretatleg og tverrfaglig samarbeid innanfor folkehelse. Folkehelsekoordinator er koordinator for tverrfagleg gruppe og arbeidet med systematisk samarbeid.

✓ *Samfunn –satsing og utvikling -*

- God kvalitet på tenestene – Friluftslivets år er i 2015, og det bør visast att i samarbeid, i aktivitetar og arrangement. Eit løft ilag med folket!
- God sørvis – få samarbeid med lag og organisasjonar om arrangement og aktivitetar gjennom året. Vera pådrivar for å søkja tilskot, og formidla tilskot.
- Dråpen som symbol – halda *Visit Samnanger* oppdatert og vidareutvikla portalen.
- Rullering av kulturplanen vert utsett og gjennomført i samband med rullering av samfunnsdelen til kommuneplanen. Kulturplanen vert som ein temaplan.
- Følgja opp kulturminneplanen;
 - Safa-pipa – formidla tilskot.

✓ *Økonomi*

- Auka opp aktiviteten og ramma til kultureininga med tilskot og inntektsauke.
- I 2015 er det bruk kr. 140.000 frå Sima-fondet til aktivitetar for barn og unge. Til grasbane står det 1,4 millionar på fond.
- Det er lagt inn 40.000 frå øyremerka fond til rehabilitering av ballbingar og idrettsanlegget (teknisk sitt budsjett).

- Skulemusikklaget må søkja tilskot gjennom kulturmidlane til samspelstrening - juniordirigent. Den utgjer om lag kr 50.000 for heile året.
- Det er avsett kr. 25.000 i tilskot til brøyting av Totrænavegen. Teknisk utfører arbeidet. Søknad frå SIL om tilskot på kr. 400.000 til utbetring av vegen er ikkje lagt inn i budsjettframlegget.

Økonomi

Rammer sett i økonomiplanen for 2015-18. Auke – bruk av fond

Driftsbudsjett netto budsjetttrammer	2014	2015	Merknad
Opprinnelige budsjett pr. 1.1.2014	3.415.307		Vidareført
Prisjustert opprinnelige budsjett	Nei	Nei	
Konsekvensjusteringar			
Auke i elevbetaling indeksregulert	+ 200	Ja	
Ressursaukingar /sima-fond		90.000	
Driftsreduksjonar, salderingstiltak			Leseprosjekt avslutta
Totalt nettobudsjett		3.354.275	

Investeringsbudsjett

Forprosjektet - nytt bibliotek, vart gjennomført i 2013 og vart avslutta med eigen rapport og orientering i kommunestyret sam år. Det er ikkje lagt inn oppstatsprogram for nytt biblioteklokale i budsjettet eller i økonomiplanperioden 2015-18. Kommunen har hausen 2014 fått tilbod om leige eller kjøp av lokale på Bjørkheim. Lokala er i tråd med krav for moderne biblioteklokale, vår rapport og lagt opp etter same prinsipp som det nye biblioteket i Sveio.

Frist for tilbodet frå Bjørkheim senter er innan 31.12.14.

Saka vert lagt fram som eiga sak parallelt med budsjetthandsaminga for 2015.



Oppsummering

Kulturområdet har no etter kvart ei rekke gode planar med tiltak som skal verta realiserte. Auke i kulturaktivitetar og arrangement vert det viktigaste å få til i 2015.

Med friluftslivets år vert hovudfokuset å få til tiltak innafor dette området og folkehelse. Barn og ungdom skal ha største satsinga og høgast prioritet. Dette gjeld både faste arrangement og tiltak. Kultureininga vil vera sentral i det tverrfaglege og tverretatlege arbeidet med tidleg innsats og folkehelse.

Det vert også viktig å leggja til rette for eit godt samarbeid med SIL slik at barn og unge i Samnanger kan få gode treningsforhold på ny kunstgrasbane eller i vinterparkanlegget.

6. Investeringsbudsjett

Det er behov for 60,3 mill kroner for å finansiera framlegg til investeringsbudsjett 2015. Fleire av tiltaka på lista er tekne med i tidlegare års budsjett, men av ulike grunnar har framdrifta ikkje vorte som planlagt. Me har vald å føra opp att tiltaka, dvs. at dei summane som står i budsjettframlegget er dei midlane me har att til å gjennomføra resterande del av prosjekta. For nokre prosjekt er lånet alt teke opp. Sum nye lån i 2015 er kr 54 mill fordelt på kr 48 mill på sjukeheim og kr 6 mill knytt til avløp og vatn.

Sjukeheim: totalt ramme er på kr 122 mill inkl. moms. Dette inkluderer utgifter me har hatt dei siste åra med prosjektering. Det er inngått kontrakt med "Hent". Kontrakten er på kr 91 mill inkl mva. I tillegg til vedtatt ramme kjem byggelånsrente. Finansiering er lån, momskompensasjon og tilskot frå staten.

Renovering av 95-bygget: total ramme er på kr 875 000 inkl. moms. I tillegg kjem arbeid utført av eigne tilsette. Finansiering er næringsfondet og momskompensasjon. Dersom bygget skal totalrenoverast, vil utgiftene kome nærmere kr 4 mill.

Bu- og aktiviseringssenter: total ramme kr 8,713 mill. Finansiering er lån og momskompensasjon. Arbeidet har blitt utsett fleire gongar. I 2014 vart noko av midlane brukt til å kjøpa inn brakker til fellesareal og personalrom sidan eksisterande areal til dette vert omgjort til omsorgsbustad for ein brukar som flytter ut av lokale i sjukeheimen. I 2014 har me brukt litt pengar på å få laga ei skisse som viser at tomta er tilstrekkeleg for å dekka planane våre for utviding. I 2015 vil me arbeida ut grunnlaget for anbodsinnhenting. Planane våre – m.a. riving av "lærarbustadene" – tilseier at me må flytta på bebruarane. Me vurderer at det kan først skje når ny sjukeheim vert teken i bruk. Bygging kan derfor tidlegast starta våren 2016. Nye kalkylar tilseier at den avsette løyvinga er for lita.

Bjørkheim VVA. Total ramme på kr 12 mill eks moms på veg ca kr 1 mill, vedtak KS 31/14. Finansiering er næringsfond, Sima-Samnanger fond, momskompensasjon veg og lån. Noko av prosjektet er budsjettert i 2014, men vil bli overført til 2015. Det skal inngåast avtaler med grunneigarane i løpet av 2014.

Rolvsvåg industriområde. Ramme 2015 kr 2,624 mill inkl. moms. Den øvre del av industriområdet skal gjerast ferdig slik at tomtar kan seljast. I første omgang må offentleg infrastruktur – veg, vatn og avløp – på plass. Kor langt me skal gå i tilrettelegging av sjølve tomtene, må ein vurdera i løpet av 2015. Det er m.a. avhengig av kva me meiner vert etterspurd. Det vert budsjettert med inntekter frå sal av tomtar i 2015.

Avløp: I framlegget har me lagt inn 1 mill i 2015 og kr 1 mill i 2016. Eininga har jobba ut rapporter som viser problem med fleire slamskiljarar. Til utbetringa/nyanlegget på Bjørkheim er det sett av eigne midlar. Finansiering er lån.

Vassforsyning og avløp Eikedal. I samarbeid med Kvam herad vert det bygd ut anlegg for vatn og avløpsnett med slamskiljar i Eikedalen. Strekninga frå fylkesvegen og opp til skisenteret er ferdig i desse dagar. Samnanger kommune har i planane sine at det og skal byggjast ut tilsvarande

på strekninga ned mot Fossen Bratte. Det ligg pr. d.d. ikkje føre ein endeleg avtale med Kvam herad om fordeling av kostnad på utbygginga og på drifta. Det bestemt at Eikedalen skal vera eige avgiftsområde og det er lagt til grunn at brukarane skal betala kostnaden fullt ut. Slik sett vil det ikkje ha innverknad på budsjettet. Det haster likevel med å få på plass eit gebyrregulativ slik at dei som skal knyta seg til veit kva dei skal betala.

Samnanger har ikkje betalt for arbeidet, me fører derfor opp att tidlegare løyving med kr 7,5 mill. Me må avventa avtalen med Kvam og evaluera prosjektet før arbeidet med utbygging vidare vert starta opp.

Startlån: pr oktober er det kr 2 mill i udisponerte lånemidlar i kommunen. Det vert ikkje foreslått å ta opp meir startlån i 2015. Kommunen betaler renter og avdrag på den delen av startlåna som ikkje er utdelt. Avdrag på startlån som er utlånt vert ført i investeringsrekneskapen og blir betalt av låntakarane.

KLP eigenkapitaltilskot: Kommunen må som tidlegare nemnt betale eigenkapitaltilskot til KLP. Dette vert ført i investering, men er finansiert med driftspengar.

Fylgjande prosjekt står i budsjettframleggget:

Tiltak	Sum	Finansiert med	Merknad
Næringsareal Rolvsåg	3 249 000	Momskomp. og sal av tomtar	Føreset sal i 2015
Avløp, generelt	1 000 000	Lån	
VVA Bjørkheim	10 054 905	Lån, momskomp., fond	KS 31/14 overført frå 2014
Eikedal	7 500 000	Lån	Overført frå 2014
Bu- og aktiviseringssenter	647 000	Lån og momskomp.	Sum overført frå tidlegare år
Samnangerheimen	87 769 686	Lån , momskomp og tilskot	Basert på utbyggingskostnad 122 mill. brutto + renter
95-bygget	700 000	Næringsfondet	
KLP eigenkapitaltilskot	3 926 000	Overført frå drift	
Avdrag startlån	387 000	låntakar	

Prosjekt som ikkje er med:

Oversikten frå teknisk viser at det er mange prosjekt som burde vore gjort. Erfaringane viser at det er ikkje kapasitet i organisasjonen til å ha mange store prosjekt gåande. Rådmannen meiner det er viktig å få avslutta påbegynte prosjekt før ein startar opp med nye..

Eit av dei andre store prosjekta som kan nemnast er kjøp/evt leige av lokale til nytt bibliotek. Dersom dette skal realiserast, må det lánast meir pengar og det må frigjerast midlar i drift til å dekka renter og avdragsutgifter evt. leiga dei neste åra. Dersom biblioteket kostar kr 14 mill eks moms, vil dette gje avdrags og renteutgifter på kr 667 000 pr år. Det vert fremja eige sak om bibliotek.



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
08.10.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/12130
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

STATSBUDSJETT 2015 - KOMMUNEOPPLEGGET

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunktene i framlegget til statsbudsjett for 2015. Vi tek i innleiinga med den viktigaste endringa for inneverande år.

I brevet betyr "kommunane" primærkommunane, det vil seie ikkje kommuneforvaltninga samla.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2014

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år med i underkant av 3,0 prosent. Dei pårekna skatteinntektene er no justerte ned med kr. 750 mill. samla for kommunane i landet i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med dette justert ned frå 3,0 prosent til i underkant av 2,4 prosent.

Lågare skattevekst i år enn tidlegare pårekna, har samanheng med noko svakare vekst i norsk økonomi, også litt lågare lønsvekst.

Nedjusteringa av skatteinntektene i år skal ikkje ha innverknad på kommunane sitt inntektsnivå samla i 2015.

Prisindikatoren for kommunal tenesteyting var i revidert nasjonalbudsjett 3,0 prosent. Lønsvekst utgjer i underkant av 2/3 av prisindikatoren og var 3,3 prosent. Prisvekst på varer og tenester utgjer resten av prisindikatoren.

Prisindikatoren og pårekna lønsvekst for i år er no uendra i høve til revidert nasjonalbudsjett.

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2015

Prisindikatoren for 2015 er i framlegget 3,0 prosent. Prisindikatoren blir nytta til prisjustering av statleg rammeoverføring og øyremerka tilskot i statsbudsjettet.

Prisindikatoren består av :

Lønsvekst	3,3 prosent
Varer og tenester	2,5 prosent
Samla prisvekst	3,0 prosent

Skatteinntekter

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2014 til 2015 med 4,7 prosent. Denne auken er rekna i høve til det som no er pårekna skatteinngang for i år.

Skatteøyret for kommunane er i 2014 11,4 prosent. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir 11,25 prosent for 2015.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere 40 prosent. I denne samanheng er det mellom anna teke omsyn til uttrekk av omlag kr. 5,7 mrd. frå rammetilskot, som følgje av avvikling kommunalt medfinansieringsansvar i Samhandlingsreforma, og nye reglar for skatt av uførretrygd.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Dei frie inntektene samla i 2015 for kommunane er på same nivå som signalisert i kommuneopposisjonen. Lågare skatt i 2014 skal ikkje ha innverknad på inntektsnivået i 2015.

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2015. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell byggjer på kommunane sin reelle skatteinngang i 2013. I høve til dette grunnlaget er det justert for pårekna skatteutvikling i 2014 og 2015.

I berekning av skatteprognose for 2015 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2013 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2013. Denne skatteprognosene er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.

Kommunane kan ta utgangspunkt i prognosene for frie inntekter, men må justera for lokale tilhøve knytt til skatteutvikling. Folketalsutviklinga fram til 01.01.2015 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring.

Veksten i rammeoverføring frå 2014 til 2015 vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt :

- verknad av endringar i inntektssystemet
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endra kriteriedata og befolkning
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot

Prisjustering frå 2014 til 2015 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene.

Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2014 til 2015 med om lag 3,9 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Veksten er realauke, det vil seie at prisjustering til 2015 - kroner kjem som ei påplussing.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2014 til 2015 for ein stor del skal dekka auka ressursinnsats i kommunane til:

a) Befolkningsutvikling

Meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, mellom anna fleire eldre. Meirutgifter knytt til befolkningsveksten som må bli dekte av veksten i dei frie inntektene for kommunane kan rekna til om lag kr. 2,1 mrd. Heile denne utgiftsveksten er knytt til primærkommunane.

Pårekna meirutgifter knytt til befolkningsutviklinga som må bli dekte av dei frie inntektene er no redusert til 2,1 mrd., frå kr. 2,7 mrd. i kommuneopposisjonen. Dette skuldast nye befolkningsframskrivingar som gjer uttrykk for ei lågare befolkningsvekst enn i tidlegare framskrivingar. Redusjonen er i hovudsak knytt til pårekna nedgang i talet på barn i barnehagealder, medan det tidlegare var rekna med vekst i denne aldersgruppa.

Meirutgifter - i samband med befolkningsutviklinga - utover dei nemnde kr. 2,1 mrd., er rekna med å bli dekte av andre inntekter t.d. leigeinntekter, gebyr m.m.

b) Pensjonskostnader

Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. For kommunane kan denne meirutgelta, ut over pris-kompensasjon, rekna til om lag kr. 0,45 mrd.

Auken i pensjonspremie har samanheng med lønsutviklinga, låg rente og auka levealder. Redusert amortiseringstid for premieavvik (for nye premieavvik f.o.m. 2014) frå ti år til sju år vil ha budsjetteffekt frå 2015 og bidra til auka amortiseringskostnader og derav auka pensjonskostnader.

c) Rusproblem og psykiske lidinger

Kr. 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er knytt til behovet for å styrka dei kommunale tenestene til personar med rusproblem og personar med psykiske lidinger.

d) Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Kr. 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er knytt til behovet for å styrka helsestasjon- og skulehelsetenesta. Dette er ei ekstra satsing frå tilskotsnivået i 2014, det vil seie frå kr. 180 mill. i 2014 til kr. 380 mill. i 2015.

e) Meir fleksible barnehageopptak

Regjeringa vil arbeide for meir fleksible barnehageopptak. Kr. 100 mill. av veksten i kommunane sine frie inntekter er retta inn mot å redusera ventetida for å få barnehageplass.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2014 til 2015 med 4,8 prosent. Veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntektsnivå i år (redusert med lågare skatt). Med pårekna prisvekst i kommunesektoren på 3,0 prosent, svarer dette til ein realauke på 1,8 prosent i frie inntekter for kommunane samla i landet frå 2014 til 2015.

For kommunane samla i Hordaland (med Bergen kommune) er den nominelle veksten i dei frie inntektene rekna til 5,4 prosent. For Bergen kommune er pårekna inntektsvekst 5,3 prosent. For kommunane samla i fylket utanom Bergen, har høgare pårekna vekst i dei frie inntektene enn landsgjennomsnittet, samanheng med at fleire kommunar kjem positivt ut av omlegginga i veksttilskotet.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanheng. Utrekna prosentvekst - som nemnd i avsnittet over - i dei frie inntektene, er korrigert for oppgåveendringar, slik at endring i rammeoverføring i denne samanheng ikkje er rekna med i den nemnde prosentveksten.

I tillegg til punkta under, vil også bortfall av kompensasjon i samband med Samhandlingsreforma vere ei slik oppgåveendring.

Barnehagar

Regjeringa gjer framlegg om å auka maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehagar reelt med kr. 100,- pr. månad til kr. 2.580,- frå 01. januar 2015. Rammetilskotet til kommunane blir som følgje av dette redusert med kr. 312 mill.

Regjeringa gjer framlegg om å innføra eit minstekrav til redusert foreldrebetaling for familiær med låg inntekt. Foreldrebetalinga for ein heiltidsplass i barnehage skal årleg maksimalt utgjere 7 prosent av familien sine samla inntekter, med iverksetjing frå 01. august 2015. Det blir gitt kompensasjon gjennom rammetilskotet til kommunane med kr. 111,6 mill.

I statsbudsjettet for 2014 vart rammetilskotet redusert som følgje av at det var venta mindre etterspurnad etter barnehageplassar som følgje av auka kontantstønad for eittåringar. I revidert nasjonalbudsjett vart dette delvis reversert, slik at det i 2014 er ein netto effekt av uttrekket på rammetilskot. Dette uttrekket (nettoverknad) får ein heilårsverknad på rammetilskotet i 2015, kr. 243,4 mill. i trekk.

Heilårsverknad i 2015 av opptrappinga av minimumstilskot til ikkje - kommunale barnehagar frå 96 prosent til 98 prosent frå 01.august 2014. Det blir gjeve kr. 95,9 mill. i kompensasjon over rammetilskotet.

Auka communal eigendel i statlege barnevernsinstitusjonar

Regjeringa gjer framlegg om å auka den kommunale eigendelen ved plassering i barnevernsinstitusjonar til inntil om lag kr. 65.000,- pr. månad frå 01.januar 2015. Det er framlegg om kompensasjon i rammetilskotet for 2015 med kr. 164,8 mill.

Nytt valfag i ungdomsskulen

Det er innført 1 ½ time valfag (to «skuletimar») i veka pr. årstrinn i ungdomsskulen. Det er innført for 8.trinn frå hausten 2012, 9.trinn frå hausten 2013 og er utvida til 10. trinn frå hausten 2014.

Det blir lagt inn auka kompensasjon i rammetilskotet for 2015 for heilårsverknad av opptrappinga i 2014 for 10.trinn, kr. 98,4 mill. i kompensasjon.

Kulturskuletilbod i skulen/SFO

Ordninga med ein veketime kulturskuletilbod i skule/SFO - tida (første til fjerde barnetrinn) er avvikla frå og med skuleåret 2014 - 2015. Bortfall av kompensasjon får heilårsverknad i 2015, kr. 108 ½ mill. i trekk.

Gratis frukt og grønt

Ordninga med gratis frukt og grønt på skuler med ungdomstrinn er avvikla frå og med skuleåret 2014 - 2015. Bortfall av kompensasjon får heilårsverknad i 2015 med kr. 154 ½ mill. i trekk.

Brukstyrt personleg assistanse (BPA)

Stortinget har vedteke endringar i lov om brukar- og pasientrett frå og med 2015, som inneber ein rett til å få tenester organisert som personleg brukstyrt assistanse. Det omfattar tenester etter helse- og omsorgstenestelova for personar under 67 år. Dei samla meirkostnadene er rekna til kr. 300 mill. i 2015, aukande til kr. 500 mill. i 2016. Kommunane blir kompensert gjennom ein auke i rammetilskotet med kr. 300 mill. i 2015.

Rentekompensasjon skulebygg og symjeanlegg

Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular og symjeanlegg blir vidareført i 2015. Det er lagt opp til ei samla investeringsramme, som grunnlag for rentekompensasjon, på kr. 15 mrd. fordelt over åtte år frå og med 2009. For 2015 er ramma for skulebygg og symjeanlegg, som grunnlag for rentekompensasjon, kr. 3,0 mrd.

Investeringsramma omfattar både kommunane og fylkeskommunane. Ordninga blir administrert av Husbanken.

Samhandlingsreform

Reforma blei innført frå 01. januar 2012.

I 2012 vart det lagt inn i rammeoverføring i overkant av kr. 5 mrd. til kommunal medfinansiering og kr. 560 mill. til betaling for utskrivingsklare pasientar (2012-kroner).

Ordninga med kommunalt medfinansieringsansvar (20 prosent av utgiftene i sjukehus) blir avvikla i 2015. Kompensasjon for ansvaret for medfinansiering, om lag kr. 5,7 mrd., blir difor trekt ut av rammeoverføring til kommunane i 2015. Den samla ramma for kommunane for uttrekk er basert på pårekna faktiske utgifter til med-finansiering i 2015 dersom kommunane framleis hadde hatt dette ansvaret. Trekket mellom kommunane blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for samhandlingsreforma, ikkje faktiske utgifter til medfinansiering i den enskilde kommune.

Kompensasjon for betaling for utskrivingsklare pasientar blir i 2015 vidareført med prisjustering og fordelt mellom kommunane etter delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg.

Dognopphald - hjelp

Det blir ein plikt for kommunane frå 01. januar 2016 å tilby dognopphald for personar med behov for hjelp med ein gong. Det har vore lagt opp til ei gradvis oppbygging for å sikre at kommunane får tid til å bygge opp tenesta.

2015 er det siste året i opptrappingsplanen over fire år. Finansieringa er delt mellom halvdelen som øyremerka tilskot og halvdelen frå dei regionale helseføretaka når tilbodet er blitt etablert.

Dagtilbod demente

Det øyremerka tilskotet til dagaktivitetstilbod for demente vert styrka.

Sjukeheimspllassar og omsorgsbustader

For 2015 er det framlegg om å gje tilsegn om tilskot for om lag 2500 nye einingar med heildøgns omsorg, fordelt mellom omsorgsbustader og sjukeheimspllassar.

Maksimalt berekningsgrunnlag av investering for kvar eining er kr. 2.885.000,- i 2014. Dette grunnlaget vert auka i 2015.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyemerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei vert 67 år. Det har vore ein betydeleg auke i talet på mottakarar og utgifter pr. tenestemottakar. Staten sitt samla tilskot har difor auka mykje over fleire år, og utgiftene veks framleis mykje. Samla utbetaling var kr. 7 ¼ mrd. i 2014.

Det er lagt opp til følgjande for 2015:

- Kompensasjonsgraden blir videreført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon vert auka pr. brukar frå kr. 1010.000,- til kr. 1080.000,- for netto utgifter i 2014. Denne auken i innslagsnivå er større enn pårekna lønsvekst frå 2013 til 2014. Føremålet med auken i innslagsnivå utover lønsvekst, er å stramma tilskotsordninga noko inn.
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2015 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2014. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i same året som utgiftene har vore.

Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre), som del av rammeoversføring, blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øyemerka tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Endring arbeidsgjevaravgift

31 kommunar i landet er frå 01.juli i år overførte til sone med lågare arbeidsgjevaravgift. I Hordaland er kommunane Tysnes, Kvinnherad og Jondal overførte frå sone 1a til sone 2 frå 01.juli i år. Det blir ikkje gjort noko trekk i rammeoversføring / skjønstillskot for 2014. For 2015 blir følgjande trekk gjort i rammeoversføring (utanom skjønstillskot), som svarer til pårekna reduksjon i avgift :

Tysnes,	kr. 4,5 mill.
Kvinnherad	kr. 22,3 mill.
Jondal	kr. 2,0 mill.

Grunnlaget for pårekna avgiftsreduksjon er løn i 2012, framskriven med pårekna lønsvekst frå 2012 til 2015.

Inntektssystemet i 2015

Inntektsutjamning av skatteinntekter i høve til landsgjennomsnittet blir videreført med 60 %. Tilleggskompensasjon (35 % under skattenivå 90 % av landsgjennomsnittet) blir videreført.

Kommunane med under 3200 innbyggjarar får småkommunetilskot, dersom kommunen sitt skattenivå var under 120 prosent av landsgjennomsnittet for dei siste tre åra i gjennomsnitt.

Det er frå og med 2011 gitt ein eigen kompensasjon til kommunar som har årleg tap på over kr. 100,- pr. innbyggjar i samband med endringane i inntektssystemet i 2011. Samla kompensasjon til kommunane i landet er om lag kr. 400 mill. årleg. Denne ramma blir fordelt av Kommunaldepartementet mellom kommunane. Ramma blir videreført på same nivå i 2015 som i dei førre åra, for dei aktuelle kommunane. Fordelinga mellom kommunane ligg fast til neste revisjon av kostnadsnøklane i inntektssystemet.

Ordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet meir enn kr. 300,- pr. innbyggjar under landsgjennomsnittet frå eit år til det neste. INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstillskot.

INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerka tilskot i rammeoversføring, oppgåveendringar og endringar i kriteriedata. Endringa i distriktstilskotet for Sør-Noreg frå 2014 til 2015 og bortfall kompensasjon for kommunal medfinansiering blir også teken omsyn til gjennom overgangsordninga.

Telletidspunktet er innbyggjarar pr. 01.07. i år for innbyggjartilskot og for utgiftsutjamninga, med aldersfordeling, som grunnlag for rammeoversføring i 2015. For inntektsutjamninga i 2015 er telletidspunktet 01.01.2015. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling, er telletidspunktet 01.01.2014 for rammeoversføring i 2015.

Det er endring i ordningane for veksttilskot og distriktstilskot frå og med 2015. Tilskotsbeløp går fram av vedlagt tabell. Vi viser til nærmere omtale om endringane i vårt brev av 20. mai d.å. om kommuneopposisjonen.

For veksttilskotet er det no i framlegg til statsbudsjett lagt opp til følgjande endringar i høve til kommuneopposisjonen ;

- a) vekstgrensa vert redusert frå 1,7 prosent til 1,6 prosent av gjennomsnittleg årleg folketalsvekst dei siste 3 åra.
- b) tilskotssats for kvar ny innbyggjar ut over vekstgrensa blir redusert frå kr. 60.000,- til kr. 55.000,-.

Skjønstillskot

Fylkesmannen vil senda grunngjevinga for fordelinga av det ordinære skjønstillskotet for 2015 som e – post.

Kommunereform

Vi har i vårt brev av 20. mai d.å. om kommuneopposisjonen omtalt dei økonomiske verke-midla i reformperioden.

Det er lagt opp til at minstegrensa - med omsyn til innbyggjartal i ny kommune - for å få reformtilskot, vert teken bort. Også ny kommune med under 10 000 innbyggjarar vil få reformtilskot med kr. 5 mill.

Elles er det ikkje lagt opp til andre endringar i høve til kommuneproposisjonen med omsyn til økonomiske verkemiddel.

Med helsing

Else-Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Håvard Rød
seniorrådgjevar

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
OVERFØRING											
KR. 1.000,-											
2015											
4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15
Innb.t.	små komm.	distrisksp.	vekst	taps- komp.v/ omlegg.	ordinært skjøn	SUM ramme	oversetting	Innt.utj.	Pårekna skatt +	SUM pårekna frie	Vekt rekkestap
m/utg.utj. m/tilskot	storb.y tilskot	tilskot	tilskot								% 14 - 15
MÅLINGAR	S.-Noreg										
9 Bergen	5408583	98174	0	0	46600	15800	5569157		7426777	12995934	5,3
10 Etne	11880	0	1129	0	0	3800	123209		102563	225772	3,8
11											
12 Sveio	150672	0	0	1399	0	3800	155871		137000	292871	6,4
13 Bømlo	313708	0	0	0	3700	10400	327808		300276	628884	5,9
14											
15 Stord	408064	0	0	0	700	1900	410664		477156	887820	5,2
16 Fitjar	87153	5475	0	0	0	0	95628		77646	173274	4,9
17 Tysnes	82572	5475	0	0	0	0	92547		70756	163303	3,9
18 Kvinnherad	325118	0	9463	0	5200	7200	346981		331048	684029	2,6
19 Jondal	39757	5475	0	42	0	0	2000		47274	74733	3,4
20											
21 Odda	183721	0	8124	0	0	0	191845		187592	379837	3,6
22 Ullensvang	112808	0	5669	0	0	2500	120977		84638	205615	4
23 Eidfjord	34326	0	0	0	0	0	34326		34320	68646	5
24 Ulvik	43986	5475	0	0	0	0	49461		30357	79818	4,4
25 Granvin	34070	5475	0	0	0	1400	40945		22750	63695	2,8
26											
27 Voss	359855	0	5008	0	1800	5100	371763		358150	729913	4,9
28 Kvam	234470	0	3489	0	0	9600	247559		215457	463016	4,2
29 Fusa	116725	0	0	0	0	4800	121525		97907	219332	4,4
30 Samnanger	70522	5475	0	0	0	2200	78197		62365	140562	4,4
31 Os	426615	0	0	11979	2600	900	442094		480088	922182	8,5
32											
33 Austevoll	145635	0	0	0	0	1900	147435		144940	292375	5,4
34 Sund	163651	0	0	1208	0	900	165659		166746	332305	6,7
35 Fjell	501881	0	0	10372	2500	1700	516453		6258843	1143296	6,8

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
36	Askøy	652199	0	0	9339	400	1700	66338	686387	1350025	6,6	
37	Vaksdal	130143	0	3407	0	0	800	134350	103910	238260	3,8	
38												
39	Modalen	23773	0	0	0	0	0	23773	14873	38646	3,8	
40	Osterøy	185595	0	0	0	0	4500	190095	194817	384912	4	
41	Meland	185411	0	0	7469	0	3900	196780	189317	386097	8,2	
42	Øygarden	116565	0	0	3722	0	0	120287	120115	240402	7,1	
43	Røldøy	132235	0	0	0	0	3200	135435	126386	261821	4,6	
44												
45	Lindås	361787	0	0	0	7600	0	369387	387738	757125	5,1	
46	Austrheim	74653	0	0	0	1600	1800	78053	79873	157926	4	
47	Fedje	29700	5475	0	0	0	1400	36575	14096	50671	3,6	
48	Masfjorden	61167	5475	0	0	100	0	66742	46811	113553	3,9	
49	Ikkje fordelt	0	0	0	0	0	27000	27000	0	27000		
50	Hordaland	11315200	98174	43800	36289	45530	72800	127700	1173993	13433557	25173050	
51	Hellelandet											
52												
53												
54	Kolonne L	Vekst i have til növerande pårekna inntektsnivå 2014, lagt til grunn i statsbudsjettet										

Driftstiltak												
Kapittel : Usorterte tiltak												
Tiltak	91: 2040 Ferieavvilding i kommunale barnehagar											
Beskrivelse												
Tilsette har 5 evt. 6 veker ferie. Det er problematisk å få avvikle all ferien når barnehagen skal halde ope som i dag. Ferieopen bhg i juli har ikke vore så mykje brukt som forventa. Vi ønskjer derfor å ha stengt bhg 3 veker i juli. Det er og få som brukar barnehagene i samband med påske (2,5 dager) i romjula (2-3 dager), og me foresår at barnehagen vert stengd også då. Svært mange bhg har denne ordninga, og det sikrar både tilsette og barna sine rettar om 5 veker ferie gjennom året. Alt personale vil dermed vera pålagt å ta ut ferien sin innanfor desse dagane og kostnad til ferievikar vil det ikkje vera behov for.												
Sted												
		2015	2016	2017	2018	Totalt						
Ansvar: Barnehage (2040)												
Sum utgifter		-203 156	-203 156	-203 156	-203 156	-812 624						
Sum inntekter		0	0	0	0	0						
Sum netto		-203 156	-203 156	-203 156	-203 156	-812 624						
SUM NETTO TILTAK		-203 156	-203 156	-203 156	-203 156	-812 624						
Tiltak												
90: 3000 helsestasjonen styrking												
Beskrivelse												
I statsbudsjettet er det lagt til grunn styrking av helsestasjonenesne inkl. skulehelsetestene og jordmor. Auka stillingsressurs skal nyttast til styrking av tidleg innsats med fokus på barnehage og barneskule og tverrfagleg samarbeid. I dette ingår m.a. foreldrerettleiling.												
Sted												
		2015	2016	2017	2018	Totalt						
Ansvar: Helsestasjon (3000)												
Sum utgifter		100 844	100 844	100 844	100 844	403 376						
Sum inntekter		0	0	0	0	0						
Sum netto		100 844	100 844	100 844	100 844	403 376						
SUM NETTO TILTAK		100 844	100 844	100 844	100 844	403 376						

Tiltak	11: Form Redusert driftsutgiftter PLO
Beskrivelse	Det vert og lagt til grunn at behovet for spesielle tjenester i PLO vert redusert på slutten av perioden.

Sted	2015	2016	2017	2018	Totalt
Ansvar: Omsorgstjenesta (3110)					
Sum utgifter	0	0	-4 683 387	-4 683 387	-9 366 774
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	0	-4 683 387	-4 683 387	-4 683 387	-9 366 774
SUM NETTO TILTAK	0	-4 683 387	-4 683 387	-4 683 387	-9 366 774

Tiltak	4: Form konsekjon opprusting linja til Evanger
Beskrivelse	BKK si linje mot Evanger skal rustast opp. Det vert lagt ned mykje arbeid og pengar, og me har tildegarlagt dette til grunn for forventningar om auka eigedomsskatt. I følge takstmann Bjønnes vil opprusting av linja gi mindre verdiauke enn tidlegare føerset. Taksten tar utgangspunkt i kalkulert nyverdi. Endringa i takst kan då samsynligvis berre dreia seg om noko mindre reduksjon for slit, elde og uhensittsmessighet. Auken er sett ned i høve til økonomiplan, der den låg inne med 300.000 kroner.

Sted	2015	2016	2017	2018	Totalt
Ansvar: Skatt og rammeliiskot (9000)					
Sum utgifter	0	0	0	0	0
Sum inntekter	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000	-200 000
Sum netto	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000	-200 000
SUM NETTO TILTAK	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000	-200 000

Kapittel : Konsekvensjusterte tiltak	
Tiltak	
Beskrivelse	<p>72: Konsekvensjustert tiltak 1200.1205 (lisensavgift e-postfiltrering)</p> <p>Kommunen betalte i 2012 lisensavgift for 3-års bruk av Commendo e-postvask/filtering. Dersom avtalen skal forlengast, vert neste betaling i 2015. Kommunen bør absolutt ha e-postvask/filtering av denne/tilsvarande type. Det kan likevel vurderast om annan leverandør enn Commendo er aktuell, samt om me skal kreyja å få betala årlig avgift.</p> <p>I perioden 2012 - 2015 har me også 3-årig antivirus-avtale med Commendo. Denne kan truleg utgå frå og med 2016.</p> <p>08.10.2014 JEB.</p>

Sted	2015	2016	2017	2018	Totalt
Ansvar: Eining for interne tjenester (1201)					
Sum utgifter	80 000	0	0	85 000	165 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	80 000	0	0	85 000	165 000
SUM NETTO TILTAK	80 000	0	0	85 000	165 000

Tiltak	
Beskrivelse	<p>16: Konsekvensjustert 9000.8500 IMDI</p> <p>Kommunen får tilskot til bussetting av flyktninger tom 5.året etter busetting. Sats i 2014 er kr 70 000 for 5.året (8 stk), kr 70 000 for 4.året (1 stk) og kr 142 600 for 3.året (1 stk). 2 nye personar kom sommaren 2014, 1 barn, 1 voksen. Dette gjeld ordinært tilskot.</p>
Ansvar: Skatt og rammeti tilskot (9000)	
Sted	
Sum utgifter	0
Sum inntekter	-550 000
Sum netto	-550 000
SUM NETTO TILTAK	-550 000

Sted	2015	2016	2017	2018	Totalt
Ansvar: Skatt og rammeti tilskot (9000)					
Sum utgifter	0	0	0	0	0
Sum inntekter	-550 000	-292 200	-160 000	-140 000	-1 142 200
Sum netto	-550 000	-292 200	-160 000	-140 000	-1 142 200
SUM NETTO TILTAK	-550 000	-292 200	-160 000	-140 000	-1 142 200

Tiltak	15: Konsekvensjustert tiltak 1200.1002. Kommuneval og stortingsval.			
Beskrivelse	Kommunen har utgifter til kommuneval og stortingsval anna kvart år. Neste val er kommunevalet i 2015. Utgiftene blir lagt som tiltak for å handtere svinginger i utgiftene. Endringene i opplegget for 2015 krev meir opplæring enn tillegare. Det er rimeligeare å gjennomføra Stortingsval.			
	2015	2016	2017	2018
Sted				Totalt
Sum utgifter	112 807	0	76 820	0
Sum inntekter	0	0	0	0
Sum netto	112 807	0	76 820	0
SUM NETTO TILTAK	112 807	0	76 820	0

Tiltak	6: Eigedomsskatt			
Beskrivelse	Me er framleis usikker på kva inntekt me vil få. Kommunestyret har innverknad på dette m.a. ved fastsettling av satsen og bruk av boinfrådrag og evt. andre frådrag. I økonomiplanen var det lagt til grunn 4 mill. i kvart år. Me har no auka opp den til 4.5 mill. kroner. Taksering og arbeidet med inntøring av eigedomsskatt vart sett til 1 mill. kroner. Desse vart lånt av fond med tilbakebetaling seinare. I framleget er det lagt inn at det skal skje i 2017.			
	2015	2016	2017	2018
Sted				Totalt
Ansvar: Skatt og rammeliikset (9000)				
Sum utgifter	0	1 000 000	0	1 000 000
Sum inntekter	-4 500 000	-4 500 000	-4 500 000	-18 000 000
Sum netto	-4 500 000	-4 500 000	-4 500 000	-17 500 000
SUM NETTO TILTAK	-4 500 000	-4 500 000	-4 500 000	-17 500 000

Tiltak	3: 2030 konsekvensjustert tiltak, klasseendring i økonomiplanperioden.				
Beskrivelse					
	2014-2015: 24 + 26 + 27 = 77 = 3 klassar				
	2015-2016: 31 + 24 + 26 = 81 = 4 klassar				
	2016-2017: 26 + 31 + 24 = 81 = 4 klassar				
	2017-2018: 23 + 26 + 31 = 80 = 4 klassar				
	2018-2019: 27 + 23 + 26 = 76 = 3 klassar				
	Berekning pr oktober 2014. Klasseendring på ung.skulen kostar kr 520 000 pr år. jfr KHS. NE				
Sted	2015	2016	2017	2018	Totalt
Ansvær: Samnanger ungdomsskule (2030)					
Sum utgifter	0	300 000	300 000	-90 000	510 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	0	300 000	300 000	-90 000	510 000
SUM NETTO TILTAK	0	300 000	300 000	-90 000	510 000

Tiltak	12: 2210 konsekvensjustert tiltak, klasseendring i økonomiperioden				
Beskrivelse					
	Elevgrunnlag + antall klasser (følg budsjettårr)				
Skuleår	Elevar	Grupper			
2013-14:	29 + 34 + 26 + 23 + 27 + 31 + 24 = 194	10 gr.			
2014-15:	35 + 29 + 33 + 27 + 23 + 26 + 31 = 204	11 gr.			
2015-16:	35 + 35 + 29 + 33 + 27 + 23 + 26 = 208	11 gr.			
2016-17:	26 + 35 + 35 + 29 + 33 + 27 + 23 = 208	12 gr. (når 1.trinn er delt)			
	2017-18: 24 + 26 + 35 + 35 + 29 + 33 + 27 = 209	12 gr. (når 1.trinn er delt)			
	2018-19: 32 + 24 + 26 + 35 + 35 + 29 + 33 = 214	12 gr			
	Kostnad pr år før endring på 1 i tal klassar kr 335 000 jfr KHS pr oktober 2014.NE				
Sted	2015	2016	2017	2018	Totalt
Ansvær: Samnanger barneskule (2210)					

Tiltak					
Sum utgifter		0	130 000	335 000	335 000
Sum inntekter		0	0	0	0
Sum netto		0	130 000	335 000	335 000
SUM NETTO TILTAK		0	130 000	335 000	335 000

Tiltak					
Beskrivelse	<p>Når me no flytter saman brukarane på Skottabakken vil me ha behov for aktiv nattvakta. Kvar for seg vil brukarane ikkje ha behov for vakande nattvakta, men når den tilsette no får ansvar for 5 ulike alarmer (døralarmar, epilepsialarmar mm) vert belastninga stor. Det er ikkje mogeleg å kvile slik det er tenkt ei kvilande nattvakta skal. Sjølv med bistand frå heimetenesta er det ikkje mogeleg å leggje dette på den enkelte nattvakta. Me er i kontakt med Habiliteringstenesta, andre fagmiljø og Bedriftshelsestena for å få deira vurdering.</p> <p>Diff inkl k/n: 1156,28 x 365= kr 422 042,-</p> <p>Diff natt tillegg: kr 50 x 9,33 t x 52 veker = kr 24 258,-</p>				
76: 3100 1. Prioritet PLO Aktiv nattvakta Skottabakken					
Sted					
Ansvar: Open omsorg (3100)					
	2015	2016	2017	2018	Totalt
Sum utgifter	395 128	395 128	395 128	395 128	1 580 512
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	395 128	395 128	395 128	395 128	1 580 512
SUM NETTO TILTAK	395 128	395 128	395 128	395 128	1 580 512

Tiltak					
Beskrivelse	<p>I følgje gjeldande avtale skal det betala last etterløn i 100% stilling for perioden 1.1. - 30.4.2015 Avtalen tilseier godtgjørsle på 594500/12x5 + arbeidsgjøvaravgift. Halvparten vert lagt på barnevem og halvparten på sosial.</p>				
86: 3200 og 32014 Etterløn					
Sted					
Ansvar: Sosialkontor (3200)					
	2015	2016	2017	2018	Totalt
Sum utgifter	141 484	0	0	0	141 484
Sum inntekter	0	0	0	0	0

Sum netto		141 484		0		0		0		141 484
Ansvar: Barnevern (3201)										
Sted			141 484	0		0		0		141 484
Sum utgifter			0	0		0		0		0
Sum inntekter			0	0		0		0		0
Sum netto			141 484	0		0		0		141 484
SUM NETTO TILTAK			282 968	0		0		0		282 968

Tiltak										
22: 3110 effektivisering av drifta etter ny sjukehjem i drift										
Beskrivelse										
det er varsle irå eininga at dei ser for seg innsparinger i drifta når ny sjukehjem er bygd. Pleie, reinhald, straumbruk m.m. Mø legg heile innsparingen på plo. Me har lilen oversikt over potensiale, og vel å legge inn kr 600.000 i 2017 og 2018 TR										
Sted				2015		2016		2017		2018
										Totalt
Ansvar: Omsorgstjenesta (3110)										
Sum utgifter			0		-200 000		-600 000		-600 000	
Sum inntekter			0		0		0		0	
Sum netto			0		-200 000		-600 000		-600 000	
SUM NETTO TILTAK			0		-200 000		-600 000		-600 000	

Tiltak										
88: 1600 opplæring brannpersonell Ansvar: Stab (1600)										
Beskrivelse										
Det er krav om grunnoppplæring m.m. av alt brannpersonellet vårt. Oppplæringa starta i 2014 men største utgiftene kjem i 2015. Kostnaden er primært knytt til frikjøp. I statsbudsjettet er Samnanger tilgodesett med kr 75.000 i rammelilskotet. Fylkesmannen har i 2014 gitt ekstra skjønnsmidlar til opplæringa. Tilskotet er tenkt avsett til fond og brukt i 2015.										
Sted					2015		2016		2017	2018
										Totalt
Sum utgifter					414 628		0		0	414 628
Sum inntekter					-250 000		0		0	-250 000
Sum netto					164 628		0		0	164 628
SUM NETTO TILTAK					164 628		0		0	164 628

Kapittel : Eining for interne tenester							
Tiltak	83: 1200.1000 Utstifting av nettibrett for folkevalde						
Beskrivelse		Dei folkevalde i kommunen kan kjøpa ut sine noverande nettibrett etter inneverande valperiode (hausten 2015). Nettibretta vil då vera om lag 4 år gamle og uansett vera modne for utskifting. Det er totalt behov for utskifting av ca. 40 nettibrett. Pris pr. nettibrett (iPad) inkludert programvare og deksel vil med prisane i vår noverande innkjøpsavtale vera om lag 4000 kroner. Kor vidt me skal velja iPad eller anna nettibrett (eller eventuelt bærbart PC), må avgjerast i 2015. Frå eininga si side var det føreset innkjøp av I-pad med ein samla kostnad på 160.000 fordelt på 2015 og 2016. Rådmannen har lagt inn 80.000 kroner noko som inneber at det ikkje kan kjøpast i-pad utan at det vert løyv meir midlar.					
		2015	2016	2017	2018	Totalt	
Sted	Ansvar: Politisk nivå og revisjon (1200)						
Sum utgifter	80 000	0	0	0	80 000		
Sum inntekter	0	0	0	0	0		
Sum netto	80 000	0	0	0	80 000		
SUM NETTO TILTAK	80 000	80 000	0	0	80 000		
Kapittel : Samnanger barneskule							
Tiltak	26: 2210 reduksjon i assistentressurs						
Beskrivelse		Skulen inkl. sfo har eit stort forbruk av assistenter. Me legg til grunn at denne kan reduserast med minst 100%, 30% er lagt på SFO og 70% på skule.					
		2015	2016	2017	2018	Totalt	
Sted	Ansvar: Samnanger barneskule (2210)						
Sum utgifter	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000	-2 000 000	
Sum inntekter	0	0	0	0	0	0	
Sum netto	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000	-2 000 000	
SUM NETTO TILTAK	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000	-2 000 000	

Tiltak		19: 9000 skatteauke som landet. Ansvar: Skatt og rammetilskot (9000)			
Beskrivelse		I konsekvensjustert budsjett er det lagt inn KS sine prognosar for skatt og ramme basert på Sammanger sin gj. skattevekst dei siste 3 år. Dersom me i 2015 får ein skattevekst tilsvarende regjeringa sine prognosar for landsgjennomsnittet, vil skatteinntekt auke. Auken vil då vera på 326 000. Me legg i år langt under landsgjennomsnittet, og det optimistiske skatteanslaget i 2014 har gitt oss store utfordringar. Me har vald å auka summen med 15000 kroner.			
		2015	2016	2017	2018
Sum utgifter		0	0	0	0
Sum inntekter		-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
Sum netto		-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
SUM NETTO TILTAK		-150 000	-150 000	-150 000	-150 000

Tiltak		9: 9001 Minimumsavdrag			
Beskrivelse		Kommunen må betale minimumsavdrag på lån. Minimumsavdraga vert berekna i forhold til avskrivningar, anleggsmidlar og lånegjeld. Ny lån vil ikkje påverka kravet om minimumsavdrag på same måten som når me startar med avskrivningar. Dvs nye lån bør bli tatt opp med avdragsfrihet i heile byggeperioden. Når det gjeld eksisterande lån kan me vedta/ søke om avdragsutsetjing. I vedtaket må det stå om løpetida skal forlengast. For 2015 vil me kunne berekne nøyaktig minimumsavdrag når rekneskapen 2014 er avslutta, men føreløpige berekningar viser at rekneskapen legg opp til å betale ca 1,0 mill meir enn kravet om minimumsavdrag.			
		2015	2016	2017	2018
Sted	Ansvar: Renter og avdrag (9001)				Totalt
Sum utgifter		-1 000 000	-1 300 000	0	0
Sum inntekter		0	0	0	0
Sum netto		-1 000 000	-1 300 000	0	-2 300 000
SUM NETTO TILTAK		-1 000 000	-1 300 000	0	-2 300 000

Investeringstiltak						
Tiltak	25. 1602.2610 Renovering av 95-bygget kr 700 000					
Beskrivelse	<p>Driftsansvarleg skriv: Bygget treng opprusting innvendig. Dette gjeld delar av det elektriske anlegget - varmeovner, lyspunkt og stikkontaktar. Silitasjen er så stor at det er fare for brann. Det trengst maling og golvbelegg, kjøkkeninnretning og nokre dørar må skiftast. Anlegg for nødlys og nattlys må skiftast. Ein del mindre tiltak som garderobeskap, beskyttelse på veggar og dører i høve til flytting av senger. Bygget treng også solskjerming. 06.10.14.EK</p> <p>Eininga har forslag om tiltak på over 3,292 million kroner og 1.8 til vannboren varme. Det er i økonomiplanen lagt inn ei ramme på kr 700 000 eks mvn og evt. tilskot.. Det har ikkje vore mogleg å skaffa meir midlar, og teknisk må foreta ei prioritering på kva dei kan få gjort for desse pengane.</p> <p>Evt. eigeninnsats kjem i tillegg. Finansiering er næringstondelet.</p>					
	Totalt	Investert	Tidligere brukt	Brukt i år	2015	2016
Sum investeringer					2015	2016
Sum fond					0	0
Sum annet					0	-700 000
Netto finansiering					0	-175 000
SUM NETTO					0	0
DRIFTSKONSEKVENSER					0	0
						0

Tiltak	24: 1602.2610 Sjukøheim 2011-2016					
Beskrivelse	<p>Kontrakt med entrepenør er signert hausten 2014, og arbeidet startar opp i november. Bygget er planlagt ferdig mars 2016. Totalkostnad som inkluderer 2011-2013 + utgifter i 2014 er berekna til kr 122 000 000 inkl. moms. I finansieringa er det ikkje tatt omsyn til at ikkje alle påløpte utgifter er momsberettigata. Det er heller ikkje tatt omsyn til avgjørda om at renter i byggeperioden skal førast i investering. Dersom me legg desse på toppen, vil tåneopptaket auka. Den totale kostnadsramma inkluderer uforesette utgifter, og dersom alt går etter planen kan renteutgiftene finansierast med desse pengane.</p>					
	Totalt	Investert	Tidligere brukt	Brukt i år	2015	2016
Sum investeringer					2015	2016
					86 894 686	18 442 680
					0	0
						105 337 366

Tilbak						
Sum lån			-49 655 893	0	0	-49 655 893
Sum tilskudd			-20 145 856	-14 754 144	0	-34 900 000
Sum annet			-17 092 937	-3 688 536	0	-20 781 473
Netto finansiering			0	0	0	0
Sted	Ansvar: Renter og avdrag (9001)					
SUM NETTO			-902 000	1 056 000	2 230 080	2 342 400
DRIFTSKONSEKVENSER						4 726 480

23:1605 Prosjekt Bjørkheim VVA KS 31/14						
Beskrivelse						
Prosjektet blir budsjettet samla. Verdaket er på kr 12 mill. I tillegg kjem moms på veg på kr 1 010 000, totalt kr 13 mill. Noko av utgiftene vil kome i 2014 og dette vert estimert til kr 475 000 på veg jfr driftsansvarleg teknisk. I tillegg kjem forventa bruk kr 200 000 på vatn og kr 300 000 på avløp. Budsjettet må justerast når rekneskap for 2014 er avslutta. Det er rekna inn 50 % prosjektleiar i 4 mnd. Veg er fullfinansiert med låneopptak og bruk av fond jfr vedtak KS 31/14. Avløp er delvis finansiert med låneopptak i 2014. Vatn og avløp vil gje auka inntekter.						
Totalt	Investert	Tidligere brukti	Brukt i år	2015	2016	2017
				2015	2016	2017
Sum investeringar				12 114 905	0	0
Sum fond				-2 060 000	0	0
Sum lån				-9 140 000	0	0
Sum annet				-914 905	0	0
Netto finansiering				0	0	0
Driftskonsekvenser	Ansvar: Renter og avdrag (9001)					
SUM NETTO				55 000	232 250	253 250
DRIFTSKONSEKVENSER						263 750
Sted						
SUM NETTO						804 250

Kapittel : Konsekvensjusterte tiltak												
Tiltak	1: Konsekvensjustert 9001. KLP eigenkapitaltiltak 2015											
Beskrivelse												
Eigenkapitaltilskot blir ført i investering og er finansiert med overføring fra drift. Frå 2014 er KLP kommunen sin leverandør på pensjon. Ein del av kostnaden blir eigenkapitaltilskot som skal førast i investering med finansiering frå fond eller drift. EK-tilskotet er 0,3 % av premiereserven som er estimert til 126 682 613 (kr 380 048)) + 0,7 % av pensjonsgrunnlaget for sjukepleiarane kr 8 055 951, (kr 56 392). Totalt kr 437 000.NE												
	Totalt	Investert	Tridigere brukt	Brukt i år	2015	2016						
					2015	2016						
Sum investeringer					437 000	437 000						
Sum bruk av driftsmidler					-437 000	-437 000						
Netto finansiering					0	0						
Driftskonsekvenser												
Sted	Ansvar: Interne finansieringstransaksjonar (9002)											
SUM NETTO DRIFTSKONSEKVENSER					437 000	437 000						

Tiltak						
3: 3200 Formidling husbanklån. Konsekvensjustert 2014						
Beskrivelse						
Avdrag startlån (uttånt del) skal førast i investeringsrekneskapen og blir betalt av låntakar.NE						
	Totalt	Investert	Tridigere brukt	Brukt i år	2015	2016
					2015	2016
Sum investeringer					387 000	419 000
Sum annet					-387 000	-419 000
Netto finansiering					0	-425 000
SUM NETTO DRIFTSKONSEKVENSER					0	-425 000

Kapittel : Vatn og avløp						
Tiltak						
Beskrivelse						
18: 1600.3251-3320-3530. WVA Industriområde Øvre Rolvavåg.2015.pri.1.						
Det etablerast VVA for øvre industriområde slik at tomter kan takast i bruk/seiljast						
	Totalt	Investert	Tidligere bruktt	Brukt i år	2015	2016
					2015	2016
Sum Investeringer				0	0	0
Sum annet				3 249 000	0	0
Netto finansiering				-3 249 000	0	0
SUM NETTO				0	0	0
DRIFTSKONSEKVENSER				0	0	0

Tiltak						
Beskrivelse						
7: 1601 avløp						
Slamavskiljarar ved Sammangerheimen, Reistad og Gjerde må oppgåderast med kulfiltar slik at lukt problema kan avta.						
Slamavskiljar på Gjerde må det monterast dykker på og det må etablerast nytt tømmehull, dette er avvik som må rettast på snarast 06.10.14. EK.						
Det vert budsjettert med Kr 1 mill dei neste to åra. Teknisk lagar ein oversikt og prioriterer. Utgifter ved låneoppptak vert dekkja av auka inntekt på avløp.NE						
	Totalt	Investert	Tidligere bruktt	Brukt i år	2015	2016
					2015	2016
Sum investeringer				1 000 000	1 000 000	0
Sum lån				-1 000 000	-1 000 000	0
Netto finansiering				0	0	0
SUM NETTO				0	0	0
DRIFTSKONSEKVENSER				0	0	0

Kapittel : Bygg og uteområder						
Tiltak	5.11 1602.2346 Bu- og aktiviseringscenter					
Beskrivelse	Arbeidet med planlegging av bu- og aktiviseringscenter er forsinket. Noko av midlane vert nytta i 2014 for å få plass til fleire beboarar. Det vert lagt inn midlar til prosjektering i 2015 og resten av ramma på 8,713 mill vert lagt i 2016. Estimert utgift 2014 kr 0,5 mill. Senteret er delvis finansiert i tidlegare budsjett. NE					

	Totalt	Investert	Tidligere brukt	Brukt i år	2015	2016	2017	2018	Gjenstående
Sum investeringar					2015	2016	2017	2018	Totalt
Sum lån					647 000	7 358 000	0	0	8 005 000
Sum annet					-522 000	-5 917 200	0	0	-6 439 200
Netto finansiering					-125 000	-1 440 800	0	0	-1 565 800
Driftskonsekvenser					0	0	0	0	0
Sted	Ansvar: Renter og avdrag (9001)								
SUM NETTO					-22 000	-154 000	0	0	-176 000
DRIFTSKONSEKVENSER									

Kapittel : Andre tiltak	6: Form Tilbakebetalt forskottering 2014					
Tiltak						
Beskrivelse	Samnanger kommune har forsokt til Tyssetunellen. Dette er pengar som kommunen får tilbakebetalt, men tiidspunktet er ikkje avklart. Erfaring frå Fusa kommune har vist at pengane kan komme fordelt over fleire år. I økonomiplanen har me forutsatt at pengane blir tilbakebetalt i 2016. Dette er pengar som kommunen ikkje kan bruke i drift, men kan gå til å redusere behovet for låneopplåk og dermed indirekte redusera driftsutgiftene. Alternativt kan beløpet betalast inn som ekstraordinaært avdrag på lån, effekten på drifta vil bli den same.NE					

	Totalt	Investert	Tidligere brukt	Brukt i år	2015	2016	2017	2018	Gjenstående
Sum investeringar					2015	2016	2017	2018	Totalt
					0	7 000 000	0	0	7 000 000

Tillak						
Sum annet			0	-7 000 000	0	-7 000 000
Netto finansiering			0	0	0	0
Driftskonsekvenser						
Sted	Ansvar: Renter og avdrag (9001)					
			0	-350 000	-350 000	-420 000
	SUM NETTO DRIFTSKONSEKVENSER					-1 120 000



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Kommunestyret

Vår sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Dykkar ref.:
Vår ref: 2014/230
Vår dato: 07.10.2014

Partsbrev vedr. framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2015

Vedlagt følgjer partsbrev med vedtak i sak om budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeid for 2015. Ber om at kontrollutvalet sitt budsjettframlegg følgjer sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Kopi til:
Ordførar
Rådmann
Utvalsleiar

Arkivsak: 151
 Arkivnr: 2014/230-10
 Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	24/14	01.10.2014

Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2015**Bakgrunn for saka:**

Av "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" finn ein i § 18 formuleringa om at kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

§ 18. Budsjettbehandlingen

"Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapets/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget."

Drøfting:

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeida framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigenleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstilla direkte overfor politisk organ.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i gjeldande revisjonsavtale. Budsjettet kostnad med revisjon skal dekka både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvalningsrevisjon og selskapskontroll. I budsjettframlegget er revisjonskostnader delt på to postar. Ein post for kostnader med rekneskapsrevisjon og ein post for oppdrag bestilt av kontrollutvalet ut frå godkjende planar.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som "eit vanleg år". Det er vidare lagt inn kostnader med kurs / opplæring for medlemmane i kontrollutvalet og servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste.

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det dette i § 10:

"§ 10 Plan for gjennomføring av forvalningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvalningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden."

"§ 13. Selskapskontroll

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll."

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovedoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. Det er lovbestemt at det årleg skal gjennomførast forvaltningsrevisjon, og det skal også vera aktivitet innan selskapskontroll årleg.

Planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vart utarbeidde av kontrollutvalet våren 2012, og lagt fram for kommunestyret til godkjenning. Kommunestyret godkjende planane i møte 20.06.12. I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggast inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planane. Omfanget av slike timebaserte tenester vil ligga på om lag kr. 309.000 for samanliknbare kommunar på Samnanger kommune sin storleik.

Det er også lagt inn i budsjettet ein post for ekstra tiltaksmidlar. Dette er midlar som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, til dømes tiltak som måtte koma til utanom prosjekt frå planane og til utgreiingar som kontrollutvalet finn naudsynt å gjennomføra undervegs i året. Bakgrunnen for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera medleoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjend plan.

Prisen for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er regulert i tråd med kostnadsutviklinga som går fram av Statistisk Sentralbyrå sin indeks for andre tenester med arbeidsløn som dominerande prisfaktor. Hordaland fylkeskommune har starta ein gjennomgang av grunnlaget for dagens timepris, for å sikre at fylkeskommunen ikkje kryss-subsidierar kommunane dei er sekretariat for. Det vert teke etterhald om at timeprisen kan verta justert i tråd med dette i budsjettåret.

Konklusjon:

På slik bakgrunn tilrar sekretarialet at kontrollutvalet godkjenner framlegg til budsjett. Budsjettframlegget skal så følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Samnanger kommune.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2015.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 01.10.2014

Handsaming i møtet:

Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2015 vart gjennomgått og drøfta. Kontrollutvalet ønskte ikkje å gjera endringar i budsjettframlegget. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2015.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Vedlegg:

- Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2015

Kontrollutvalet i Samnanger kommune, framlegg til budsjett for 2015			
Tekst	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Merknader
Tapt arbeidsforteneste	10 000	10 000	
Møtegodtgjering	28 000	35 000	Møtegodtgj. rekna ut fra reglement for godtgjersle folkevalde
0.141 Arbeidsglevaravgift 14,1	5 400	5 400	
0.25 Faglitteratur, tidsskrift, avis	500	500	Kommunerevisoren til utvalslister
0.13 Matvarer	1 500	2 000	Jfm. møter i kontrollutvalet
0.25 Kursopplæring	15 000	20 000	Fagkonferanse / kurs / folkevaldoppplæring
0.07 Skyss- og kostgodtgjering	5 000	10 000	Reise ifm. Kurs/opplæring/møter
Kontingenter	1 300	1 300	Kontingen Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
			Bestilte oppdrag fra kontrollutvalet ut fra godkjende planar, samt evt.
0.25 Konsulenttjenester (bestillingar til revisjon)	165 201	309 000	ekstraordinære prosjekt som kontrollutvalet vedtek
0.25 Kjøp frå fylkeskommunen (sekretariatstjenester)	99 000	103 000	tiltråd med avtale, berekna ut frå 5 møter og kons prisauke (%)
0.25 Ekstra tilaksmidlar	0	30 000	Til ekstraordinære prosjekt, undersøkingar eller liknande
0.25 Konsulenttjenester (rekneskapsrevisjon)	165 000	170 700	tiltråd med revisionsavtale, fastpris rekneskapsrevisjon, konsumprisregulert
Melivverdiavgift	89 640	159 000	
Moms-kompensasjon	-89 640	-159 000	
TOTALT	495 901	696 900	

(*) **Fotnote:** Hordaland fylkeskommune har starta ein gjennomgang av grunnlaget for dagens timepris, for å sikre at fylkeskommunen ikkje kryss-subsidierar kommunane dei er sekretariat for. Det vert teke etterhald om at timeprisen kan verta justert i tråd med dette i budsjettet.

BUDSJETTFRAMLEGG 2015 FOR SAMNANGER KYRKJESTYRE



INNHOLD:

DRIFTSBUDSJETT FOR SAMNANGER KYRKJESTYRE 2015
Budsjett-tal.

TODELT DRIFTSBUDSJETT FOR KYRKJA
Skilnad på budsjett for kyrkjestyret og for soknerådet

LOVFORANKRING
Kva bestemmer kommunen og kva bestemmer kyrkjestyret?

BAKGRUNN/ BUDSJETTGRUNNLAG
Vedlikehald, kyrkjegardsdrift, tenester, aktivitetsnivå, administrasjon, tilsette

OM UTREKNING AV BUDSJETTRAMMA
Ramme 2014 + kjende auka utgifter for 2015

TRONG FOR UTVIDA RAMME
Nødvendige / ynskjelege vedlikehaldstiltak

TIKTAK PÅ KYRKJEGARDEN
Kyrkjestyret sitt tilsyn: Kva treng gjerast?

Budsjettframlegg - Samnanger kyrkjestyre 2015

2014 2015

Konto	Konto (T)	An-svar	Funk-sjon	Rekn.tom aug 2014	Budsjett	Revidert budsjett		Kommentarer
Administrasjon								
30100	Fastlon	110	041	304 977	487 900	487 900	492 500	Lenn kyrkjeverja og sekretær Kyrkjeverja ujustert
30508	Telefongodtgjersle	110	041	1 272	3 000	3 000	2 000	
30800	Møtegodtgjering	110	041	5 870	40 000	40 000	60 000	Sokneråd og AU, valvakter 20 000
30900	Pensjonsinnskot - KLP	110	041	55 427	85 000	81 000	81 500	16.55 %
30950	Tr. pliktig forsikringsordning	110	041	1 348			1 500	
30990	Arbeidsgjevaravgift	110	041	52 014	86 400	86 400	86 600	
31000	Kontormateriell	110	041	5 624	10 000	10 000	10 000	
31200	Anna forbruksmateriell	110	041	0	1 000	1 000	3 000	Auke grunna val
31201	Matvarer	110	041	2 286	4 000	4 000	4 000	Sokneråd og adm. mete
31300	Post,bank,datalinje	110	041	11 466	25 000	25 000	25 000	Gebry bedriftsbank, porto TOutsendinger
31301	Telefon	110	041	8 307	12 000	12 000	12 000	
31400	Annonse, reklame, inform.	110	041	16 108	20 000	20 000	30 000	Auke grunna bilingslysinger og valinfo (5000)
31500	Opplæring/ kurs/stabsutvikling	110	041	14 114	6 000	6 000	10 000	Treng stabsutvikling /kurs
31600	Utg.godtgj.,reise, dlett, bil	110	041	3 817	5 000	5 000	8 000	
31850	Forsikring	110	041	10 836	5 500	5 500	10 000	Innbuaforsikring .
31851	Forsikring av personar	110	041	12 179	11 000	11 000	12 500	Forsikring for alle tilsetta + ansvarforsikring friv.
31950	Avgifter, gebry, lisensar m.m	110	041	47 904	50 000	50 000	52 000	KA 16 524 kr Kirkeleda 8000 og Medarbeideren 3000. Leige val 2000
32000	Innbu og utstyr	110	041	0	10 000	5 000	10 000	Datamaskiner 8000. Hylle og bord
32200	Leige, leasing kjop av maskiner	110	041	6 687	10 000	5 000	10 000	Ny større kopimaskin. portomaskin
32400	Serviceavtalar og reparasjoner	110	041	0	5 000	5 000	5 000	Agresso
32401	Driftsavtaler	110	041	1 690	4 200	4 200	4 200	EDB lemn
32700	Konsulentteneste	110	041	6 297	6 200	6 200	6 500	Revisjon
33900	Kalk.ulg.ved komm. tenester	110	041	0	80 000	40 000	40 000	Rekneskap og drift/ bøyting
34290	Mva - momskompensasjon	110	041	18 859	30 000	30 000	30 000	
35700	Overf.til investeringsrekneskaperen	110	041	8 369	7 500	7 500	8 500	KLP (0.3% egenkapitaltilskot)
	Sum utgifter	110	041	595 451	1 004 700	950 700	1 014 800	
36200	Anna avg.fri sal av varer/tenester	110	041	0	-1 000	-1 000	-500	Telefon og kopiering
37290	Momsrefusjon drift	110	041	-18 859	-30 000	-30 000	-30 000	
37804	Overført frå trusopplæring	110	041	0	-15 000	-15 000	-15 000	For lysinger, porto og kontormateriell
37900	Kalk.innt.ved komm. tenester	110	041	0	-80 000	-40 000	-40 000	
38000	Statleg tilskot	110	041				-29 000	Tilskot til val (33 000 ved færre val)
38300	Kommunalt tilskot	110	041	-1 175 419	-878 700	-864 700	-900 300	
	Sum inntekter	110	041	-1 194 278	-1 004 700	-950 700	-1 014 800	
	Resultat Administrasjon			-598 827	0	0	0	
Kyrkja på Åland								
				2014		2015		
30100	Fastlon	121	042	167 344	255 600	255 600	267 300	Len kantor 25% og kyrkjeterar 40%
30101	Helge/faste tillegg	121	042	8 326	30 000	30 000	27 200	
30200	Vikarer	121	042	2 569	18 000	18 000	20 000	
30300	Ekstrahjelp	121	042	2 937	5 000	5 000	5 000	
30508	Telefongodtgjersle	121	042	618	1 000	1 000	1 000	
30600	Trekpliktig godtgjersle	121	042	3 248	6 500	6 500	6 500	Skyss kantor
30900	Pensjonsinnskot - KLP	121	042	32 956	49 600	47 200	52 900	
30908	Tilbakefort pensjon KLP	121	042	-1 092			0	
30950	Tr. pliktig forsikringsordning	121	042	1 362			1 500	
30990	Arbeidsgjevaravgift	121	042	30 776	47 200	47 200	52 600	
31200	Anna forbruksmateriell	121	042	3 540	5 000	5 000	5 000	
31600	Utg godtgj. reise, diett, bil	121	042	567	500	500	800	
31800	Energiutgifter	121	042	43 268	90 000	90 000	90 000	Rekneskap 2013: 85 500
31850	Forsikring	121	042	26 716	26 000	26 000	27 000	
31950	Avgifter, gebry, lisensar m.m	121	042	3 642			3 700	Årsavgift brannalarm
31951	Kommunale avgifter	121	042	6 012	8 000	8 000	8 500	Vassavgift
32000	Innbu og utstyr	121	042	25 364	45 000	8 000	8 000	Ovn til våpenhuset vaskeutstyr
32300	Vedlikehald og nybygg	121	042	0	25 000	20 000	20 000	
32400	Serviceavtalar og reparasjoner	121	042	14 901	15 000	10 000	22 000	Ikke orgelstemming i 2014. Service brannalarm
33803	Overført til SOR, klokkar	121	042	0	27 000	27 000	27 500	Len og tillegg
34290	Mva - momskompensasjon	121	042	19 062	30 000	30 000	30 000	
35900	Avskrivningar	121	042	52 738	50 000	50 000	56 000	
	Sum utgifter Åland	121	042	444 854	734 400	685 000	732 500	
37290	Momsrefusjon drift	121	042	-19 062	-30 000	-30 000	-30 000	
38300	Kommunalt tilskot	121	042	0	-654 400	-605 000	-646 500	
39900	Motpost avskrivningar	121	042	-52 738	-50 000	-50 000	-56 000	
	Sum inntekter Åland	121	042	-71 800	-734 400	-685 000	-732 500	
	Resultat Åland			373 054	0	0	0	

	Kyrkja på Haga		Rekn.tom aug 2014	Budsjett 2014	Revidert bud. 2014	2015	
30100	Fastløn	122 042	144 209	222 200	222 200	231 200	Løn kantor 25% og kyrkjeterar 32%
30101	Helgefaste tillegg	122 042	11 655	20 000	20 000	22 200	
30200	Vikarer	122 042	3 901	10 000	10 000	10 000	
30300	Ekstrahjelp	122 042	1 693	10 000	5 000	5 000	
30900	Pensjonsinnskot - KLP	122 042	28 562	42 200	40 400	44 500	
30908	Tilbakeført pensjon KLP	122 042	-710			0	
30950	Tr.pliktig forsikringsordning	122 042	923			1 000	
30990	Arbeidsgjevaravgift	122 042	26 823	40 100	40 100	44 200	
31200	Anna forbruksmateriell	122 042	7 201	10 000	10 000	12 000	Lys, blomar, reinholds materiell. Auka bruk av kyrkja.
31800	Energiutgifter	122 042	27 333	60 000	60 000	60 000	
31850	Forsikring	122 042	38 258	39 000	39 000	39 000	
31950	Avgifter, gebyr, lisensar m.m	122 042	3 598			3 700	
31951	Kommunale avgifter	122 042	15 911	18 500	18 500	18 000	Vass/ kloakk avgift ca 6000 + Boss ca 12 000 (Låste dunkar)
32000	Innbu og utstyr	122 042	3 206	5 000	5 000	8 000	
32009	Inventar utstyr prosjektnamsamling	122 042	15 283	0	0	0	Ikke budsjettet her. Går frå soknekassen
32300	Vedlikehald og nybygg	122 042	6 442	25 000	19 000	20 000	
32400	Serviceavtalar og reparasjonar	122 042	7 650	7 000	7 000	7 000	ca1200 mnd.kontroll brannanlarm, pianostemming
32500	Materiale til vedlikehald	122 042	0				
32600	Reinhald, kjøp av tenester	122 042	598	4 000	4 000	1 000	Matter
33803	Overført til SOR, klokkar	122 042	0	27 000	27 000	27 500	Løn og tillegg
34290	Mva - momskompensasjon	122 042	22 183	30 000	30 000	30 000	
35900	Avskrivningar	122 042	137 660	137 700	137 700	137 700	
	Sum utgifter Haga	122 042	502 379	707 700	694 900	722 000	
			0				
36300	Husleigeinntekter	122 042	0	-2 000	-2 000	-2 000	
37290	Momsrefusjon drift	122 042	-22 183	-30 000	-30 000	-30 000	
38300	Kommunalt tilskot	122 042	0	-538 100	-525 300	-549 300	
39900	Motpost avskrivningar	122 042	-137 660	-137 600	-137 600	-137 700	
	Sum inntekter Haga	122 042	-159 843	-707 700	-694 900	-719 000	
	Resultat Haga		342 536	0	0	3 000	
	Kyrkjegarden		2014		Revidert	2015	
30300	Ekstrahjelp	130 043	0	2 000	2 000	3 000	Gravsteinar bolting og retting
30309	Lønn gravstell	130 043	0	17 200	17 200	18 400	Stell betalt av gravlegat, 27 graver
30900	Pensjonsinnskot - KLP	130 043	0	3 000	3 000	3 000	
30990	Arbeidsgjevaravgift	130 043	0	2 800	2 800	3 000	
31209	Utgifter til stell av graver	130 043	3 048	5 000	5 000	7 000	Auka standard
31800	Energiutgifter	130 043	5 649	15 000	15 000	15 000	Kyrkjegardhus og tining av graver (veravhengig, store variasjonar)
31850	Forsikring	130 043	0	1 500	1 500	1 500	
31951	Kommunale avgifter	130 043	0	0	0	0	
32000	Innbu og utstyr	130 043	0	5 000	5 000	7 600	Reiskapshyller
32300	Vedlikehald og nybygg	130 043	0	20 000	20 000	20 000	
33803	Overført til administrasjon	130 043		0	0	0	
34290	Mva - momskompensasjon	130 043	3 056	5 000	5 000	5 000	
35000	Renteutgifter	130 043	0	5 000	5 000	7 000	
35900	Avskrivningar	130 043	114 648	115 000	115 000	115 000	
	Sum utgifter Kyrkjegarden	130 043	126 400	196 500	196 500	205 500	
	Resultat Kyrkjegarden		8 696	0	0	0	
	Anna kyrkjeleg verksemd		2014		Revidert	2015	
31101	Konfirmantoppplæring	140 044	26 491	45 000	40 000	40 000	
31104	Kyrkjemusikalisk arbeid	140 044	1 781	2 000	2 000	2 500	Permen - notar
31200	Anna forbruksmateriell	140 044	671	2 000	2 000	2 000	Velferdstiltak
32000	Innbu og utstyr	140 044	0	6 000	0	6 000	Strykefrie konfukapper, 5-6 stk kvar år
32600	Reinhald , kjøp av tenester	140 044	0	6 000	6 000	4 000	Rens konfirmantukapper, ned om me kjøper strykefrie
34290	Mva - momskompensasjon	140 044	2 548	4 000	4 000	4 000	
	Sum utgifter anna kl. verksemd	140 044	31 492	65 000	54 000	58 500	
	Resultat anna kl. verksemd		30 043	0	0	0	
36101	Innbetalt konfirmantoppplæring	140 044	1 100	-30 000	-30 000	-27 600	23 konf x 1200, fleire i årskulla som ikkje høyrr til DNK
37290	Momsrefusjon drift	140 044	-2 548	-4 000	-4 000	-4 000	
38300	Kommunalt tilskot	140 044	0	-31 000	-20 000	-26 900	
	Sum inntekter anna kl. verksemd	140 044	-1 448	-65 000	-54 000	-58 500	
	Resultat anna kl. verksemd		30 043	0	0	0	

BUDSJETTFRAMLEGG 2015 - SAMNANGER KYRKJESTYRE

TODELT DRIFTSBUDSJETT FOR KYRKJA

Dette er driftsbudsjett for Samnanger kyrkjestyre, (soknerådet som "fellesråd"). Det er den delen av kyrkjebudsjettet kommunen løyver midlar til og som er delt opp i administrasjon, kyrkjer, kyrkjegard og anna kyrkeleg verksemd. Kommunen sitt økonomiske ansvar er definert av kyrkjelova § 15. (Sjå under)

Budsjett for Samnanger sokneråd, vert fremja og handsama som eiga sak i soknerådet. Soknerådsdelen av budsjettet skal ikkje fremjast for kommunen. Soknerådsdelen er avgrensa til forvaltning av offer, andre innsamla midlar og andre inntekter og utgifter knytt til kyrkjelydsarbeidet. Trusopplæringsarbeidet vert og ført i soknerådsdelen av budsjettet. Dette er finansiert av statstilskot gjennom prostiet og av innsamla midlar.

LOVFORANKRING

Samnanger kyrkjestyre (soknerådet + ein communal representant) er fellesråd i Samnanger etter kyrkjelova § 14. Kyrkja i Samnanger er eiga forvaltingseining og eigen «juridisk person» på same måten som Samnanger kommune. Kyrkja er på denne måten ikkje ei communal eining slik som t.d. skulane. I fylgje kyrkjelova er det kyrkjestyret si oppgåve å fordela midlar på kyrkjebudsjettet. Kommunestyret skal bestemma kor stor ramma til kyrkja skal vera.

Kommunen har etter kyrkjelova økonomisk ansvar for drift av kyrkja. Utgiftene er spesifiserte i § 15, og skal dekka: drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardshus, gravplassar, driftsutgifter for fellesråd og sokneråd, utgifter til stillingar for kyrkjetenar, klokkar, organist/kantor og kyrkjeverje, utgifter til administrasjon konfirmasjons-opplæring og kontorhald for prestar. I tillegg skal fellesrådet sitt budsjettframlegg også omfatta utgifter til kyrkeleg undervisning, diakoni, kyrkjemusikk og andre kyrkelege tiltak i sokna, seier lova. «Utgiftsdekningen skal gi grunnlag for at det i soknene kan holdes de gudstenester biskopen forordner, at nødvendige kirkelige tenester kan ytes, at arbeidsforholdene for de kirkelig tilsatte er tilfredstillende og at menighetsråd og fellesråd har tilstrekkelig administrativ hjelp.»

Samnanger sokneråd/ Samnanger kyrkjestyre sine oppgåver er gjeve i kyrkjelova §9 og §14.

BAKGRUNN / BUDSJETTGRUNNLAG

Kyrkja kan ikkje redusera aktivitetsnivået på gudstenester, gravferder, vigslar og slike lovpålagde ting. På trusopplæringsområdet har aktiviteten auka kraftig dei siste åra. Når trusopplæringsplanen skal setjast ut i livet, skal det vera trusopplæringstiltak for alle aldersgrupper frå 0-18 år. Planen skal inn til endeleg godkjenning i november 2014.

Sjølv om me har fleire små stillingar som går på trusopplæring, må dette arbeidet for ein stor del baserast på frivillige medarbeidarar. Men det utløyser også større behov for reinhald, meir administrasjon og høgare kontorutgifter i tillegg til auka utgifter til trusopplæringsmateriell som går av soknerådet sitt budsjett.

I kyrkja på Haga skjer det noko nesten kvar dag. Her har me ei kyrkjetenarstilling på 32% som i tillegg til reinhald også skal dekka gudsteneste annan kvar søndag. Dette er altfor lite. For å bøta på dette, har no kyrkjetenaren på Ådland 10% av si stilling på Haga, men det er likevel ynskjeleg å utvida stillinga på Haga noko.

For kyrkja er det viktig å arbeida vidare med å få på plass ei god **forvaltning av lovpålagde oppgåver**. Dette gjeld både kyrkje og kyrkjegardsforvaltning, andre administrative oppgåver, gudstenester, andre kyrkelege handlingar og ansvaret for det kristne arbeidet i kyrkjelyden. Me opplever at det er for små stillingar i høve til arbeidsoppgåvene, når det gjeld administrasjon. I KA sin brosjyre «kyrkje og kommune» side 15 står det: «Fellesråda i dei store kommunane har ofte eigne fagstillingar innanfor for eksempel økonomi, eigedom og personal. I dei mindre kommunane vil ofte kyrkjeverja ha ansvaret for heile breidda av verksemda. Sjølv i dei små kommunane er det derfor ønskjeleg at kyrkjeverjestillinga er på full tid. Det er kommunen sitt ansvar å løyve midlar til nødvendig kyrkeleg administrasjon. Utgangspunktet ved etablering av Den norske kyrkja som eigen forvaltingseining, var at administrative ressursar skulle vera på høgde med anna offentleg forvaltning.»

Kyrkjestyret ynskjer å utvida rammene til administrasjon for å auka både kyrkjeverjestillinga og sekretærstillinga noko. (Sjå «trong for utvida ramme»)

Stillingar i Samnanger sokn i 2013:

Løna av kyrkjestyrebudsjettet:	Kyrkjeverje 80% Kantor 50% Kyrkjetenar på Ådland 40 % (Jobbar 10% på Haga) Kyrkjetenar på Haga 32 % Sekretær 30% Timehjelp til vaktmeistar-arbeid og ekstra reinhald.
Løna av soknerådsbudsjettet:	Kyrkjelydspedagog 50% Barnearbeidar 40% Timehjelp til trusopplæring - kompis
Løna av statlege midlar:	Sokneprest 100% stilling - Administrert av prostiet. (Gjer også vikartenester der.)

Kyrkja har i tillegg rundt 70 frivillige medarbeidrarar som gjer små og store tenester i gudstenester, diakoniarbeid og trusopplæring.

Tenesteyting

Kommunen tek seg av rekneskapsføring og lønnskøyring for kyrkja. Dei brøyer ved kyrkjene og i 2012 vart kyrkja også tilknytt kommunen si IKT – teneste. Desse tenestene skal synleggjera i budsjettet, og har gjennom mange år lege inne med 40 000 kr som «kalkulerte utgifter ved kommunale tenester». Denne summen burde vore justert. Me skal kunna kjøpa tilsvarende tenester andre stader for det som står her, og det er tvilsamt og me kan kjøpa alle desse tenestene til den prisn. Sidan kyrkjestyret ikkje har arbeidd med å henta inn prisar på desse tenestene, står tenesteytinga likevel ujustert i år også.

Drifta av kyrkjegarden er overteken av driftseininga ved Samnanger kommune. Kyrkja har framleis ansvar for administrasjon, bygningane og gravlegata med stell av graver. Dei har også etter lova tilsynsansvaret. Det vert i budsjettet ikkje gjeve kommunalt tilskot til kapitlet, men det kan diskuterast om dette bør førast på ein annan måte, då det no ser ut som det er kyrkjegardhusa me finansierer med inntekt frå festing av graver, medan utgifter til administrasjon av kyrkjegarden ikkje vert synleggjord i det heile. Tenesta kommunen gjev soknerådet, skal også setjast ein pris på, som kjem fram i budsjettet. Dette vil ikkje påverka ramma, då dei vert førde både som inntekt og utgift innanfor budsjettet.

OM UTREKNING AV BUDSJETTRAMMA

Ramma for 2015 er rekna ut på grunnlag av ramma for 2014.

- Det er lagt til lønsauken etter tariffoppgjeren i 2014 inkl. avgifter og pensjon og pott for lokale forhandlingar. Auken er sett i høve til budsjettet for 2014. (Lønsforhandlingar med kyrkjeverja er ikkje gjort pr.9.10.14. Det er gjort vedtak om at budsjettet skal justerast for auke i løna til kyrkjeverja.)
- Budsjettet er justert for meirkostnader t.d. avgifter, i samsvar med rekneskapen for 2013 og kjend auke i utgifter for 2014.
- Vedlikehaldspostane i budsjettet, held berre til vanleg, mindre vedlikehald. Dei store tiltaka kjem med i spørsmål om utviding av ramma.

Utrekninga av ramma:

Kommunalt tilskot 2014	2 015 000
Auka lønsutgifter for 2015 - (- kyrkjeverja)	53 100
Auke kontorutgifter, leige av kopimaskin, portomaskin, lysingar	8 500
Auke gebyr/ lisensar	20 200
Auka utg. forbruksmateriell, reinhald, kyrkjelys osb.	8 000
Konfirmantopplæring (Kappekjøp + mindre inntekter)	6 400
Forsikring	7 000
Auka utgifter kurs, reis	4 800
Ramme for budsjettframlegg 2015	2 123 000

TRONG FOR UTVIDA RAMME

Fast vedlikehaldspott til kyrkja?

Kyrkja har små rammer i det ordinære budsjettet til utstyr, inventar og vedlikehald. Kyrkja treng difor tilleggsløyvingar for å kunna gjennomføra tiltak med større kostnad. Det som hadde vore ynskjeleg, var at ramma vart fast utvida med ein større sum til vedlikehald. Så kunne ein gjennom eit vedlikehaldsprogram, veksla mellom nødvendige, store vedlikehaldsprosjekt på dei ulike bygga. Midlar som ikkje vert brukte eit år, måtte då kunna setjast av til seinare bruk. Slik kan ein spara opp til store tiltak som måling av kyrkjene. Då vil kyrkjestyret på ein langt betre måte kunna administrera vedlikehald av bygga dei har ansvar for og kommunen vil også ha ei meir stabil overføring til kyrkja. Ei slik auke må vera på minst 100 000 kr i året. Saman med budsjetterte vedlikehaldsmidlar, vil ein då ha 160 000 kr til vedlikehald årleg.

Me har til neste år store, nødvendige ting me bør gjera. Desse postane ligg ikkje inne i kyrkja sitt budsjettframlegg for 2015, og krev utvida budsjettramme frå kommunen for å verta realiserte.

Prioritert liste over tiltak, vedlikehald og utstyr som det vert søkt om utvida ramme til:

1	Montering av utvendig brannalarm på kyrkja på Ådland Det har tidlegare vore sett av midlar til montering av utvendig brannsikring av kyrkja på Ådland. 40% av alle kyrkjebrannar er påsette, og kyrkja på Ådland ligg utsett til ved ein trafikkert veg. Då me sökte om godkjenning for montering av alarmen, påla riksantikvaren /bispedømet oss å montera to sløyfer med deteksjonskabel i staden for ei. Prisen vart då tilsvarende høgare, og me hadde ikkje midlar til å få gjort det. Pris 2013: 66 267 eks. mva. Me har vel 10 000 på fond til dette, og 10 000 i støtte frå banken.	55 000
2	Reparasjon av tak på bårehuset. Rotne lekter, lause heller. Taket må takast ned, det må bytast lekter og papp for så å leggja hellene opp att.	45 000
3	Utviding av stillingar. 10% kyrkjeverje, 10% sekretær og 5% kyrkjetenar Haga.	135 000
4	Planlegging av ombygging til handikaptoalett i bårehuset. Teikningar for anbud. V. herretoalett og gamalt reiskapsrom.	20 000
5	Utskifting av lysarmatur i kyrkja på Haga. Ca 20 lampar er øydelagde, og armaturen må skiftast. Er forelda, difor må ein skifte heile felt, for at dei skal verka saman med lysstyringa. Pris alt etter kor mange me skiftar ut.	80-150 000
7	Nye lyskastarar til flauimlys på Ådland. Dei gamle er därlege, ustabile og vanskelege å få til å lysa og brukar 1000W pr. lampe. Me har 5 stk, men har ikkje brukt meir enn 3 for å spara straum. Dei nye lampane vil vera på 400 W sjølv om dei er like lyssterke som dei gamle. Pris for 5 stk.	15 000
6	Nytt sikringsskåp i kyrkja på Ådland. Det gamle er fullt, der er ikkje råd å få plass til fleire kursar. Det er fullt av gamle og nyare system, og er ikkje etter dagens standard. Skal me byta, må me byta heile skåpet, for det går ikkje an å festa dei nye systema i det gamle skåpet iflg. elektrikar. Varmepumpa eller andre nye installasjonar, kan ikkje setjast i drift, før me har fått dette på plass.	80-100 000
8	Lakkering av golv i kyrkja på Ådland	40 000
9	Ringjeanlegg på Ådland. Trappene opp til tårnet er ikkje godkjende for arbeidstakarar å bruka. Det er berre folk med opplæring i å ringja med tau som kan vera vikar for kyrkjetenaren. Ringing er tungt arbeid, og me treng to personar til å ringja når det er helgeringing. Desse skal ha løn med helgetillegg for to timer. Ved eit automatisk ringjeanlegg kan ein ringja, kima, slå bedeslag og opna luker berre ved å trykkja på ein knapp. Det er også fjernstyring for bruk på kyrkjegarden under gravferder.	150 000
	Sum alle tiltak	620 -710 000

TILTAK PÅ KYRKJEGARDEN

Sidan kyrkjestyret framleis har overordna ansvar og tilsyn med kyrkjegarden, vil me peika på noko som bør gjerast der også, sjølv om dette ikkje kjem inn under vårt budsjett lenger.

Me vil sterkt rå til at det vert løyvd pengar til :

- Å sjekka opp i endringar i vasstrykk, som gjer at den utvendige brannslangen ikkje verkar som før.
- Å reparera murane som raser ut og sekk ned fleire stader
- Å reparera gjerdet ved den nye gravplassen. Dette sig ut og treng måling.
- Å laga ei grøft langs vegen ved felt 7, der det er mykje vatn i grunnen.
- Å laga ei grøft på oppsida av kyrkja, ved inngangen, for å få vekk vatnet som står der. Fleire graver kan ikkje nyttast, og me har opplevd at vatnet går inn i kyrkjemuren under våpenhuset. Her bør også takvatnet leggjast i grøfta. (Nedløp frå takrenner går rett på bakken.)
- Å heva vegen som går frå sakristia ned mot den nyaste delen av den gamle kyrkjegarden. Denne er no lågare enn terrenget rundt og det vert lett ståande vatn her. (Hålke om vinteren.) Kumloka stikk opp og er i vegen for brøyting.
- Å leggja takvatnet/ nedløpsvatnet i grøft på nedsida av kyrkja. Her er fleire renner som sprutar vatnet ned langs kyrkjemuren og ned på bakken. Særleg om vinteren er dette bale, då dammane frys og vegen kan verta glasert.
- Å få laga til ein skikkeleg komposteringsplass, slik at planteavfall kan verta kompostert i staden for å verta sendt med bossbil.
- Å laga ein finare vasspost og hyller for kanner.
- Å byrja utskifting av benkane på kyrkjegarden. Desse er därlege og stygge. (Om det skulle verta meir inntekter på kyrkja sitt kyrkjegardsbudsjett enn budsjettet, kan dei brukast til slike ting.)



Informasjonsnotat / orientering

Frå:

Arnved Soldal Lund

STATUS FOR DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN

<i>Saknr/Journalnr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Dato:</i>
12/703/14/7372/KUL/ASL	FE-233	04.12.2014

Økonomi:

Nytt for 2014 er at det er fylkeskommunane som fordeler tilskot til kommunane frå Den kulturelle spaserstokken. Samnanger kommune sendte inn søknad om kr 57 100,- frå Den kulturelle spaserstokken ved Hordaland fylkeskommune, med frist 1. september 2014. Hordaland fylkeskommune, kultur- og ressursutvalet, vedtok i møte 21. oktober å tildele Samnanger kommune kr 29 000,-. Dette er halvparten av midlane me søkte om.

Den kulturelle spaserstokken i Samnanger kommune har inneverande år hatt eit overforbruk på kr 2175,- og har pr. 25.11.14 kr 26 825,- på fond. Tiltaka som har fått støtte skal vera gjennomførte innan 31. desember 2015. Det vil sei at desse pengane i utgangspunktet skal vara fram til slutten av 2015.

Tiltak:

I søknad om midlar måtte ein søka om spesifiserte tiltak.

Det vart søka om midlar til i alt 7 tiltak:

- Trommesirkel
- Syng med, trø dansen, sving deg i valsen (2 besøk)
- Måleverkstad
- Syng med oss
- Konsert frå CD-plata *Solrenning*
- Konserthen Golden 60th

Av dei nemna tiltaka er det laga avtale med tre av dei om gjennomføring. Dette gjeldt:

- 1) Trommesirkel for eldre på institusjon 16. desember 2014
- 1) Konsert av CD-plata *Solrenning* for alle 55+ i kyrkja på Ådland 22. januar 2015
- 2) Syng med oss v/Anne-Lise for eldre på institusjon éin gong i veka hausthalvåret 2014

Utgiftene for tiltak 1), 2) og 3) er kr 22 955,- (eks reise). Attverande midlar fram til 31. desember 2015 etter desse utgiftene vil då vera ca kr 3870,-.

Kulturkontoret kan finansiera ”Syng med oss” vårhalvåret 2015, men må finna andre løysningar for hausthalvåret 2015.

Den kulturelle spaserstokken si framtid

Ordninga med Den kulturelle spaserstokken har ei uviss framtid. Det ser ut til at ordninga får fortsetja i 2016, men det er ikkje sikkert på noverande tidspunkt.

Tilleggsopplysning: Nettverket Kultur for eldre

Kultur for eldre er eit samarbeid mellom kommunane Fusa, Samnanger, Kvam og Os for å styrka kulturtildeling for eldre med høgt fagleg nivå. Kommunane er i nettverksmøte to gongar årleg der innhald er fagleg påfyll, utveksling av erfaringar og utvikling av turnear. Saman søker kommunane om tilskot frå til blant anna turnear. I 2014 er turneane ”Så lenge skuta kan gå” og ”Då sjøen var vegen” gjennomførte. Det skal vera møte i gruppa i starten av 2015, og det vert då planlagt kva som skal gjennomførast i 2015.